

**Sigrid Bø og Turid Følling Eilertsen**

**”VÅRT HJERTE VET, VÅRT ØYE SER”  
KULTURVERN I NORGE**

Oslo 2004

Boktittelen ”Vårt Hjerte vet, vårt Øye ser” er henta fra *Vi ere en Nasjon vi med.* av Henrik Wergeland.

”Vårt Hjerte vet, vårt Øye ser”

ISBN: 82-300-0088-3

Omslag: KOLOFON AS

Forsidebilde: Inngangsdøra til eldre hus i Arendal. Foto Sigrid Bø 1980

Produksjon og distribusjon: KOLOFON AS

Boken kan kjøpes på:

[www.kolofon.com](http://www.kolofon.com)

eller i bokhandel

© Kolofon og forfatterne 2004

Boka er gitt ut med støtte fra Norsk faglitterær  
forfatter- og oversetterforening og Høgskolen i Telemark.

Det må ikke kopieres fra denne boka i strid med åndsverklova  
eller avtaler om kopiering inngått med KOPINOR, Interesse-  
organ for rettighetshavere til åndsverk. Kopiering i strid med lov  
eller avtale medfører erstatningsansvar og inndragning og kan  
straffes med bøter eller fengsel.

Til barna og barnebarna våre

## INNHOLD

|   |     |
|---|-----|
| Del I Innføring i kulturvern                              | 7   |
| Kap. 1 Innleiing  | 9   |
| Kap. 2 Kultur, natur- og næringsgrunnlag i Noreg          | 15  |
| Kap. 3 Kulturvern   | 25  |
| Kap. 4 Kulturvernhistorisk oversyn                        | 30  |
| Kap. 5 Vernekriterium                                     | 38  |
| Kap. 6 Verkemiddel  | 40  |
| Kap. 7 Musealt og funksjonelt vern                        | 42  |
| Kap. 8 Kulturvernforvalting og lovverk                    | 45  |
| Del II Vern av materielle kulturminner                    | 65  |
| Kap. 1 Faste kulturminner                                 | 67  |
| Kap. 2 Historikk  | 77  |
| Kap. 3 Bebyggelse   | 80  |
| Kap. 4 Kulturlandskap og miljø                            | 101 |
| Kap. 5 Kystkultur   | 114 |
| Kap. 6 Tekniske kulturminner                              | 126 |
| Kap. 7 Gjenstander og løsfunn                             | 130 |
| Del III Vern av ikkje-materielle kulturminne              | 137 |
| Kap. 1 Ikkje-materielle kulturminne                       | 139 |
| Kap. 2 Munnleg stoff                                      | 144 |
| Kap. 3 Handlingsboren tradisjon                           | 168 |
| Kap. 4 Sosiale institusjonar og friviljuge organisasjonar | 191 |
| Del IV Kulturvern i praksis                               | 201 |
| Kap. 1 Musealt vern                                       | 203 |
| Kap. 2 Museum   | 204 |
| Kap. 3 Arkiv  | 211 |
| Kap. 4 Funksjonelt vern                                   | 217 |
| Kap. 5 Samfunnsplanlegging                                | 218 |
| Kap. 6 Bruk av ikke-materielle minner                     | 231 |
| Kap. 7 Frivillig arbeid                                   | 232 |
| Kap. 8 Etiske holdninger                                  | 234 |
| Litteraturliste   | 237 |

## **FORORD**

Denne boka er blitt til av forfatternes kjærighet til faget og etter et helt liv i kulturvernets tjeneste. Vi ser behovet for en bok der alle sidene ved kulturvernet er samlet. Det materielle kulturminnevernet og det ikke-materielle griper inn i og er avhengig av hverandre. Kort sagt ønsker vi å vise leseren at det dreier seg om et helt samfunnssyn basert på respekt for hva fortiden har skapt, og en bevisst vilje til å forvalte hele miljøet slik at det er bærekraftig for generasjonene som kommer etter oss, ikke bare for barnebarna våre, men for også deres barnebarn og videre slektsledd. Miljøet som omgir oss består av naturen og kulturen sammen. Og kulturen består igjen av alt menneskene har skapt av kulturminner, måten å bruke dem og levnære seg på, sammen med tro, livsanskuelse og fortellinger, hele samfunnets ballast av kulturelle ressurser.

Vårt ønske er å invitere leseren med på en kunnskapsreise om kulturminnene våre og hvordan vi best skal forvalte dem, for å bevare, videreutvikle og øke disse ressursene. Gevinsten er bedre miljø og økonomi både for lokalsamfunnet og hele nasjonen. Da står vi rustet til å møte andre kulturimpulser med forståelse og beundring, men uten å la oss overvelde. Og forhåpentligvis står vi rustet for å motstå dagens individualistiske holdning der alt som er godt for den enkelte er målet. God miljøforvaltning vil aldri kunne være egoistisk.

Vårt håp er også at boka kan leses av alle, både de med forkunnskap og de uten.

Vi ønsker leseren velkommen og lykke til!

Bø/Nittedal september 2004

Sigrid Bø og Turid Følling Eilertsen

## (Steingjerde)

det var steingjerda  
som batt verden  
saman

strake band frå elva  
til fjellet varme å sitje på i sommarkvelden

steinane kila inn  
mot kvarandre  
med uendeleg tolmod:  
tid og nevar

slåtteteigane tett inn til gjerdet  
fullmogne og klare for ljåen  
tykk eng mot stein:  
slik fekk vi først sjå  
at det er mogeleg  
å forandre verden

dei gamle slo kvart einaste strå  
og raka vel etter seg

etterpå kvilte dei  
studde seg mot steinen  
som ryggen til ein gamal ven

ennå er dei der  
over steinlinjene i landskapet  
hender  
usynlege i lufta  
som vengeslag  
om du vågar nærme deg

dette er slitets steinar  
dette er historiens skrift

Paal-Helge Haugen: *Steingjerde* 1979

## **DEL I INNFØRING I KULTURVERN**

## Kapittel 1

# INNLEIING

Titteldiktet i diktsamlinga *Steingjerde* av lyrikaren Paal-Helge Haugen fortel om fysiske og ikkje-fysiske minne som er nedfelt i eit landskap. Diktet fortel om eit landskap som er sett saman av natur, fysiske kulturminne, tradisjon og historie. Det er eit døme på eit landskap som har historie skriven inn i seg, og som vi kallar eit kulturlandskap eller kulturmiljø. Det er denne "historiens skrift" vi skal arbeide med i denne boka. Målsetjinga er å lære noko om kva og korleis ein kan lese den skrifta som er nedfelt i eit kulturmiljø, men også kvifor og korleis vi kan take vare på henne.



*Steingjerde på garden Måstad på Værøy, Nordland. Mykje arbeid er lagt ned i å rydde og dyrke garden ytterst mot storhavet. Garden vart lagd ned som fast bustad for fleire år sidan, men vitnar enno om tidlegare slit for å oppretthalde livet under ekstreme forhold. Rett utanfor var eit fiskerikt hav, beite og slåtte for husdyra og rikeleg lundefuglfangst i fjellet bak. Foto Turid Følling Eilertsen.*

Kulturmiljøet omfattar det naturgjevne og det menneskeskapte, anten det er ute ved kysten eller inne i landet. Det nære og samanfiltrat forholdet mellom natur og kultur, og den vekselvise påverknaden, kjem tydeleg til uttrykk i kulturlandskapet. Kulturlandskapet ber i seg og kan formidle historia og identiteten i eit lokalsamfunn på ein utilslørt og direkte måte, både på godt og vondt. På same måten hører gater og torg i byar og tettstader til kulturlandskapet, og fortel om korleis byen og tettstaden vart til og har vorte brukar. Kultur- og miljøvern inneber derfor bl.a. å take vare på landskapet med dei natur- og kulturhistoriske spora, dvs. natur- og kulturarven vår slik kan kjem til uttrykk i

kulturlandskapet. Her kan menneska få høve til å oppleve kontinuiteten i historia og få røter i dei daglege omgjevnadene sine. Kulturvernet er ein del av miljøvernnet, og det er viktig å verne kulturlandskapet og halde det levande med sitt mangfald av historiske spor, biologisk mangfald og estetiske kvalitetar.

## TRADISJONENS BETYDNING

*En bevisst befolkning er en forutsetning for et godt kulturminnevern*, heiter det i miljøvernministerens miljøvernpolitiske utgreiing for Stortinget i april 1994. Behovet for kulturvern har aldri vore så presserande som i dag. Stadig sterkare teknifisering og teknokratisk og materialistisk tankegang har ført til miljøøydeleggingar. Framveksten av den globale landsbyen, aukande kulturkontakt og raske motesvingingar over eit stadig sterkare press på levesettet og kulturytringar. Utan ei medviten haldning til vår eigen kultur- og miljøvernpolitikk, står vi i fare for å utvikle kulturell uniformering og forflating, medan miljøet held fram å verte meir ureina og uerstattelege ressursar går tapt. Dersom vi mistar vår eigen kultur, tilpassar oss ei kulturell uniformering, utviklar vi oss samstundes til snyltarar på kulturen til andre. Den som ikkje har noko sjølv, lever på andre. Dersom vi tek eigen kultur på alvor og legg vekt på å bevare den kulturelle eigenarten vår, kan vi forsetje å stå fram som ein kulturnasjon med noko verdfullt å tilby både oss sjølve og det globale fellesskapet. Ei medviten haldning, kunnskap og innsikt om eigen bakgrunn gjev ei god plattform i møtet med andre kulturar, for å respektere dei, men og for å take vare på eigen kultur, vere nyskapande og vidareutvikle denne.

Men det trengs solide kunnskapar om eigen historie og tradisjon, og klart kulturelt medvit. Skulen har ein sentral plass som kulturformidlar og er ein føresetnad for å gjere kulturell kunnskap og innsikt til felleseige. Store faglege krav må setjast til skulen og lærarane, og lærarutdanninga kunne med fordel har vorte styrka innan kulturvernfeltet, både kva gjeld haldning og kunnskap om den materielle og ikkje-materielle kulturen. Brundtlandregjeringas vedtak i 1990-åra om å innføre miljø- og kulturvern på alle årstrinn innan skuleverket, gav gode signal. Diverre har ikkje desse fagplanane vorte realiserte i tråd med den opphavlege tanken. Eit av problema har vore mangel på eigna og tilpassa undervisningsmateriell, særleg innan kulturfeltet.

I Noreg spelar dei friviljuge organisasjonane ein viktig rolle i alt kultur- og samfunnsliv, ikkje minst innan miljø- og kulturvern. Med kunnskapen og erfaringa deira innan desse områda, ville skulen truleg tene mykje på å trekke dei aktivt inn i planlegging og undervisning.

Kulturvernspørsmål og lokalhistoriske emne har knapt vore nok påakta og aktuelt stoff i massemedia. Ut frå den store interessa folk flest syner dersom Kulturvernspørsmål og lokalhistoriske emne vert tekne opp på ein sakleg og informativ måte i massemedia, kunne tvillaust både fjernsyn og radio lagt mykje større vekt på slik formidling. Den norske kulturen er rik på variasjonar og interessante stader, og media har eit rikt materiale å ause av.

Den lokalhistoriske kunnskapen kan brukast til å gjere dagleglivet trivelegare for oss alle. Det ein har kjennskap til, det kjenner ein større ansvar for, og motiverer folk til å engasjere seg i samfunnsspørsmål for å vere med på å forme eit godt nærmiljø, både i notida og framtida. Vi har alle eit ansvar for å take vare på, etterkomarane rett til å kunne overtake og føre vidare, det kulturelle mangfaldet i dette landet, til glede for seg og dei som vitjar landet. Med dei store klimatiske skilnadane og ulike natur- og næringsmessige forhold, har kulturelt mangfold karakterisert Noreg så langt attende historia går. Dette mangfaldet i kulturytringar, anten det er i skriftform, talemål, byggeskikk eller båtbygging, er det ein kulturell resurs vel verd å take vare på og føre vidare.

Vi kan seie at kulturvern er å verdsetje sin eigen kulturbakgrunn så høgt at ein ønskjer å take vare på den, og bygge vidare på og utvikle den med alt sitt mangfold. Men ei slik kulturforståing for sitt eige, opnar og for andre kulturar. Det å vere trygg på seg sjølv og sin eigen bakgrunn, medfører også openheit og forståing for andre. Kulturvern har ikkje noko med negativ nasjonalisme å gjøre, derimot kan det bygge på patriotisme, men først og fremst glede og engasjement for kulturelt mangfold i global samanheng.

Personar som sit i vedtaksorgan har stort behov for fagleg innsikt i kultur og ulike kulturytringar. Derfor kunne det vore ønskjeleg med kurs- og opplysningsverksemrd i forhold til politikarar og sakshandsamarar på kulturvernombrådet. Kanskje skulle det etter kvart valår vore obligatorisk kursing for alle valde politikarar som manglar formell kompetanse i kulturhistorie og kulturmiljøvern? Skal dei som har ansvar, og stadig må fatte vedtak som får djupt-gripande og varige fylgjer for kulturmiljøet, kunne handle i samsvar med inten-sjonane om vern av hele miljøet, er kulturhistorisk innsikt og kunnskap ein føresetnad. Ikkje minst trengst det innsikt i det nære forholdet mellom natur og kultur, gjensidig avhengigheit og korleis ein kan ta omsyn til båe.



*Gamalt landbrukslandskap med mange kulturminne. Bondalen i Tuddal, Telemark..  
Foto Sigrid Bø 1980.*

Diverre ligg det eit stort gap mellom den ønskjelege og den reelle situasjonen kva gjeld kulturkunnskapane blant mange kommune- og fylkestilsette og politikarar. Spesielt uheldige fylgjer får manglende kunnskapar i samband med fysisk planleggingsarbeid, men situasjonen er slett ikkje betre blant mange arkitektar, bygg- og anleggsingeniørar og dei med tradisjonelle miljøfag. Utan denne kompetansen skjer ofte uoppretteleg skade, ikkje ut frå vilje, men ut frå vankunne. Hadde kommunane vore sikra tilsette med kompetanse i faga, ville det også vore lettare å praktisere den samordna planlegginga med det heilskapsynet som staten ønskjer. Kulturvernsektoren ville og sleppe å stadig måtte forklare og dokumentere at i ei totalvurdering inneber kulturvern ein økonomisk gevinst, medrekna estetiske og miljømessige fordelar. I politiske organ og offentleg administrasjonen sit einskildpersonar i nøkkelposisjonar, og dei lokalsamfunna så vel som landet som heilskap, kan prise seg heldig dersom dei har tilsette og tillitsfolk med kompetanse og vilje til å drive kulturvern. Eksempelsvis nemner vi korleis Glaskow, europeisk kulturby i 1990-åra, nytta høvet til å pusse opp byen ut frå kulturvernprinsipp.

I alle samanhengar må vi likevel hugse på at det beste vernet finn vi der eiga- ren sjølv forstår det verdfulle ved å take vare på kulturminna. Men kommunen har eit ansvar som serviceinstitusjon. Eigarane skulle kunne få hjelpe og gode råd i kommunen om korleis dei skal ta vare på kulturminna sine, kanskje særlig bygningane, men også andre kulturminne. Opplysning og aktiv hjelpe gjev

gjerne det beste resultatet og kan vere langt viktigare enn forbod. På dette feltet kan også dei private organisasjonane utrette mykje. Historielag, museumslag, lokalavdelinga av Fortidsminneforeininga og andre kan for eksempel arrangere kurs og studiesirklar om praktisk og teoretisk kulturvern.

Dersom turisme skal få den plassen i norsk næringsliv som lokale og nasjonale strategiplanar uttrykkjer, må vi ha kvalitetsprodukt å tilby. Det spesielle som Noreg kan tilby, er variert og storlagen natur med kulturopplevingar som ein integrert del. Turistane kan få oppleve noko ekte og som bygger på dei lokale kulturformene. Noreg er et land med lågt folketal i forhold til arealet, og med avgrensa tilgang til dyrkbar jord og eit marginalt jordbruksklima. Det førde tidlig til omfattande bruk av utmarksareala. Dette er så sterkt nedfelt i kulturen vår at både bygde- og byfolk har tura og friluftsliv som eit ideal og ein masseaktivitet ukjend i andre land. Nettopp dette er noko vi med fordel kan take vare på, både for oss sjølv og som tilbod til turistar. Formidlar vi dette i tråd med tradisjonen, har vi eit eksotisk reiseprodukt å tilby, noko vi ikkje oppnår om dette vert gjort som ei etteraping etter dei meir kommersielle måtane mange andre nasjonar har.

For å kunne ta vare på slike typiske kulturtrekk, må vi syte for at alle elementa i kulturlandskapet vert bruka på ein måte som ikkje minskar verdet av kulturminna. I tillegg til dei fysiske minna gjeld dette og dei ikkje-materielle kulturminna; stadnamn, dialektar, segntradisjon, veremåte m.m. Planlegging og utvikling av reiselivet må vere ei offentleg oppgåve slik at verdien vert sikra. Reiselivsnæringa skal ikkje vere eit moteblaff, men noko langsiktig ein kan rekne med. Kortsiktige kommersielle interesser tener korkje lokalbefolkinga eller nasjonen som heilskap. Vern av norsk natur og kultur er på lang sikt den beste forma for sikring av reiselivsnæringa. Ein føresetnad må då vere å gjøre det ut frå naturens og kulturens premisser. Eit utslite miljø eller ein nedbygd naturattaksjon let seg knapt rehabilitera.

I ei tid med mykje internasjonalt samkvem og tilstøyning av folk frå framande kulturar, set spesielle krav til innsikt og vern av sin eigen kultur og verdien av den. Det er ein føresetnad for å skjøne og setje pris på andre kulturformer. Dersom vi ikkje har respekt for og ønskjer å bevare og vidareutvikle vår eigen kultur, maktar vi heller ikkje å respektere andres. Då går vi lett i fallgruva med nasegrus og overflatisk beundring av alt eksotisk og annleis. Det å nedvurdere og forakte sin eigen kultur fører lett til ei tilsvarande haldning i forhold til andre kulturar, ein maktar kanskje heller ikkje å forstå djupna og verdien i andre kulturar.

Den finske forfattaren Sara Lidman seier følgjande om styrken ved det å forstå og verdsetje sin eigen kultur i møtet med andre kulturar:

*Det er de grupper som mangler innsikt og kjærlighet for sin egen kultur og sine egne verbale særegenheter, som diskriminerer og mobber innvandrerne. Når de økonomiske kreftene i dag bereder grunnen for en rasering av vår egen kultur, legger man også forholdene til rette for en diskriminering av andres.*

## **Kapittel 2**

# **KULTUR, NATUR- OG NÆRINGSGRUNNLAG I NORGE**

I løpet av dei siste 150-200 åra har det vorte skapt ein avstand mellom mennesket og naturen som er heilt ny i mennesket si historie. Det direkte og nære forholdet mellom naturressurs, næring og kultur vart på mange måtar brotne ved overgangen til industrialsamfunnet. Vi gløymer lett kor kort tid industrialismen har vart. I størstedelen av mennesket si historie har folk vore veidefolk, jeger og sankrarar. Fast busetnad og jordbruk, med attåtnæringer som jakt og fiske, voks fram hjå oss for fleire tusen år sidan. Ved inngangen til det 19. hundreåret budde framleis vel 90 % av den norske befolkninga på landsbygda og var sysselsette i primærnæringane, dvs. jordbruk og fiske. Familien var kernen i den eininga vi kallar hushald. Eit hushald omfatta personane som budde saman på garden, og utgjorde den minste økonomiske eininga i samfunnet. Samansetjinga av hushaldet varierte, men vanlegvis omfatta det tenestefolk i tillegg til familiemedlemene. På varierande måte danna hushaldet både ein produksjons- og konsumeringseining, og stod i eit innbyrdes avhengigheitsforhold til kvarandre. Ikkje berre skulle dei produsere det dei trong av mat, klede, hus, reiskap, framkomstmiddel ol., ulike omsorgsoppgåver som stell av småbarn, sjuke og gamle, høyrd til oppgåvene i hushaldet. Men omsorgsoppgåvene varierte etter fasen i livssyklusen, om det var småbarn i familien, sjuke eller gamle som trong pleie.

Industrialiseringa skapte store endringar både for sysselsetjing, produksjon og forbruk. Det voks fram ei befolkningsgruppe som i hovudsak måtte kjøpe varene dei trong; mat, klede og andre bruksting. Betalingsmidla skaffa folk ved å selje si arbeidskraft til industrien eller i andre yrke innan sekundær- og tertiærnæringar. Pengehushaldet overtok gradvis for det tidlegare tilnærma naturalhushaldet.

Industriell masseproduksjon gjorde menneska til forbrukarar. Levemåten til den veksande urbane befolkninga endra seg mykje, både arbeidslivet og bumarholda, men også det sosiale livet. Framveksten av ei befolkningsgruppe som ikkje lenger produserte det dei brukta, fekk også betydning for dagleglivet til dei som heldt fram innan jordbruksnæringa og fisket, bønder og fiskarar. Sysselsetjinga i dei nye næringane skapte auka marknad for jordbruksvarer, samstundes som ein minska del av befolkninga skulle stå for matvareproduksjonen. Konsumentane av jordbruksvarer auka i forhold til produsentane Nye driftsmåtar og ny teknologi effektiviserte jordbruks- og fiskerinæringane og

gjorde det mogleg å auke avkastinga frå dyr, mark og hav slik at det auka behovet kunne stettast av færre produsentar.

Betra kommunikasjon og varetransport var samstundes ein føresetnad for at varene nådde fram til den nye forbrukargruppa. Omtrent parallelt med industriframveksten kom nye vegnett, og dei betra byggjemåtane gav samstundes ein vesentleg høgare vegstandard. Utbygginga av jarnbanen frå midten av 1800-talet betydde mykje for person- og varetransporten. Det same gjorde overgangen frå seglskuter til motordrivne båtar ved slutten av hundreåret. Dei nye og betra kommunikasjonane opna for reise og varetransport, både i omfang og redusert tidsbruk, som var heilt ny og skapte andre levevilkår for innbyggjarane i by og bygd.

Dei store omleggingane innan økonomi, sosial struktur og kulturmönster i siste halvdel av 1800-talet kallar vi gjerne for ”det store hamskiftet”, og omfattar overgangen frå eit jordbruksamfunn til eit industrisamfunn. Ordet ham-skifte er henta frå dyreriket; ormen som i bokstavleg forstand kastar den gamle hamen for så å få ein heilt ny. Det har vore semje om at det gjekk føre seg ei djuptgripande strukturendring, men fleire har argumentert for at metaforen ”hamskifte” er lite eigna til å uttrykkje endringsprosessen av di mykje av det gamle i samfunnet og kulturen levde vidare. Det har og vore usemje om tidfestinga av endringsprosessen. I motsetnad til korleis omgrepene først vart nytta og introdusert av forfattaren Inge Krokann, har fleire hevdat industrialiseringa, urbaniseringa og samfunnsomleggingane karakteriserer ikkje berre tida før og etter 1900, men også mesteparten av 1900-talet. Men opphavleg vart ”det store hamskiftet” nytta på tida frå midten av 1800-talet og fram til ca. 1915, dvs. den første verdskriga. Historieprofessor Edvard Bull (d.y.) seier at ved inngangen til den første verdskriga var Noreg eit industrisamfunn. Bull legg då vekt på sjølv etableringa, gjennombrotet for industrien, ikkje heile industrialisingsprosessen. Dersom vi nyttar industrialisingsprosessen som kriterium for å definere samfunnsendringane, hevdar nokre historikarar at vi likeins må trekke inn nedleggingsprosessen av norsk industri. Då trekkjer vi samfunnsomlegginga fram til våre dagar, av di nedlegging og avvikling av tradisjonelle industriarbeidsplassar har karakterisert norsk næringspolitikk ved inngangen til det 21. hundreåret.

Industrialiseringa medførde ei folkeflytting frå bygdene til byar og tettstader, ei urbanisering. Folk vart lausrivne frå det lokale natur- og næringsgrunnlaget. Den lokale råvare- og matvareproduksjonen fekk mindre å seie etter som forbrukarsamfunnet vokste fram. Med ein gjennomgåande god privatøkonomi i landet, godt utbygde kommunikasjonssystem og varetransport, har folk over

heile landet, utan omsyn til bustad, langt på veg fått tilgang til dei same varene. I praksis betyr det også ei utvikling i retning av uniformering av forbrukshaldning og forbruk, uavhengig av kva naturen i området kan tilby. Dette står i sterkt kontrast til forholda for 2-3 mannsaldrar tilbake, då bustaden i hovudsak bestemte folks arbeidsliv og levesett. Dei store skilja i det lokale natur- og næringsgrunnlaget i Noreg hadde gjeve store lokale variasjonar i bruksgjenstandar, bygningar, reiskapar, samversform, ordtilfang og språkbruk; kulturmiljøet i det heile.

Dei rike fiskeressursane i havet, i tillegg til det vesle gardsbruket, har vore grunnleggjande for kystmennesket, fiskarbonden. Reiskapen og teknikkar skulle vere tilpassa og tenelege middel til å hente fisken opp av havet. I fjellbygder, der tilgangen på vilt som t.d. reinsdyr var ein vesentleg del av folks mattilgang, trongst det andre reiskapar og tekniske hjelpemiddel for å få tak i og utnytte den lokale naturressursen. Men også språkbruken og det sosiale livet spegla av dei lokale naturforholda og naturressursane. Det var ikkje fiskarenas detaljerte og nyanserike ordforråd til å skildre havet som fjellbonden trond, men t.d. ord til å identifisere ulike snø- og værforhold i fjellet.



*Typisk nordnorsk fiskeskøyte på Lofothavet. Foto Turid Folling Eilertsen.*

Men sjølv om ulike landsdelar og regionar har klare særtrekk i natur- og næringsgrunnlag, har næringslivet i størstedelen av landet vore basert på ei mangesidig utnytting av naturen. Familien måtte basere innteksten på fleire tilgjengelege og utfyllande næringar, t.d. jordbruk og fiske (kysten, særleg

Nord-Noreg og Vestlandet), jordbruk og skipsfart (Sørlandet og Austlandet), jordbruk og skogbruk (Austlandet og Trøndelag), jordbruk og jakt (innland og fjellstrøk), jordbruk og gruvedrift (t.d. Røros, Kongsberg). Vi kallar dette mangsysleri eller kombinasjonsbruk, t.d. fiskarbonden. Og som vi ser, uavhengig av kombinasjonen, var gardsbruket vanlegvis fellesnemnaren. Også embetsmenn, t.d. prest, skrivar, lensmann fekk bruksrett til ein gard som del av embetslønna. Avkastinga på embetsgarden danna såleis basis for livsopphaldet deira. Familien budde på garden og kunne hente ut det mest grunnleggende til hus, mat og klede. Det same behovet for bustad og jordbruk som tilleggsnæring hadde industriarbeidarane den første tida, spesielt gjaldt dette innan sagbruksindustrien og sesongprega industriarbeid. Tidleg på 1800-talet fylgte det likeins bruksrett til gard for professorata ved det nyoppretta Universitetet i Christiania, Det Norske Kongelege Fredriks Universitet. Jord var såleis kapitalen og det viktigaste produksjonsmiddelet i før-industriell tid, og tilgang til eit gardsbruk gav råderett over produksjonsmiddelet.

Som ein naturleg konsekvens av dei store variasjonane i natur- og næringsgrunnlag, har det vakse fram ein mosaikk og variasjonsrikdom av kulturmiljø i Noreg, med hovudskilje mellom kyst- og innland, fjord og dal, fjell- og flatland. Og innan kvar av desse igjen finn vi eit stort kulturmangfold. Dette gjer at det er grunnlag til å tale om Noreg som eit fleirkulturelt miljø lenge før den store innvandringsbølgja frå ikkje-europeiske land dei siste tiåra av 1900-talet. I tillegg har store delar av landet, i dei tre nordlegaste fylka, hatt eit fleir-etnisk befolkningsgrunnlag med samar, kvener og nordmenn. Denne variasjonsrikdomen i kulturmiljø som Noreg har hatt i hundrevis av år, er det ei nasjonal oppgåve å take vare på. Men skal vi lykkast i det, må lokale tradisjonar og levesett leggjast til grunn for vern og pleie av landskap og miljø, men også med tanke på å vidareføre og utvikle dei. Føresetnaden for vern, vedlikehald og vidare utvikling vil alltid vere at vi kjenner dei lokale og regionale forholda og tradisjonane, det lokale natur- og næringsgrunnlaget så vel som arbeidsmetodar og levesett på staden. Vi treng å kunne lese, registrere og analysere det einskilde kulturmiljøet, natur- og kultiveringsprosessen.

## KORT OM BUSETNAD OG SYSSELSETJING

Vel 90 % av den norske befolkninga budde på landsbygda ved inngangen til 1800-talet, medan det hundre år seinare var redusert til vel 70 %. Hundre år etter, i 2001, var dette forholdstalet næraast snudd om: berre 23 % av folketalet budde utanfor byar og tettbygde strøk, dvs. det Statistisk Sentralbyrå definerer som ”spredtbygde strøk”.<sup>1</sup> Ser vi på sysselsette i primærnæringane, jordbruk, fiske og skogbruk, har reduksjonen vore endå større i løpet av dei siste to hundre åra.<sup>2</sup> Statistisk Sentralbyrå sine oppgåver om levevegen for personar over 15 år sysselsette i primærnæringane; jordbruk, fiske og fangst, skogbruk og jakt, syner til ein akselererande reduksjon utover 1800- og 1900talet: 32 % i 1875, 24,9 % i 1900, 16,7 % i 1946, 10,3 % i 1960, medan talet sysselsette i primærnæringane i 2001 hadde gått ned til 3,9 %. Det heftar eit stort problem med desse prosentala av di teljingane har vorte utførde ut frå ulike prinsipp, og er fylgjeleg ikkje utan vidare jamførbare. Derimot må vi kunne trekke den sikre konklusjonen at det har gått føre seg ein næraast dramatisk urbaniseringsprosess dei siste 200 åra, både kva gjeld bustad og sysselsetjing.

Eit næraast samanfall i forholdstalet mellom produsentar og konsumentar hadde halde seg temmeleg uendra over fleire hundreår, men med den nye teknologien og nye dyrkingsmåtar, særleg etter 1850, endra forholdet seg vesentleg. Utviklinga gav rom for vekst i sekundær- og tertiar næringane. I tillegg til den betydelege forskyvinga i % -vis folkesetnad på landsbygda og byane, kjem og den sterke folkeauken. Folketalet fordobla seg frå 1801 til 1870, med nærare ei femdobling ved utgangen av 1900. I løpet av dei siste 150 åra har dei gamle byane vokse nesten i eksplosjonsarta fart både i folketal og areal, medan mange nye byar og tettstader har kome til.

Denne kraftige folkeveksten i byar og tettstader fell saman med yrkesdifferensieringa og den nemnde overgangen frå primærnæringane til sekundær- og tertiar næringane og ein akselererande urbaniseringsprosess i Noreg. Importen av utanlandske varer har sjølv sagt spela ein sentral rolle i dette biletet, men elles betydde yrkesspesialiseringa, by- og tettstadveksten at det stadig minkande andelen sysselsette i jordbruk og fiske skulle skaffe mat til ei veksande urban befolkning. Det trengst ikkje mykje fantasi til å førestille seg kva dette

---

<sup>1</sup> %-tala er omrentlege av di det er vanskeleg å finne jamførbare data, bl.a. av di kjeldene har ulike registreringar og opererer med ulike omgrep. Likeins kan 1800- og 1900-tals kjeldene nyte same omgrep, t.d. paromgrepa by/landsbygd og tettstad/spreiddbygd, men med ulikt meiningsinnhald.

<sup>2</sup> Problema nemnde i nota over gjeld og for utviklinga av sysselsetjing i primærnæringane, jfr. og Historisk statistikk 1968: 23, 116 ff. Derfor kan også ulike historikarar operere med ulike tal, avhengig av kva kjelder og utrekningsmåte som er nytta.

måtte bety av endring i kulturlandskapet, men også heile den materielle og åndelege kulturen. Meir effektiv teknologi og driftsmåtar tvang seg fram, ofte på kostnad av natur og miljø.

Sjølv om mennesket i moderne tid også er heilt avhengig av tilgong og bruk av naturressursane, skaper foredlingsindustrien og handel så stor avstand mellom naturen som råvareleverandør og forbrukarane at vi lett mister dette av syn. Når vi kjøper mjølk i pappkartongar på butikken, anten det er på landsbygda eller i byen, gløymer vi lett at skal vi kunne nyte kald, frisk mjølk til frukost, må det finnast kyr som produserer mjølka og bønder som skaffar fôr og steller dyra. Endå vanskelegare er det kanskje å hugse på at det same gjeld ferdigmaten frå gatekjøkkena. Vi kunne ikkje kjøpe pizza eller wienerpølse utan korn- og kjøtprodusentar, dvs. naturen og jordbrukskaren. Det vert heller ingen fersk torsk eller lutefisk til jolemiddagen med mindre det finst torsk i havet og fiskarar til å hente han opp. I dag passerer råvarene mange ledd før det ferdige matproduktet ligg på bordet til forbrukaren. Men føresetnaden for matvara er likevel naturressursen og arbeidet til bonden eller fiskaren.

Jordbrukspolitikken med sentralisering og stordrift som målesnor fører til nedlegging av mange bruk så vel som lokale foredlingsbedrifter og flytting til byar og tettstader. Moderne kommunikasjonar gjer det teknisk mogleg, og einsidig bedriftsøkonomisk vurdert lønsamt, i alle fall på kort sikt. Men det inneber m.a. at mange lokalsamfunn tynnast ut, samstundes som industrijordbruket veks fram. Likeins fører nedlagde lokale foredlingsbedrifter at levande dyr vert frakta over store strekningar til sentra for slakting og vidare foredling av kjøtet. Den ferdige vara skal så køyраст ut att, noko attende til produsenten, men det meste til forbrukarane for distribusjon ute på den opne marknaden. Protestane frå lokalsamfunna og varskoropan frå dyre- og miljøvernarnarane om urimeleg lange transportar av levande dyr og til tider dyrplageri, forkleining av matvareprodukta og auka CO<sub>2</sub>-utslepp pga. godsvogntrafikken, synest kome bort i einsidig vektlegging på effektivisering og økonomiske vurderingar. Den totale samfunnsmessige vurderinga, medrekna folk- og dyrehelse, vert sjeldan lagt inn i rekneskapen.

I dag er det allment kjent at den økonomiske velstanden i Noreg er sterkt avhengig av Nordsjøoljen. Færre veit eller hugsar på at fiskerinæringa i Noreg betyr omrent like mykje for økonomien vår. Vi fokuserer på avansert teknologi og innvikla prosessar og skapar så stor avstand frå råmaterialet til den ferdige vara at vi lett gløymer korleis vestleg samfunnsøkonomi framleis kviler på naturressursar som jordbruksmark, skog, fiske, malm og vasskraft. Då er det heller ikkje gjeve at ein utan vidare forstår korleis naturressursane og næ-

ringsgrunnlaget på staden har vore avgjerande for det lokale næringslivet og kulturen.

## NÆRING OG SAMARBEID

I det gamle bondesamfunnet måtte folk ved mange høve gå saman om større arbeidsoppgåver, oppgåver som den einskilde familien eller hushaldet ikkje klara sjølv. Av di arbeidsoppgåvene ut frå natur- og næringsgrunnlag var ulike, f.eks. juksefisket på Lofothavet og elvenotfisket i Gudbrandsdalen, ville også samarbeidsform og organiseringsmåte vere ulike. Lofotfisket varer eit par månader og krev omfattande utstyr. Rimelegvis krev det ei anna organiseringss-form enn eit elvenotfiske som er gjort unna i løpet av ein dag eller to. Utbyttet vil også vere ulikt, og fordelingsforma annleis. Fiskelaga i desse to tilfella vil også spele ein annan rolle for det sosiale fellesskapet i lokalmiljøet.

La oss stanse opp og sjå på nokre hovudtrekk ved organisering og samarbeid om eit elvenotlag i Gudbransdalslågen og fiske på Lofothavet. Lofotfisket krev store pengeinvesteringar til innkjøp og vedlikehald av båt og utstyr, så vel som til utrusting av mannskap med klede og mat for mange veker. Derfor treng lofotfisket ei omfattande og langvarig førebuing og tilrettelegging av fiskereiskapar og utrusting av mannskap. Gudbrandsdølane kunne derimot klare seg med eit par dagsverk, både for å lage fiskereiskapen og gjennomføre fisket. Med nyslipte sigdar og økser hogg dei ned småkratt langs elva, for så etter tradisjonelle metodar å binde og flette småbjørkene og krattet saman til ei lang remse, elvenota. Virke til fangstreiskapen fann dei altså der og då på staden. Sjølve fiskinga, dra bjørkenota oppover på tvers av elva for så å plukke ut den fisken som hadde samla seg i nota, tok nokre timer. Skilnaden mellom eit båtlag og eit elvenotlag er også stor med omsyn til deltaking og organisering. I prinsippet har alle tilgang til Lofothavet og fisket der, og båtlaget kan dannast ut frå kunnskap og dugleik. Elvenotfisket avgrensa seg derimot til dolar med eigedoms- og/eller bruksrett langs elva, både for å skaffe virke til fiskereiskapen, bjørkenota, og det å bruke reiskapen, dvs. dra nota og ta ut fisken. Her er det tale om ei arbeidsintensiv oppgåve, mange deltarar og med eigedoms-forhold til ressursen. Investeringar til reiskap og utstyr er minimale, likeins tidbruk til førebuingarbeidet og sjølve fisket, i motsetnad til Lofotfisket.

I både tilfelle er det tale om å utnytte ein lokal tilgjengeleg fiskeressurs, men på grunn av skilje i naturforhold og næringsgrunnlag, var investering i arbeidsreiskap og mannskap, så vel som arbeidsinnsats svært ulike. Rimelegvis fekk dei respektive fiska og ulik vekt økonomien og det sosiale livet i samfunna sine. Medan Lofotfisket var grunnleggjande for familieøkonomien, kunne elvenotlaget i Gudbrandsdalen vere viktig, men på ingen måte avgjerande. Eit gards-

bruk var i både tilfella ein føresetnad, men på ulik måte. I Gudbrandsdalen måtte ein disponere grunn for å ha fiskerett, dvs. legal tilgang til sjølve fiskeressursen. I den grad gardsbruket var ein føresetnad for lofotfiskaren, var det ikkje tilgang til sjøen og fiskeresursen, men gardsbruket tronst for å utruste fiskaren. Garden og sauehaldet sikra råvarene, mat og klede, kvinnene utførde arbeidet, laga mat, klypte sauene, karda og spann ulla, vov og strikka klede. Det er vanskeleg å tenkje seg korleis ein fiskar kunne klare seg ute på Lofothavet utan varme og solide ullklede. Det var også garden som i prinsippet skaffa fram den nødvendige mat og klede. Fiskarane skulle vere borte frå heimen i vekevis, og flatbrødet, den tunnsteikte og usyra brødmatten, kunne halde seg over lang tid utan å mygle eller med vesentleg kvalitetstap. Både klede og mat var tilpassa dei spesielle forholda på sjøen og lofotfisket. På denne måten kom også arbeidet på garden til å vere retta mot fisket, både for å produsere råstoffet og arbeide dei ut til ferdige produkt. Garden vart såleis eit middel for å tilretteleggje for det fisket som familien for ein stor del bygde økonomien sin på. I Gudbrandsdalen var det garden sjølv og gardsarbeidet som danna grunnlaget for livsopphald.

Materialbruk og teknikkar kunne vere spesielt tilpassa dei lokale forholda, men bygde på titals generasjonar si erfaring og utprøving. Natur- og næringsgrunnlag var vilkår og ramme for produksjonsformer og kulturmønster. I dei ulike områda, alt etter lokale natur- og næringsgrunnlag, måtte ein forme ut driftsmåtar og teknikkar som eigna seg spesielt for det området. I det før-industrielle samfunnet var mennesket avhengig av det naturen kunne gjeve. Dei klimatiske forholda, nedbør og tørke, varme og kulde, var bestemmande for korleis ein dyrka jorda, stelte dyr, kledde seg, skaffa seg huslyd o.l. Hus, mat og klede var tilpassa naturforholda til ei kvar tid, og varierte meir og mindre frå område til område. Eit år med misvekst, sviktande avdrått hjå husdyra eller mangelfull tilgang til vilt og fiske fekk direkte følgjer og kunne vere livstrugande. Margjen i hushaldet var lite, og sveltegrensa låg ofte nær. Ein levde tett innpå naturen og årsvekslingane. Fylgjene av eit godt år eller uår kom direkte til menneska, det kunne vere eit spørsmål om liv og død.

Det direkte avhengigheitsforholdet til naturen og årsveksten har truleg også vore sterkt medverkande til at gamle driftsformer og arbeidsteknikkar heldt seg lenge, i generasjon etter generasjon med berre små endringar. Dersom eiga avlinga svikta, hadde berre dei færraste familiene noko matlager for komande år. Få hadde oppsparte pengar eller varer til å kjøpe mjøl, kjøt, fisk, poteter eller andre nødvendige matvarer, om det i det heile fanst slikt å få kjøpe eller bytte tilseg. I det før-industrielle samfunnet, der folk langt på veg forbruka det dei sjølve produserte, var tilgangen til kjøpevarer mykje avgrensa. Og garden,

båten, jakt-, fiske- eller handverksreiskapar o.l. var både kapital og produksjonsmiddel, og kunne ikkje avhendast utan fatale fylgjer for familien. Vegen til fattigdom og usseldom var kort dersom nokon tukla bort veksten og årsavlinga. I før-industrielle samfunn måtte ein stø seg til eigen produksjonsevne og dugleik. Det fanst inga offentleg trygdeordning å falle attende på om ein var uheldig med årsveksten eller næringa slo feil. Under slike forhold er det forståleg at folk var skeptiske til det nye, og nødig eksperimenterte eller tok sjansen på å prøve nye dyrkings- eller arbeidsmåtar og såleis risikerte å få mislykka resultat. Då var det tryggast å halde seg til dei gamle formene, dvs. velprøvde og hevdunne metodar som hadde stått si prøve gjennom generasjonar og som under normale år sikra den forventa avkastinga på staden.

I ei tid då handelen og varebytet var minimalt og folk henta maten og varene dei trøng direkte frå naturen, kunne ein heller ikkje tillate teknikkar og driftsformer som var til vesentleg skade for naturen og næringsgrunnlaget. Å forbruke eller forkleine naturressursane og næringsgrunnlaget, anten det var jorda, dyrelivet eller fisket, kunne få katastrofale fylgjer både på kortare og lengre sikt. Tvert imot tenkte ein i generasjonar, og investert arbeid på hus og jord ville også etterkomarane nyte godt av. Det ligg noko positivt i den uskrivne lova til bonden; han ”eig” ikkje garden, men låner han av slekta. Derfor skal han arbeide under målsetjinga om å overlate garden til neste generasjon i betre stand enn då han sjølv overtok han.

Den svenske etnologen Löfgren skriv i boka *Det kultiverade människan* korleis folks oppfatning av og holdning til landskapet også skil seg i samfunn med ulike produksjonsformer; det før-industrielle jordbruksamfunn (det magiske landskap), industrialismens landskap (naturen som vare) og det borgarlege, fritidslandskapet (det eksotiske landskap). Löfgren framhevar folks avhengigheit til jorda og avkastinga som utslagsgjenvende for naturoppfatninga. I eit før-industrielt samfunn er menneska direkte avhengige av jorda som produksjonslandskap, og folk tolkar mystikk inn i naturen. Steinar, tre og fjell har ibuande vesen med makt til å påverke årsveksten. I det mytiske landskapet gjeld det å halde seg inne med desse maktene, og såleis påverke dei overnaturlege kreftepane til eigen fordel; få god avkasting frå marka, dyr og menneske. Motsett, å oversjå eller handle mot maktene, kan føre til negative reaksjonar og därleg avkasting. Den animerte naturen vert også ei sikring mot forbruk av naturen. Mennesket kan hente ut overskotet i naturen, men ikkje take av sjølve naturen. Dette synet står i sterkt kontrast til industrisamfunnet si naturoppfatning som bl.a. plasserer mennesket over naturen, og med rett til å sjå naturen som vare, dvs. naturen som råvareleverandør for industrien. Borgarskapets fritidslandskap med dyrkinga av det ikkje-produktive landskapet og fokus på den ville

eller ”den uberørte natur”, det ”*exotiska landskapet*”, har sitt utspring i industri-samfunnet og synet på naturen som vare. I det før-industrielle bonde-samfunnet med eit mytisk syn på landskapet og førestillingane om overnaturlige makter, seier Löfgren, låg det ei morallære om korleis naturen skulle nyttast eller korleis han kunne misbrukast. *I bondesamhällets syn på landskapet och dess övernaturliga invånare låg en morallära inbäddad: föreställningar om hur naturen skulle utnyttjas eller hur den kunde missbrukas.*


I dag kan naturvitenskapleg og humanistisk forsking også vere med til å utdjupe og nyansere kunnskapen om korleis naturen kan nyttast, og ikkje misbrukast. Vi må hugse at også i dagens postmoderne samfunn er menneska og alle levande vesen avhengige av naturressursane og det naturen til ei kvar tid kan gjeve. Og det er mennesket, som øvste ledd i ein lang næringskjede, som er mest sårbar for misbruk og tapping av miljøet, forbruk og/eller ureining av naturen. Vi er ute på farlege vegar dersom dei mange mellomledda frå råvare til ferdig industriprodukt skapar så stor avstand til naturen og naturressursane at vi gløymer dette avhengighetsforholdet. Kortsiktige løysingar som skader kulturmiljøet, same kor lønsame dei måtte vere, må ikkje gå framom omsynet til natur- og kulturarven. Stakkars det samfunnet som vert styrt av historielause økonomar og kortsiktige politikarar.

I miljøvernsamanheng talar ein om retningslinjer for kva som kan hentast ut av naturressursar pr. år utan å redusere desse. Det kallest *det økologiske råderom*. I samband med ei natur- og miljøpolitiske utgreiing i 1995 definerte det danske Miljø og Energiministeriet det økologiske råderom ut frå eit globalt synspunkt, som kor mykje naturressursar (luft, vann, jord, mineral, energikjelder, naturareal, planter og dyr m.m.) som kan brukast kvart år utan at vi hindrar framtidige generasjonar å kunne oppretthalde same omfang og kvalitet. Ut frå dette prinsippet har kvart einskild menneske rett til sin del av ”det økologiske råderomet”. Dette råderomet varierer i ulike verdsdelar, bl.a. ut frå dei store klimaskilja.

## Kapittel 3

### KULTURVERN

Kulturvern er eit samleomgrep for vern og pleie av kulturminne. Nokre kulturminne kan vere svært gamle, men dei kan også vere av nyare dato. Dagen i dag er historie i morgen. Det som vert laga eller skapt i dag, er kulturminne i morgen. Kulturminna våre er såleis arven frå fortida, og arven knyter band mellom oss og dei som har levd før oss, forfedrane. Kulturminna gjev oss tilknyting og tilhøyrigheit. Dei set oss inn i ein samanheng og gjev oss innsikt og mening i tilværet. Derfor seier vi at kulturminna er identitetsskapande for oss som einskildpersonar og som gruppe.



*Kulturminne? Kva er det?*

*Teikning Geir Helgen.*

Vern av kulturminne og vern av miljøet er delar av same sak. Miljøverndepartementet understrekar verdien av å integrere kulturminnevernet i miljøvernpolitikken, bl.a. fordi kulturminnevernet er ein viktig reiskap til å oppleve og forstå meiningsa med ei berekraftig utvikling. Såleis ser MD eit sterkt kulturminnevern som ein sentral føresetnad for ein ansvarleg miljøvernpolitikk.

Når vi skal finne ut kva kulturvern er, kan det vere nyttig å sjå på dei to orda som omgrepet er sett saman av: *kultur* og *vern*. Siste leddet, *vern*, kan vi forklare med å "ta vare på", "beskytte", "pleie". Kultur er vanskelegare å forklare, bl.a. av di det omfattar det meste av det som har med mennesket å gjere, dvs. heile livsforma. Kultur nyttta i kulturvernsamanheng er derfor knytt til spor eller minne etter mennesket, kulturminne. Kulturminne er alle slags minne eller spor etter mennesket si verksemد.

Av di alle minne eller spor etter mennesket er kulturminne, omfattar dei munnlege, litterære og materielle overleveringar om levesett i tidlegare tider, kultur og historie. Vi kan dele dei inn i to hovudgrupper; materielle og ikkje-materielle minne.

Med *materielle kulturminne* meiner vi konkrete, fysiske ting som vi kan sjå og ta på. Desse deler vi inn i *faste* og *lause* kulturminne. Faste kulturminne er kjennteikna med at dei er ikkje-rørlege, faste spor i naturen etter menneske. Den største gruppa er bygningar av alle slag, men dei omfattar også vegar, bruer, forsvarsverk, gruver, båtstø, hagar o.a. Med lause kulturminne meiner vi ikkje-jordfaste gjenstandar som datamaskiner, møblar, leiker, bøker, reiskap, pyntegjenstandar o.m.a. Kulturminne som vi ikkje ser eller kan ta på, kallar vi *ikkje-materielle kulturminne*. Til denne gruppa reknar vi alle former for munnlege overleveringar som talemål, tru, segner, eventyr, musikk, film, video, namn, samværformer, arbeidsteknikkar o.l.

## KVIFOR VERNE KULTURMINNE?

Kulturminnevernet handler om store sammenhenger- om forholdet mellom mennesker og naturen, mellom fortid og framtid og mellom folk, nasjoner og verdensdeler, står det i miljøvernminister Torbjørn Berntsen i si miljøvernpolitiske utgreiing på 1990-talet, og vidare: Kulturminnene forteller oss hvordan vi har brukt og tilpasset oss naturen gjennom tidene. De representerer en viktig del av kulturarven og vitner om vårt ansvar for å bevare og berike den. Og sist, men ikke minst: Kulturminnene forteller oss både om lokale tradisjoner og internasjonale relasjoner.

Først og fremst tek vi vare på kulturminna våre fordi dei alle saman er historiske kjelder, men òg fordi dei er miljø- og identitetsskapande. Dei ikkje-materielle kulturminna fortel oss om tidlegare tenkjemåte og levesett. Historievitkapanane er avhengige av ulike historiske kjelder, spor og minne etter mennesket, for å greie ut om levevilkår og handlemåtar til ulike grupper i samfunnet. Det gjeld den politiske leiarskapen, dei få som styrde dei mange gjennom den politiske og militære makta si, og korleis dei mange som vart styrde

levde. Likeins er det gjennom dei historiske kjeldene vi kan få greie på korleis folk tidlegare oppfatta verda oglivet.

Når vi veit at faste kulturminne er hus, fabrikkar, åkrar, vegar, beite- og slåttemark, bruer, hamner m.m., ser vi at kulturminna utgjer ein vesentleg del av kulturlandskapet rundt oss. På same måten som naturinntrykka knyter menneska til omgjevnaden, gjev kulturminna dei samanheng med historia, slekt og tradisjonen vi lever i. Dei faste kulturminna er ein del av den fysiske realitten som er med på å prege oss. Derfor er det eit vesentleg samfunnsspørsmål korleis denne arven vert forvalta.

I åra etter krigen har vi vore vitne til ei rask og gjennomgripande omforming av omgjevnaden vår. Endringane er så raske at vi registrerer dei på få år. Det var ikkje vanleg tidlegare. Samstundes har vi fått betre høve til å oppleve andre landsdelar og andre land, og vi vert stadig sterkare trekte inn i det internasjonale samfunnet. Møtet med framande miljø skjerper interessa vår for det som er vårt eige sær preg, og det som er stadtypisk. Først når vi innser kor avhengige vi sjølv er av å ha eigen kulturell identitet, kan vi fullt ut verdsetje og gje rom for andre. Vi kan seie at dess meir internasjonale vi vert, dess viktigare er kulturvernet for identiteten vår. Tryggleik på eigen identitet styrker evna vår til fleirkulturell sameksistens.

Mesteparten av tida etter den siste verdskrigen har sterke krefter i samfunnet arbeidd iherdig for vekst. Vekstfilosofien har vore så godt som einerådande over alt i samfunnet. Kultur- og miljøvern har vore sett på som hinder. Utbyggingsar som har vorte stansa på grunn av arkeologiske funn, med forseinking og utgraving som entreprenøren, kommunen eller bonden har måtte betale sjølv, har hatt sitt å seie for dette synspunktet. Det har lønt seg økonomisk å betale mulkt for å ha øydelagt eit freda kulturminne i staden for å varsle styremaktene og vente på undersøking og eventuell utgraving. I dei siste åra, etter at øydelegging av freda kulturminne kom inn under omgrepet øko-krim, har mulkta auka mykje for å skape preventiv verknad.

Den omfattande flytinga fra landsbygda til byar og tettstader i etterkrigstida har ført med seg ei intens nybygging, og det gamle har ofte måtte vike for det nye. Ny teknologi har også gjort det mogleg å endre jomfruelege område til tettbygde strok på eit minimum av tid. Tekniske hjelpemiddel har ofte vorte brukta utan tanke på dei verdiane som har gått tapt ved uopprettelege inngrep i landskapet. For seint har mange sett verdien av å verne og take omsyn til kulturminne når ein utformar dei nye miljøa, vurdere dei som ressursar som det nye samfunnet kunne ha bruk for. Det moderne jordbrukskillet har også gjort sitt

til å endre landskapet gjennom intensiv monokultur. Dette fører i første omgang til ein radikal nedgang i talet på planteartar, og ein tilsvarende reduksjon av insekt- og dyreartar i neste. I mange tilfelle har det først i ettertid gått opp for oss at det var den felles natur- og kulturarven vi raserte, og at som kulturasjon vart vi fattigare på den måten.

Krigshandlingar har i moderne tid rasert mange kulturmiljø. Hjå oss tenkjer vi helst på brenninga av Finnmark og ”den brente jords takikk”, som tyskarane stod for då dei måtte trekke seg attende for den allierte overmakta i 1944. Elles er det spesielt bileta av utbomba og brende byar som Warszawa, Budapest, Berlin som dukkar opp på netthinna vår når vi talar om fylgjer av krigshandlingar under den 2. verdskrigen. Men kulturminne som medvitne bombemål hører først og fremst til i den nyaste tida, særleg i borgarkrigar og konfliktar mellom ulike folkegrupper. Spesielt i etniske konfliktar vert identitetsskapande kulturminne søkt sletta av di kulturminna representerer motstandaren og fortel historia hans. Borgarkrigen i det tidlegare Jugoslavia, der bl.a. katolikkar, gresk-ortodokse og muslimar stod mot kvarandre, etterlet seg m.a. ei mengd utbrennende kyrkjer og minaretar. Likeins har krigane i Afghanistan og Irak, med store og omsynslause øydeleggingar av kulturminne, skapt ei ny forståing for eit internasjonalt fellesansvar for å sikre og verne kulturminne.



Brua over Neretva i Mostar, Bosnia. Frå 1500-talet har bruha bunde saman ulike etniske folkegrupper. Ho vart øydelagd under Balkankrigen, og kom til å stå som eit symbol på meiningsloyse og lidingar under krigen. Med internasjonale midlar er bruha no bygd opp att. Foto Sigrid Bø 1997.

På same måten som vi seier at biologisk mangfald er viktig for alt liv på jorda, kan vi seie at det kulturelle mangfaldet er viktig. Fleire organisasjonar arbeider for vern av kulturarven i ein global samanheng. Av stor verd for det internasjonale statlege engasjementet er FNs arbeid gjennom UNESCO. I 1972 vart *Konvensjonen om vern av verdens kultur- og naturarv*, verdsarven, vedteken. Konvensjonen stadfestar at det er eit felles moralsk og økonomisk ansvar å verne desse skattane for framtida, det er arven til menneskeheita. Konvensjonen er det juridiske dokumentet som har fått størst internasjonal tilslutning på området sitt. I ein artikkel i Fortidsvern poengterer Dag Myklebust at ved å underteikne konvensjonen, forpliktar kvart land seg til å verne det som er innanfor eigne grenser og vert vurdert til å ha universell verdi. Noreg ratifiserte konvensjonen i 1977.

Ansvaret for å definere kva monument og miljø som har slik verdi at dei bør vernast for ettertida, ligg til UNESCO, FNs komité for verdensarven. UNESCOs *Liste over verdens kultur- og naturarv* (World Heritage List) omfattar såleis dei fremste kultur- og naturskattane i verda. Direktøren for UNESCOs World Heritage Centre, Bernd von Droste har framheva World Heritage-stadene som viktige fordi *de er storslårte og enestående eksempler på vår verdens utvikling, på hvordan menneskene i tidligere samfunn levde, hvordan de tenkte, hva de tilba. Disse stedene hjelper oss å forstå sammenhengen mellom natur og kultur, mellom fortid og fremtid. De bærer i seg egenskaper som får oss til å se ut over oss selv, slik at vi bedre forstår vår egen plass i utviklingen, ja, i hele universet.*

Noreg har fem kulturminne på World Heritage lista; helleristningane i Alta, Bryggen i Bergen, bergstaden Røros, Urnes stavkyrkje og øysamfunnet Vega. Det vert arbeidd for å få fleire anlegg inn på denne lista, bl.a. Telemarkskanalen, eit unikt fjordlandskap, fire målepunkt i Finnmark. Likeins har spørsmålet om Morgedal, med minnet om Sondre Nordheim og den moderne ”skisporetens vogge”, kan oppnå denne statusen. Det ville vere det første norske ikkjematerielle kulturminnet som kom på lista over verdensarven.

## **Kapittel 4**

### **KULTURVERNHISTORISK OVERSYN**

Ofte stiller vi oss undrande til korleis og kva som tidlegare har vorte gjort for å take vare på kulturminna våre. Slik vil sikkert også ettertida kritisere oss for dagens kulturvernopolitikk. For innan kulturvernet finst ikkje noko eintydig fasitsvar sjølv om ein heile tida arbeider ut frå val og prioriteringar på meir og mindre faglege vurderingar. Kulturvernet må leve med det problemet at det samtidsgaugo såg, vurderte og fatta av vedtak, vil ettertida kunne kome til å vurdere annleis. Parallelt med endringar i samfunnssyn og kulturpolitikk, har også synet og metoden i kulturvernpolitikken i sume høve endra seg. For betre å forstå vernearbeidet, skal vi gjere ei historisk reise gjennom kulturvern-historia i Noreg.

Sjølv om ordet ikkje fanst i det før-industrielle samfunnet, var kulturvern nærrast innebygd i levemåten. Bygningar og reiskapar vart laga for å vare lengst mogleg, og gjenbruksprinsippet gjeldt i ulike samanhengar. Folk reparerte framfor å kaste. Skulle det byggjast eller lagast noko nytt, vart gamalt materiale brukta om att så sant det var mogleg. Kulturvern som system er derfor ikkje noko nytt, medan omgrepene høyrer dei siste par hundreåra til.

Nytteomsynet låg og til grunn for den eldste forma for vern av arkivmateriale, skriftstykke. Alt i tidleg mellomalder voks det fram kongeleg arkiv. Kanslaren hadde tilsynet med det kongelege seglet og arkivsakene. Dette var eit av dei høgste embeta i mellomalderen, og arkivansvaret syner kor viktig det var å sikre skriftelege avtalar og avgjersler. Utifrå den makt og oppgåver kyrkja har hatt i Noreg, har dei kyrkjelege embeta produsert omfattande og verdifulle arkivsamlingar oppover hundreåra (sjå Del IV).

Privatfolk hadde også "arkiv", dokument som omhandla gjensidige avtalar, makeskifte, gardstvistar m.m. Desse var viktige for bonden, og vart tekne vel vare på. Vi veit frå mange samanhengar at nettopp skinnbrev og gamle dokument vart rekna med til verdisakene på garden og oppbevara i loftet, bur og kister, alt etter kvar dei kunne sikrast best mot uvedkomande.

Sjølv om slike former for praktisk kulturvern har vore vanleg på fleire område tidlegare, inneber likevel 1800-talet noko nytt. Då fekk kulturvernet eigenverdi.

Liberalismen var det rådande grunnsynet frå slutten av 1700-talet, med krav om folkestyre og likskap mellom individua. I kjølvatnet etter den store franske revolusjonen i 1789 vart slagorda fridom, likskap og brorskap spreidde.

Standsprivilegia vart oppheva i det eine landet etter det andre i Vest-Europa, standssamfunnet gjekk i opploysing og klasse samfunnet vaks fram. I politikken kom nasjonalismen til å verke i tillegg, framskunda av Napoleonskrigane. Kravet var at kvar nasjon skulle vere sin eigen stat, ikkje fleire samla i ein stor stat.

Det politiske og ideologiske grunnsynet gjekk hand i hand med vitskap og kunst. I historie- og språkforskinga kom studiet av opphav og stordomstid i sentrum. Språkforskinga førde naturleg over i folkediktinga. Vitskapsfolka såg folkediktinga som folket si eiga kollektive diktning, i motsetnad til den lærde, akademiske og individuelle kunsta. I folkediktinga kom folkeånda og folkekarakteren best fram, meinte dei. Derfor måtte diktinga fram i ljuset så heile nasjonen kunne få del i denne kunniskapen. Med dette fylgte idealisering av bonden, "den edle villmannen", som dei meinte fri og ubunden forvalta den opphavlege kunniskapen til nasjonen.

Innan kunst rådde romantikken med interesse for det primitive, enkle og allment menneskelege. Draumen var ein idyllisk naturtilstand der menneska var harmoniske og lykkelege, slik den franske diktaren Rousseau hevda. Romantikarane dyrka venleiken, som dei helst fann ute i naturen. Landleg idyll dominerte i målarkunsta. Frå å vere sett på som stygt, uhyggeleg og utan nytte, vart den ville naturen no oppfatta som vakker og godt eigna til å vekkje dei romantiske kjenslene. Hjå oss var målaren I. C. Dahl den fremste eksponenten for dette. Han drog omkring i landet og fann motiv frå den storfelte fjellnaturen og folkelivet.

Innan arkitektur stod mellomalderen og gotikken som dei store forebileta, men også husa til vanlege folk. Dei gamle tømra husa i innlandsbygdene kom dermed til å symbolisere det opphavlege og det typisk norske.

Saman dannar romantikken og nasjonalismen den ideologiske grunnhaldninga som kallest nasjonalromantikken. I Noreg nådde den høgdepunktet omkring midten av 1800-talet. Etter frigjeringa frå Danmark i 1814, skulle den norske nasjonen vekkjast av tornerosesvevnen. Til det måtte eigenarten dokumenterast og nasjonalkjensla vekkjast. Historikarane kom derfor i lang tid til å koncentrere seg om mellomalderen, stordomstida, då Noregsveldet var på det største. Dette gjaldt og studiet av folkediktinga som ein meinte hadde mellomalderoppfav.

Siste halvdel av 1800-talet innebar også ei stadig sterkare industrialisering med folkeflytting til byar og tettstader. Billig masseproduserte industrivararar tok etter

kvart over marknaden på fleire område, og kom til å bryte mot det lokale og tilvante både i by og bygd. Det medførde behov for å studere, dokumentere og take vare på dei kulturprodukt og kulturmiljø som stod i fare for å verte fortrengde av det nye. Oppbygginga av det moderne kulturvernet byrja nett på denne tida, og nasjonalromantikken kom til å prege kulturvernarbeidet hjå oss. Den nasjonalromantiske renessansen etter unionsoppløysinga i 1905 forsterka og forlengde denne tendensen.

Tanken om å bygge opp eit museum for oldnorsk forsking hadde slege igjenom tidleg på 1800-talet. Det Kgl. Selskab for Norges Vel oppretta i 1811 ein Antiquitetscommission som skulle drive praktisk vernearbeid. Kommisjonen var den første i landet som arbeidde direkte med fortidsminne, og samla bl.a. inn ein del kulturminne. Desse antikvitetane vart seinare gjevne til Universitetet i Oslo. Ut over hundreåret vart det også oppretta fleire museum (sjå Del IV).

I tida omkring 1800 hadde det vorte drive aktivt innsamlingsarbeid av folkeviser, segner og eventyr i fleire europeiske land. Utgjevingar av folkevise- og eventyrbøker synte seg å vere svært populære. Viseboka til engelsmannen Percy vart uhyre populær i Noreg, men mest å seie fekk innsamlinga av tysk folkediktning. Den tyske filosofen Herder skapt omgrepfolkevise ved utgjevinga av *Volkslieder* i 1770-åra. Elles er det vel brødrane Grimm vi først tenkjer på i denne samanhengen. Olav Bø, professor i folkeminnevitskap, seier at då brødrane Jacob og Wilhelm Grimm i 1812 gav ut den vidjetne eventyrboka "Kinder- und Hausmärchen" vart folkeminnevitskapen til. Då først vart kravet om truskap mot folketradisjonen følt som den viktigaste rettesnora. Brødrane Grimm fekk spesielt mykje å seie gjennom den personlege kontakta dei hadde både i Danmark og Noreg.

Den første norske folkeminnesamlinga kom ut i 1833, *Norske Folke-Sagn*, samla og utgjeven av presten Andreas Faye. Fayes bok var tvillaust ein pådriver for innsamlinga av det omfattande folkeminnestoffet som vart gjort i tida omkring 1850. Ikkje minst gjaldt det segn- og eventyrrinnssamlingsarbeidet til P. Ch. Asbjørnsen. I 1845 gav han ut første samlinga av *Huldre-Eventyr og Folkesagn*. Han hadde då i fleire år arbeidd saman med Jørgen Moe, som også hadde gjeve ut ei visesamling *Sange, Folkemiser og Stev i norske Almuedialekter*. Best kjende er likevel Asbjørnsen og Moe for samarbeidet om innsamling og utgjeving av eventyr. Første heftet av *Norske Folkeeventyr, samlede ved Asbjørnsen og Jørgen Moe* kom ut i 1841. I dei påfylgjande tre åra fylgte det årleg eit nytt hefte, medan den samla utgåva norske folkeeventyr kom i 1852.

Samtidig, i 1852-53, gav M. B. Landstad ut den omfattande folkevisesamlinga *Norske Folkeviser*. I tillegg kom musikkvedlegga, melodiar levera av Lindemann. Landstad og Lindemann har i stor grad fått æra for at den rike folkevisetradisjonen vart sikra. Men i ettertid har det kome fram at mykje av dette hørde til det materialet som Olea Cröger, ei prestedotter frå Midt-Telemark, hadde teikna opp. Ho hadde prøvd å gjeve ut materialet, men på den tida var noko slikt vanskeleg for ei kvinne. Med god kjennskap til lokale forhold og sterkt interesse for folkediktinga, betyddde innsamlingsarbeidet hennar mykje for sikring av melodiane og folkevisene frå mellomalderen.

Tida omkring 1850, medan nasjonalromantikken nådde sitt klimaks, føregjekk innsamling av folkeminne på mange plan. Folkeminne vart universitetsfag og vi fekk dokumentasjon og granskning av folketradisjonen. Spesielt kan vi nemne to namn i denne samanhengen, Sophus Bugge og Molkte Moe. I tillegg til sjølve innsamlings- og granskingsarbeidet av folkediktinga, fekk dette mykje å seie for språkutviklinga i Noreg. Nedteikning av den munnlege tradisjonen gjorde det nødvendig å bruke norske ord og vendingar i staden for dansk uttrykksmåte. Eventyra og segnene sprengde rammene for det danske språket.

I den fleire hundreårslange unionstida hadde Noreg m.a. mista det skriftlege nasjonalspråket sitt. Dansk vart nytta som skriftspråk i administrasjon, undervisning, bøker. Norsk språk var likevel bevart i dialektane. Dei første tiåra etter at vi hadde fått grunnlova og den norske staten var gjenopprettet, vart spørsmålet om eige skriftspråk reist. Hovudskiljet kom til å stå mellom ein konsernativ fløy som ville halde fast ved dansk skriftspråk og nær kulturkontakt med Danmark. På den andre sida stod dei som ynskte ei meir sjølvstendig kulturell utvikling, medrekna utvikling av eit norsk skriftspråk (sjå Del III).

Tiåra omkring 1850 var også viktige for vern av skriftleg materiale og materielle kulturminne. Skipinga av Riksarkivet, og med Wergeland som den første riksarkivaren, daterer vi til 1840-åra. Få år etter kom det første statsarkivet. Dei første tiltaka for å verne bygningskulturen hører til den same tida.

I 1844 stifta kunstmålarane I. C. Dahl og Joachim Frich *Foreningen til Norske Fortidsminnesmerkers Bevaring*. Medan dei reiste rundt i landet og måla romantiske landskapsbilete, fatta dei interesse for stavkyrkjene. Den første oppgåva til Fortidsminneforeininga var nettopp å redde stavkyrkjene.

Sentrale personar i landet vart gripne av ideen til Foreininga; statsrådar, biskopar, prestar, offiserar, prokuratorar, kjøpmenn og andre ville vere med å verne

fortidsminna. Blant dei første medlemene var det ein greve, sju baronar og fleire andre stormenn. Likevel hadde rørsla breitt sosialt engasjement ved at medlemene også omfatta byggmeistrar, tømmermenn, snekkarar, murmeistrar og -sveinar, glasmeistrar, gipsmakarar, instrumentmakarar, bokbindarar, boktrykkarar, hattemakarar, skomakarar og skreddarar samt ein los og ein fiskar. Mesteparten av det norske samfunnet ser faktisk ut til å ha interessert seg for fortidsminnevern den gonga.

Interessefeltet til Foreininga har variert noko opp gjennom tida, ut frå kven som har vore drivkrefte bak. I den første perioden var Foreininga dominert av målarane som hadde teke initiativ til skipinga. Dei drog stadig på fotturar i den norske naturen og samla inntrykk frå stavkyrkjene og anna som dei fann pittoresk. Etter målarane overtok historikarane med antikvar Nicolaysen i brodden. 1800-tals historikarane si interesse for norsk mellomalder gav seg utslag i eit stort engasjement for å frede mellomalderbyggverka. Ut på 1900-talet tok kunsthistorikarane og arkitektane over styringa i fortidsvernet, og fylgjene var ei fokusering på dei finaste byggverka frå 1600- og 1700-talet og freding av desse. I dei seinaste tiåra har det vore ei viss utviding av interessefeltet til Fortidsminneforeininga slik at også industriminne og vanlege bustadhус har vorte objekt for vernearbeidet. Foreininga eig mange verneverdige bygningars, for det meste byggverk av høg antikvarisk verdi.



*Den gamle bybrua i Trondheim har vorte eit symbol for byen. Foto Sigrid Bø 1980.*

I dei nærare 150 åra Fortidsminneforeininga har vore til, har ho spela ein viktig rolle i norsk bygningsvern. Fram til opprettinga av Riksantikvarembetet i 1912, tok Foreininga seg av mange oppgåver som seinare vart ei statleg oppgåve. Også i dag har Foreininga gjennom fylkesavdelingane stor påverknad i bygningsvernet på ulike forvaltningsnivå.

Det er først og fremst på 1900-talet at juridiske verkemiddel er tekne i bruk innan kulturvernet. Forekla kan vi seie at vi har to typar lover kulturvernet kan gjere seg bruk av: lover som fredar kulturminne og lover som ved spesielle vedtak kan nyttast til å verne kulturminnet (sjå Del I).

I 1905 kom den første lova om freding av fortidsleivningar, *Fornminnelova*, medan *Lov om bygningsfreding* vart sett i verk 15 år seinare. Etter den 2. verdskriegen skulle landet reisast att, og det skjedde med ei hardhendt utskifting av det gamle i tillegg til erstatninga av det krigen hadde teke. Dette skapte behov for eit betre lovverk til å sikre det mest verdfulle, og resultatet kom i den nye fredingslova i 1951. Vel ti år seinare kom *Bygningslova* (1965), ei lov som kunne ha vore ein nyttig reiskap til vern og kontroll av bygningsmiljøet om dei kommunale styresmaktene ville ha nytta henne. Men ofte skorta det på kompetanse og vilje til ein målmedviten bygnings- og miljøpolitikk hjå kommunale sakshandsamarar og politikarar. Derimot vart Saneringslova frå 1967 flittig bruka, ei lov som hadde utskifting av eksisterande bygningsmiljø til målsetjing. Heile bydelar vart lagde i grus, med velsigning frå denne lova, t.d. Vika og Ruseløkka i Oslo. Heldigvis fekk lova relativt kort verketid som rein saneringslov. På midten av 70-åra vart ho erstatta med *Lov om fornyelse av tettbygde strøk*. Derved kunne det, med grunnlag i den lova, fattast kommunale vedtak om rehabilitering eller sanering. Gunstige låneordningar i statsbankane i samband med rehabiliteringstiltak, hadde gulroteffekt.

I 1970/80-åra innsåg styresmaktene behovet for ei større samordning av lovverk og samfunnsplanlegging. *Plan- og bygningslova* frå 1986 pålegg planleggingsarbeid innan ulike sektorar på fylkes- og kommunenivå. Næringsutviklinga skal samordnast og planleggjast av etatar innan kultur- og helse og sosial. For kommunane er dette lovverket nyttig for den som ynskjer at samfunnsutvikling skal skje ut frå ei total vurdering. Også den delen av bygningsvernet som gjeld freding vart samordna ved at *Lov om kulturminner* frå 1978 omfattar både automatisk freding og freding ved spesielle vedtak.

Grovt sett kan vi sjå ei utvikling av kulturvernet i tre fasar: I den eldste forma for kulturvern var vernetanken bygd inn i sjølve samfunnssystemet og hadde

praktiske bruksfunksjonar i seg. Andre fase kom på 1800-talet med opplyningstida og romantikken, ei tid med store omveltingar både økonomisk, politisk, sosialt og kulturelt. Kulturvernet fekk ein ny dimensjon ved at kulturminna og tradisjonen vart viktige som kulturhistorisk kjelde til nasjonal identitet. I tredje fase vart kulturvernet i langt sterkare grad trekt inn i samfunnsplanlegginga og forvaltinga.

I tillegg til ei forsterking av behovet for vern for kulturhistorisk dokumentasjon og identitet, fekk kulturvern mykje å seie i samband med trivsels- og miljømessige vurderingar. Dette må sjåast i samanheng med den vidare industrialiseringa og urbaniseringa. Teknologien revolusjonerte arbeidsprosessane i primærnæringa og industrien. I kjølvatnet av dei tekniske nyvinningane fylgde ein herskande vekstfilosofi og teknokratisk tankegang. Kortsiktig økonomisk profitt, ein "bruk-og-kast-mentalitet", forureina og minska kvaliteten i miljøet. Behovet for ei sterkare grad av samfunnsstyring gjennom planarbeid synter seg nødvendig. Korkje naturen, kulturen eller mennesket toler lenger at kortsiktige profittinteresser styrer samfunnsutviklinga. Ein medviten og forsvarleg forvalting av natur og kultur som grunnlag har synt seg naudsynt.



*Historisk utvikling! Teikning Geir Helgen.*

Kultur omfattar alle sider ved levesettet vårt, buformer, arbeidsformer og samversformer, men også språk, tru og tankesett. Det nyttar lite å påvise skadeverknadene av kultur- og miljøforbruket, utan aktivt arbeid for å endre holdningar og vanar. Frå 1970-åra har kultur- og naturvernet vorte fokusert, og mange varsko ropa. Skal sivilisasjonen vår ha ei framtid, må samfunnsutviklinga styrast frå ei heilskapleg vurdering og forsvarleg forvalting. Det betyr m.a. at kultur- og naturomsyn må takast med i samfunnsutviklinga, og vere viktige moment i all planlegging.

Nokre av desse tankane har kome til uttrykk i kulturpolitikken dei siste tiåra. Alt i St.meld. 23 om kulturpolitikken i 80-åra, og vidareført i kulturmeldingane etterpå, vert det understreka korleis kulturvern skal gå inn som ein del av eit levande kulturliv og gjeve kunnskap om og holdningar til fortid og notid. Samstundes utgjer kulturvernet ein naturleg del av miljøpolitikken. Det heiter vidare at vernearbeidet på alle felt bør så langt råd er, skje etter vitskaplege retningslinjer. Det vi vernar, må vi integrere i samfunnet, ikkje som kunstige overleveringar, men som aktive delar av kulturen vår. Miljøvernet, medrekna kulturvernet, er eit samla nasjonalt og offentleg ansvar.

Frå den første kulturmeldinga kom i 1970-åra, har det overordna målet med kulturpolitikken vore bygd på utsegna om å *bygge ut eit kvalitativt betre samfunn*. Eit samfunn med likestilling mellom grupper og einskildmenneske og der kvar einskild kan utvikle evner og anlegg i eit rikt og trygt miljø. Blant dei lanserte områda finn vi tre som spesielt gjeld kulturmiljøet:

- ein levande kulturarv.
- gode nærmiljø.
- kvalitet og fornying.

Dei må alle kunne seiast å vere viktige for miljøvernet. Dei faktiske forholda har seinare gjeve oss store utfordringar, særleg på grunn av ny teknologi, ny kunnskap om miljøforureining, auka fritid og mindre økonomisk vekst enn før.

## **Kapittel 5**

### **VERNEKRITERIUM**

Alle spor etter mennesket definerte vi som kulturminne, men det er korkje ønskeleg eller mogleg å take vare på alle kulturminna. Det må gjerast eit utval. Som privatperson kan eg t.d. vedlikehalde og take vare på eit hus fordi eg har eit personleg forhold til det, anten fordi eg har gode minne knytt til staden, dei som har budd der eller bygt det. Likeins kan det vere med ein moped eller ei vise. Vi seier at kulturminnet har affeksjonsverdi for meg. Dette gjer at eg vil ta vare på kulturminnet, sjølv om det står fram som uinteressant for andre. For kva vi legg til grunn og definerer som verdt å take vare på, vil i mange høve kunne vere ulikt om vi vurderer det utifrå ein privat og offentleg sfære. Medan personlege kjensler i forhold til eit kulturminne kan vere god nok grunn for kva eg som privatperson tek vare på, må det offentlege kulturvernet byggje på meir objektive faglege vurderingar.

Eit metodisk grep for å velje ut kva som skal takast vare på, er å vurdere det einskilde kulturminne opp mot dei definerte utvalsriteria eller utvalsgrunnar. Kulturminna kan vurderast utifrå det same sett verneverdiar og utvalsgrunnar anten det er heile kulturmiljø, einskildbygningar, gjenstandsmateriale, arkivsaker, ulikt munnleg stoff, vidareføring av samverstradisjonar m.m.

Nedanfor gjer vi kort greie for desse. I dei påfylgjande kapitla om vern av ulike kulturytringar, vert desse verneverdiane og utvalsgrunnane nytta utan nærmere forklåring.

#### **1. Identitet, kontinuitet og tilhøyrigheit**

Kulturminna har mykje å seie for tryggleiken og trivselen til einskildmennesket. Dei gjev kjensle av kontinuitet og samanheng med samfunnet.

#### **2. Historisk kjeldeverdi**

Kulturminna er viktige kjelder om fortida. Kunnskapen om folks tidlegare levemåte og tankesett bør vere så allsidig som mogleg.

#### **3. Alder**

Av di det vert att færre kulturminne til lengre attende i tid vi går, er det spesielt viktig å verne dei som har høg alder.

#### **4. Representativitet**

Det er korkje mogleg eller ynskjeleg å take vare på alle kulturminna. Utvalet må derimot vere representativt for ulike tidsperiodar og sosiale grupper.

## 5. Miljøverdi, variasjon og homogenitet

Eit miljø som har tydelege spor etter samanhengande bruk langt attende i tid, har ofta stor variasjonsbreidde. Medan andre miljø som har vorte til over kort tid og heilskapleg planlegging, gjerne er homogene. Båe er spesielt sårbare, og heile miljøet må vurderast nøyne ved ei kvar form for inngrep.

## 6. Estetisk verdi

Estetiske opplevingar har alltid verdi i seg sjølv. Mange kulturminne, både materielle og immaterielle, vert opplevde som vakre. Spesielt viktig er samspelet mellom einskildobjektet og omgjevnaden, t.d. eit steingjerde i eit englandskap, eit gammalt fjøs i eit godt bevara gardstun, brusteinsdekka gate i gamalt bymiljø eller blomstrande språkbruk hjå ei slagferdig torgkvinne.

## 7. Bruksverdi

Dei fleste kulturminna har stor bruksverdi, anten i opphavleg form eller med visse endringar og tilpassingar.

## 8. Ressursverdi

Alle kulturminne er i seg sjølv ein ressurs, økonomisk, estetisk og miljømessig.

## 9. Pedagogisk verdi

Alle kulturminne fortel om fortida, og har historisk kjeldeverdi. Å gå i dei same miljøa og oppleve spora menneska har etterleite seg i form av gjenstandar, bygningar, musikk, barneleikar o.a. gjev større forståing av fortida enn berre å lese om det.

## 10. Autensitetsverdi

Det er få kulturminne som har halde den opphavlege forma og funksjonen sin uendra. Det er derfor grunn til å sikre desse, fordi dei er spesielt gode kjelder for si tid.

## 11. Symbolverdi

Eit kulturminne knytt til ei hending, ein person eller stad, er også viktig å take vare på fordi det kan symbolisere nasjonen eller staden, t.d. Eidsvollsbygninga for nasjonen, fenalåret for matkulturen vår og Alf Prøysen for hedmarkingane.

Ein generell regel er at den einskilde kulturytringa må vurderast både ut frå seg sjølv og i sin samanhengen.

## **Kapittel 6**

### **VERKEMIDDEL**

Forvaltarane og politikarane har tre virkemiddel å gjere seg bruk av for å gjenomføre den kulturpolitikken dei ynskjer:

- legale virkemiddel
- økonomiske virkemiddel
- holdningsskapande virkemiddel

Med legale virkemiddel meiner vi bruk av lover og påbod for å sikre og vedlikehalde kulturminne. Økonomiske virkemiddel inneber vanlegvis at eigaren av det får økonomisk støtte eller andre fordelar ved å take vare på kulturminnet. Det økonomiske tilskotet kan kome frå stat, fylke eller kommune. Det tredje virkemiddelet i kulturvernet er noko meir langsigttig, men kanskje noko av det som gjev best resultat både på kort og lengre sikt, å medvirke til interesse og vilje til å take vare på kulturarven.

Alle tre virkemiddela trengst både i vern av materielle og ikkje-materielle kulturminne. Men utifrå sin eigenart, er det noko ulikt korleis legale verkemiddel kan nyttast. Som det kjem fram i kapitla om materielt kulturvern og lovverk, har vi ei fredingslov som gjer det straffbart å skade eller slette eit kulturminne som etter lova er eller vert freda. Andre lover kan takst i bruk for å verne kulturminne av ulik art (sjå Del II).

Av forstålege grunnar kan ikkje same framgangsmåten nyttast for vern av ikkje-materielle kulturminne. Slik kulturtradisjon er rimelegvis nært knytt til personen, og det spesielle forholdet mellom kulturytringa og tradisjonsberaren, gjer at juridiske virkemiddel som påbod til vern og vidareføring ville vore absurd i eit demokratisk samfunn. Av lett forstålege årsaker kan ikkje det offentlege påleggje einskildpersonar gjennom lov å vere tradisjonsberarar, t.d. at ein person skal bruke og vidareføre den lokale dansen, segntradisjonen, tale ein spesiell dialekt e.l.

I arbeidet med å verne ikkje-materiell kultur vil hovudoppgåva vere å leggje til rette for bruk og vidareføring av tradisjonsstoffet. Den beste forma for kulturvern i denne samanhengen er å sikre vidare bruk. I den grad juridiske virkemiddel vert nytta, må det vere å leggje forholda til rette slik at kulturytringa har ein rettmessig plass i samfunnet, t.d. lov om målbruk i offentleg teneste (sjå s. 58ff.).

Elles har styresmaktene ei stor oppgåve innanfor kulturvern med opplysningsarbeid og såleis gjeve innsikt i å skape interesse for vidareføring av ulike kulturytringar, anten det er materiell eller ikkje-materiell kulturarv.

I tillegg til funksjonelt kulturvern, vil det vere behov for kulturhistorisk dokumentasjon og oppbevaring av kulturytringane i arkiv og samlingar. Alle tre forvaltningsnivåa; stat, fylke og kommune har oppgåver å dekke.

Det kan vere tale om å setje i gong landsomfattande registrerings- og innsamlingar anten som definerte prosjekt, t.d. den landsomfattande bygningsregistreringa som vart utførd dei siste tiåra av 1900-talet, og var eit samarbeid mellom alle tre forvaltningsnivåa, SEFRAK (sjå Del II). Elles har både friviljuge organisasjonar og offentlege kulturinstitusjonar gjort fleire tiltak for å sikre privat arkivmateriale. Fylkeskommunane har ei spesiell oppgåve med å sikre arkivfagleg kompetanse i fylket, dvs. å opprette fylkeskommunale arkivstillingar. Dette kan vere med på å sikre fagleg forsvarleg dokumentasjon, samstundes kan det stimulere kommunane til innsamlingsarbeid. Fleire av dei større forskings- og utdanningsinstitusjonane arbeider også med å dokumentere kulturarven.

Kommunane har ei spesiell oppgåve i så måte ved at kulturminna finst alltid i eit lokalmiljø. På same måte som musea arbeider for vern og sikring av den materielle kulturen, trengst tilfredsstillande oppbevaringslokale for innsamla tradisjonsstoff og skriftleg materiale. Dette vil i dei fleste tilfelle bety oppretting av lokalhistoriske samlingar (sjå Del IV). Sjølv om einskildpersonar, friviljuge lag og organisasjonar kan gjere eit stort arbeid på dette området, krev det eit kommunalt engasjement både ved etablering og drift.

Noreg har ikkje noko lovverk som sikrar slike tiltak i dag. Kor vidt lokalhistoriske museum og samlingar kunne kome i lovs form dersom Noreg fekk ei kulturlov, er uvisst. Kommunane har ei stor oppgåve i å arbeide for kulturvern gjennom holdningsskapande virkemiddel, som også inneber behov for organisatorisk tilrettelegging og økonomisk oppfølging.

## Kapittel 7


### MUSEALT OG FUNKSJONELT KULTURVERN

Ofte tenkjer vi på museum og arkiv når vi talar om at eit kulturminne må takast vare på og sikrast for ettertida. Men kulturminna kan også vere i bruk, tene ein funksjon, sjølv om det er eit freda eller verna kulturminne. Utifrå dette kan vi tale om to verneprinsipp innan kulturvernet: musealt kulturvern som også kan kallast passivt vern og funksjonelt kulturvern eller aktivt vern.

#### MUSEALT KULTURVERN

Med musealt kulturvern meiner vi vern som inneber fastfrysing av ei kulturyting på eit gjeve tidspunkt, anten det er eit materielt eller ikkje-materielt kulturminne. Formålet er i første rekke å dokumentere objektet og take vare på forma på det gjevne tidspunktet. Objektet kan vere ein enkelgjenstand eller samling, ei bygning eller eit bygningsmiljø eller det kan vere eit heilt kulturlandskap med bygningar, vegar osv., men også talemål, dans, mattradisjonar osv. Innsamling og dokumentasjon av kulturminne bør gjerast utifrå faglege vurderingar både med omsyn til utval og dokumentasjonsmetode. I dei fleste høve vil det beste vernet vere å take vare på kulturminnet i sitt opphavlege miljø, spesielt gjeld dette for bygningar og liknande fysiske kulturminne. I andre høve kan det vere nødvendig å flytte objektet til ein annan stad eller institusjon, eit museum, arkiv eller liknande. Nokre kulturminne, t.d. ein gravhaug, ei bru, ei jarnbanelinje, må vanlegvis utifrå sin karakter som kulturminne, takast vare på staden. Årsaka er ikkje berre pga. storleiken på kulturminnet, men også fordi staden, den fysiske omgjevnaden, utgjer ein del av kulturminnet.

*Musealt vern med  
fryst interiør.  
Teikning Geir  
Helgen.*



Musealt vern av den ikkje-materielle kulturen vil derimot vanlegvis innebere innsamling og dokumentasjon ved å feste lyden og/eller biletet på papir, lydband, fotografi, film eller video. Her talar vi om ei sikring av stoffet, materialet for ettertida, under føresetnad av tilfredsstillande innsamlingsmetode og oppbevaringsforhold, vanlegvis i arkiv og museum. Innsamlings- og dokumentasjonsmetoden for denne delen av kulturarven, skil seg såleis frå den materielle.

Hovudoppgåva for det offentlege kulturvernet vil såleis vere gjennom organisatoriske og økonomiske virkemiddel å leggje forholda til rette for innsamling, dokumentasjon og oppbevaring. Juridiske virkemiddel, lovfesta vernetiltak om etablering av oppbevaringsinstitusjonar, ville kunne sikre oppretting av desse på dei ulike forvaltningsnivå.

## FUNKSJONELT KULTURVERN

Som ordet seier, inneber dette eit verneprinsipp der kulturytringa lever vidare som ein integrert del i samfunnet. Ho har ein plass i det daglege, er i bruk og har såleis ein funksjon. Oppgåva for kulturvernet vil i denne samanhengen først og fremst vere å legge forholda til rette for bruk, synleggjere kulturelementet, få fram særtrekket ved det, og i det heile å gjeve kunnskap, skape forståing og interesse for å føre kulturytringa vidare i sitt miljø. Funksjonelt kulturvern betyr såleis sikring gjennom bruk.

Funksjonelt vern kan innebere at kulturytringa må endrast noko, tilpassast det samfunnet det skal vere del i. Kulturytringar lever vidare som ein integrert del av samfunnet, anten i same form eller noko endra. Det kan vere behov for å tilpassast samtida, i same eller i ein ny funksjon. Vi kallar det likevel kulturvern fordi omforminga skjer på kulturytringa sine premissar og utifrå grundig kjennskap til kulturytringa. Dei viktige særkjenna ved kulturforma må vidareførast.

Ein dialekt kan tillempast ved at lokale spesialuttrykk vert modererte eller bytta ut med allmenne ord, men böyingssystem, syntaks og ordsamansetningar står uendra. Noko tilsvarande gjeld det norske språket generelt. Folkemusikken kan vi vidareføre ved nyskaping og i nye kombinasjonar, men med same takt, motiv og tonalitet. Ved omforming av eit kulturlandskap kan det vere aktuelt å nytte gamle/eksisterande stadnamn på nye funksjonar. Namnetradisjonar og reglar for oppattkalling kan vidareførast ved å tillempa dette t.d. dagens likestilingsprinsipp. Eventyr- og segnforteljinga i levande tradisjon speglar gjerne av samtidas uttrykksformer og moralsyn. Ikkje minst i samband med vedlikehald og rehabiliteringsarbeid har mange privatpersonar og institusjonar dokumentert at eldre bygningar eignar seg til vidare bruk og såleis representer store ver-

diar. Slike endringar av kulturmiljø og -tradisjon inneber og kontinuitet og sikrar funksjonen.

Ein levande kultur har alltid vore underlagt påverknad og omforming. I dag står vi likevel over eit grunnleggjande problem pga. det massive påtrykket utanfrå via media og dei raske endringane i samfunnet elles. Dersom vi skal kunne take vare på kulturtradisjonane våre, for oss sjølv, og ha noko å tilby andre nasjonar og verdas kulturarv, må vi drive ein systematisk og medvitен kulturpolitikk. Det krev både faglege, organisatoriske og økonomiske ressursar å sikre kulturytringane ein funksjon i samtida.

Funksjonelt kulturvern vil seie ei tillemping som skjer på tradisjonens premisser, ut frå kjennskap til eldre former og korleis denne tradisjonen har vorte brukta. Vidareføring av kulturtradisjon inneber at tradisjonen og ytringsformene vert nytta anten i det daglege eller ved spesielle høve, som ein naturleg del av kulturen. Islandsk språkpolitikk har vore eit forbileteleg eksempel gjennom arbeidet deira for å unngå moteord innan felt det alt finst dekkande ord i språket. Behovet for nye ord og uttrykk til å beskrive ny teknologi eller nye forhold, kulturord, sokjer dei å løyse ved aktiv bruk av eit nasjonalt ordtilfang i språkutviklinga. I tilfelle opptak av kulturord frå andre språk, kan dei tilpassast språket ved bruk av heimleg bøygningsmønster.

Ut frå ein kulturvernsynsstad er det ikkje noko motsetningsforhold mellom musealt og funksjonelt kulturvern. Som all levande kultur, vil både den materielle og ikkje-materielle kulturen vere i endring og tilpassing. Derfor er det av stor verdi å dokumentere den på gjevne tidspunkt. Det beste vernet av kulturytringar ville vere å sikre dei gjennom innsamling og dokumentasjon, samstundes som det vert lagt til rette for vidare bruk.

## Kapittel 8

### KULTURVERNFORVALTING OG LOVVERK

Med omgrepet norsk kulturvernforvalting meiner vi organiseringa og ansvarsfordelinga for kulturvernet i Noreg, kven som har ansvaret for kva, og det lovverket kulturvernet vert styrd etter. Dei organisatoriske og juridiske verke-midla innanfor kulturvernet er på mange måtar vovne inn i kvarandre. Vi vil gjere kort greie for korleis kulturvernet er bygt opp på sentralt, regionalt og lokalt nivå. Elles vil vi poengtare at berre visse delar av kulturvernet, særleg den materielle, har eit lovverk som pålegg vern og vedlikehald. Når det gjeld den åndelege delen av kulturarven, som t.d. tankesett og språk, kan ingen påleggjast ved lov å take vare på og vidareføre desse. Derimot kan lovverket formast slik at einskildpersonar og grupper som ynskjer, får hove til å take vare på kulturtradisjonen sin gjennom bruk og utøving. I samband med tankesett og språk, gjeld dette spesielt religions- og ytringsfridom, bruk av dialektar og val av skriftleg målform. Vi kan ikkje gå i detalj inn på kulturvernforvaltinga, men vil i slutten av kapitlet syne til meir fyldig litteratur.

#### KORT OM DEI TRE FORVALTINGSNIVÅA

Noreg vert styrt gjennom tre forvaltningsnivå: stat, fylkeskommune og kommune; med dei representative politiske organa Storting, fylkesting og kommunestyre (byråd). Stortingsrepresentantane vert valde frå heile landet, med ei viss mandatfordeling i kvart fylke. Vi har stortingsval kvart 4. år. Fylkesmannen er statens forlenga arm i kvart sitt fylke. Han er fast tilsett, men utpeika av Regjeringa. Fylkestinget styrer fylkeskommunen, og utgjer valde representantar frå fylket sitt. Kommunen vert styrt av kommunestyret, desse folkevalde frå kommunen sin. Kommunestyre- og fylkestingsrepresentantane vel vi ved same val, kvart 4. år (kommune- og fylkestingsvalet), men 2 år før/etter stortingsvalet. Dei folkevalde politikarane fattar dei formelle vedtaka.

Administrasjonen omfattar saksbehandlarane, og dei er tilsette i stillingane. Dei administrasjonstilsette førebur og set i verk vedtak fatta av politikarane. På alle tre forvaltningsnivå vert såleis politikarane valde kvart 4. år, medan sakshandsamarane i administrasjonen held fram i stillingane uavhengig av politikarskifte.

Ansvaret for kulturvernet i Noreg ligg på alle tre forvaltningsnivåa; stat, fylkeskommune og kommune. Og ansvarsfordelinga mellom dei ulike nivåa er ikkje eintydig. Dette skapar innimellom problem ved at det eine nivået fråskriv seg eit ansvar som den andre ikkje utan vidare oppfattar som sitt. Dermed risikerer ein at ingen ting vert gjort, både skyver saka frå seg, og ingen tek ansvar.

Problemet er ein realitet, og har vorte drøfta i ulike samanhengar, bl.a. ved offentlege utgreiingar utan nokon fullgod løysing. Eit tilsvarande forhold gjer seg gjeldande mellom det offentlege og det private kulturvernet.

Frå dei siste tiåra av 1900-talet har det vore nedsett komitéar til å arbeide med strukturering av kulturvernet, og fleire utgreiingar og innstillingar er gjevne (sjå litteraturlista). Komitéutgreiingane poengterer at kulturvernet er ei nasjonal oppgåve, og at det politiske, økonomiske og faglege hovudansvaret ligg på offentlege organ. Og det vert understreka at alle tre forvaltningsnivåa må tilleggjast kulturvernansvar dersom vi skal kunne løyse dei omfattande oppgåvene. Det einskilde fysiske kulturminnet eller tradisjonsstoffet finst i eit lokalsamfunn, anten på landsbygda eller i bymiljø. Derfor er det først og fremst i sitt opphavlege miljø at kulturminnet høyrer heime og har sin funksjon. Kommunen sin rett og plikt til å take vare på eigne kulturminne vert og sterkt poengert i dei ulike utgreiingane. Sjølv om det offentlege ansvaret blir framheva, vil kulturvernet til ei kvar tid vere avhengig av det vernearbeidet som friviljuge organisasjonar og einskildpersonar står for.

## FRIVILJUGE ORGANISASJONAR

Det friviljuge kulturvernarbeidet har røter langt attende i tid. Dei første kulturvernorganisasjonane vokste fram i ei tid da staten heldt seg passiv på dei fleste omkverve i samfunnet, liberalismens glanstdid omkring 1850. I løpet av dei siste 150 åra, har kulturvernorganisasjonane vokse seg talrike både i breidde og medlemstal.

I det før-industrielle samfunnet var kulturvern innebygd i samfunnssystemet. Inngrep i det fysiske miljøet, t.d. rydding og dyrking av ny jord eller husbygging, tilverking av reiskapar og bruksgjenstandar og anna var basert på nedarva kunnskapar og teknikkar. Også talemål, forteljarmåte, musikktradisjonar så vel som samværsmåtar endra seg lite fra generasjon til generasjon. Samfunnsutviklinga gjekk føre seg gradvis, og kulturimpulsane utanfrå fekk tid til å omarbeidast og tilpassast den eksisterande kulturen.

Siste halvdel av 1800-talet var ei tid med store politiske, økonomiske og næringmessige omveltingar, tekniske nyvinningar, betra kommunikasjon, sosial og geografisk mobilitet. Dei fleste vart merkte av den nye tida, ei tid med grunnleggjande endring i levemåte og levesett. Blant fleire av innbyggjarane i Noreg, som elles i den vestlege verda, oppstod ei kjensle av at den nasjonale kulturarven stod i fare. Ei rekke offentlege tiltak og friviljug arbeid vart sett i verk for å sikre dei nasjonale kulturverdiane, mellom anna gjennom innsamling og dokumentasjon av materielle og immaterielle kulturminne.

Dei friviljuge kulturvernorganisasjonane kom inn som pressgrupper i politiske organ og på ulike forvaltningsnivå. I tillegg til konkrete vernesaker, spila dei friviljuge kulturvernorganisasjonane ei viktig rolle for opinionsdanninga. Slik at når kulturvern i dag står fram som ei erkjent samfunnsoppgåve, må dei friviljuge kulturvernorganisasjonane og einskildpersonar tildelast mykje av æra for dette.

Sjølv om kulturvernorganisasjonane ikkje har formelt delegert forvaltningsansvar, vert fleire organisasjonar trekte aktivt inn i råd og utval. Organisasjonane har og fullt høve til å uttale seg og fremje saker for det offentlege kulturvernet. For fysisk-økonomisk planlegging legg plan- og bygningslova konkret opp til ein saksgang som gjev lag og organisasjonar høve til å take del i og påverke den offentlege forvaltinga, i visse høve og dei to vernelovene, Kulturminnelova og Naturvernlova. Samarbeidsplikta som utbyggingsetatane er pålagde, gjeld også friviljuge lag og organisasjonar. Likeins har desse rett til å uttale seg i saker som er lagde ut til offentleg ettersyn og høyring.

Nokre organisasjonar har kulturvernarbeid som sekundær oppgåve, t.d. bondekinnelaga, medan andre er spesielt oppretta for det formålet. Blant dei viktigaste friviljuge kulturvernorganisasjonane nemner vi:

- lokale historielag
- Fortidsminneforeningen
- museumsslag
- mållag
- folkemusikk- og folkedanslag - husflidsforeiningar
- organisasjonar for kulturminne frå samferdsel og teknikk
- samiske organisasjonar


Dei fleste omtala organisasjonane har ein treledda organisasjonsstruktur: eit sentralorgan (gjerne med eit sekretariat), eit fylkes-/distriktslag og eit lokallag. Organiseringa svarar såleis stort sett til nivå i det offentlege forvalningsapparatet, og det opnar også for innsikt i saker av både nasjonal og lokal interesse. Arbeidet er i hovudsak gratisarbeid og vert utført av sterkt engasjerte personar.

Det friviljuge kulturvernarbeidet har vore ein viktig del av det samla norske kulturvernet, og i offentlege utgreiingar og meldingar vert det også framheva at det trengst i det framtidige kulturvernet.

## LOVVERK OM KULTURVERN

Legale verkemiddel har vore nytta i kulturvernet sidan slutten av 1800-talet. Vi vil i det fylgjande gje ei oversikt over dei viktigaste lovene til vern av materielle og ikkje-materielle kulturminne. Det er også teke med kva for institusjonar som forvaltar lova. Elles omtalar vi dei aktuelle lovene og lovparagrafane i sin rette samanheng i dei einskilde kapitla. Presentasjonen av lovverket her må sjåast som ei grunninnføring for å lette arbeidet med å leite seg fram i eit detaljert og til tider heller uoversiktleg lovverk. Berre relevante paragrafar kjem med, og kan slik tene som ei oppslagsbok om lovverk for kulturvern. Men gjenomgangen tek ikkje mål av seg å dekke dei juridiske detaljane som trengst i ei konkret vernesak, då bør ein gå inn på sjølve lovteksta. Alle lovene er trykte i den store lovsamlinga *Norges lover*, men ein skildlovene finst og som særtrykk. Lovarbeidet går føre seg kontinuerleg, i tråd med samfunnsendingane, slik at lover som går langt attende i tid, kan vere endra mange gonger. Samstundes kjem det til nye lover som kan avløyse eksisterande, medan andre kan lovregulere nye samfunnsforhold for første gong. Av di lovverket er i stadig om-skifting, bør ein kontrollere nøy at særtrykket eller lovsamlinga er av rimeleg ny dato. Lovsamlinga Noregs lover kjem ut i revidert utgåve kvart 4. år. Love-ne er ordna kronologisk, etter dato og årstal, men har eit alfabetisk ordna register bak i samlinga. Den som har tilgang til internett, finn lovene ajourførte på [www.lovdata.no](http://www.lovdata.no), også der ordna kronologisk eller i alfabetisk rekkefølge.

Oppfølging av Riksantikvarens fredingsvedtak?  
Teikning Geir Helgen.



### Lovverk for materielt kulturvern

Lovverket og forvaltinga for materielle kulturminne ligg under Miljøverndepartementet (MD). I samband med den omorganiseringa av kulturminnevernet som vart sett i verk ved nyttår 1990, vart fylkeskommunen gjeven ansvaret for å sjå til at dei samla verneinteressene innan kulturminnevernet i areal- og utbyggingssaker etter Plan og bygningslova (PBL). Stortinget har slege fast,

gjennom handsaminga av St.meld. nr. 46 og Innst. S. nr. 273 (både 1988-89) at vern av kulturminne er del av ei samla miljø- og ressursforvalting og har ein sentral plass i samfunnsplanlegginga og miljøutforminga.

Dei ulike lovene vil vi omtale og ordne ut frå kor viktige vi meiner dei er for kulturminnevernet, ikkje ut frå kronologi. Fleire av lovene er av nyare dato, men kan ha røter langt attende i tid og kan ha avløyst eldre lover. I nokre høve er fleire lover slegne saman, t.d. Lov om kulturminner av 1978. Denne lova har røter tilbake til førre hundrearsskifte, Fornminnelova av 1905, og har opp over hundreåret gjennomgått fleire revisjonar. Ved den store omarbeidingsa av kulturminnelova i 1970-åra, vart dåverande fornminnelov (1951 automatisk freda kulturminne), bygningsfredingslova av 1920 (freding ved spesielle vedtak) og lov om tettstadfornyng av 1976 (tidlegare saneringslov av 1967) omarbeidde og slegne saman. I ettertid har kulturminnelova vorte revidert fleire gonger, men har namnet *Lov av 9. juni 1978 om kulturminner* og med dato og årstal for endringsvedtak.

Berre to lover, *Lov om kulturminner* og *Lov om naturvern*, kan seiast å vere verne-lover. Føremålet med desse lovene er å sikre kulturminne og landskap i form av freding av einskildobjekt og/eller heile kulturmiljø. Derimot finst det fleire lover som kan brukast som verkemiddel i kulturvern, men det krev at lovene vert aktivt nytta til det formålet. Plan og bygningslova, i prinsippet ei utbyggingslov, har likevel mykje å seie for kulturvernet av di ho kan brukast som eit av dei mest nyttige verkemidla i fysisk kulturvern i eit lokalsamfunn. Men det krev at sakshandsamarane, politikarane og folk elles kjenner til dette og *vil* bruke lova til det formålet. Etter omorganisering av kulturminnevernet i 1990 har fylkeskommunen fått spesielt ansvar for dei samla verneinteressene innan kulturminnevernet i areal- og utbyggingssaker. Ved denne delegeringa av forvaltingsansvaret til fylkeskommunen, slo Stortinget fast at vern av kulturminne hører med i den samla miljø- og ressursforvaltinga og har ein sentral plass i samfunnsplanlegginga og miljøutforminga. I dette arbeidet er Kulturminnelova (KML), Naturvernlova (NL) og Plan- og bygningslova (PBL) særskilt viktige verkemiddel.

#### *Lov av 9. juni 1978 om kulturminner (Kulturminnelova, KML)*

KML er det viktigaste lovverket til vern av kulturminne og kulturmiljø. Lova gjør m.a. greie for kva omgrepene freda kulturminne omfattar, og ho inneholder forskrifter om skade på freda anlegg, utførde med vitande og vilje eller aktløyse. Frå 1.1.1990 vart *forvaltingsansvaret* etter denne lova med einskilde unntak lagt til fylkeskommunane.

Lova inneheld 5 hovudbolkar, der bok

1. - gjer greie for formålet med lova og verkemidla innan kulturvern (§§ 1-2)
2. - omtalar automatisk freda kulturminne (§§ 3-11)
3. - gjer greie for vernereglane for lause kulturminne og skipsfunn (§§ 12-14)
4. - tek for seg freding ved einskildvedtak (§§ 15-21)
5. - gjer greie for særlege reglar (§§ 22-29)

Kulturminnelova slår fast at kulturminne og kulturmiljø med eigenarten og variasjonen sin skal vernast både som del av kulturarven og identiteten vår og som lekk i ei heilskapleg miljø- og ressursforvalting (§ 1). Det vert også slege fast at det er eit nasjonalt ansvar å ivaretake desse ressursane som vitskapleg kjeldemateriale og som varig grunnlag for nolevande og framtidige generasjoner sitt høve til oppleving, sjølvforståing, trivsel og verksemd. Dersom det etter anna lov vert fatta vedtak som påverkar kulturinneressursane, skal det leggjast vekt på formålpargrafen i kulturminnelova.

Kulturminne vert definerte som alle spor etter menneskeleg verksemd i det fysiske miljøet vårt, medrekna lokalitetar som det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjon til (§ 2). Med kulturmiljø meiner ein område der kulturminna er ein del av ein større heilskap eller samanheng. Det er kulturhistorisk eller arkitektonisk verdfulle kulturminne og kulturmiljø som kan vernast etter kulturminnelova.

Lova skil mellom automatisk freda kulturminne og freda kulturminne ved einskildvedtak (definert nærmare i § 4). Det siste omfattar bygningar, anlegg eller delar av dei ut frå kulturhistorisk eller arkitektonisk verdi uavhengig av alder, særskilde parkar, hageanlegg, allear m.m., offentlege minnesmerke og andre stader som det knyter seg viktige historiske minne til (§ 15). Kven som helst kan føreslå slik freding av yngre kulturminne. Alle freda kulturminne er verna etter fastsette reglar i lova. Departementet kan og etter lova frede området rundt kulturminnet for å sikre dette (§ 19), eller om nødvendig for å sikre eit heilt område der det freda kulturminnet går inn som ein del av ein heilskap eller samanheng (§ 20).

KML set forbod mot inngrep i freda kulturminne. Ingen må, utan at det er gjeve løyve etter § 8, setje i gang tiltak som kan skade, øydelegge, grave ut, flytte, endre, tildekke, skjule eller på annan måte skjemmer eller kan skjemme freda kulturminne. Ho/han som ynskjer å setje i gang tiltak som kan verke inn på freda kulturminne, må snarast råd legge det fram for det forvaltingsansvarlege organet eller politiet. Vedkomande styresmakt (forvaltingsansvarleg organ) avgjer om og på kva måte tiltaket kan setjast i verk. Og lova slår eintydig fast

krav om undersøkingsplikt i samband offentlege og større private arbeid som skal setjast i gang, og gjev retningslinjer for kven som skal betale for eventuelle undersøkingar og utgravingar (§§ 9 og 10). Bygg, anlegg m.m. som er ført opp eller bygd på i strid med lova, kan departementet krevje fjerna eller retta innan ein nærare fastsett frist.

Lova inneheld også reglar om eigedomsforhold til lause kulturminne i og over jorda (§§ 12 og 13) og i vatn (§ 14). Funn der det ikkje er mogleg å påvise rett eigar til har staten eigedomsrett til dersom det er ting eldre enn 1537, mynter eldre enn 1650, samiske kulturminne eldre enn 100 år eller skipsfunn, gamle båtar eller tilhøyrande funn. Finnaren pliktar å melde frå til politi eller vedkomande styresmakt, men lova opnar for at kulturminnet vert overlate til finnaren eller grunneigaren. Lova opnar for å gjeve finnarlon § 13).

KML inneheld føreskrifter om åtgjerder ved skade påført eit kulturminnet, anten det er utført av eigar/brukar eller andre. Dersom eigar eller brukar byrjar arbeid som er i strid med fredinga etter § 15 eller på anna måte voldar skade på freda bygning eller anlegg, kan eigar eller brukar påleggjast å føre kulturminnet til tidlegare stand innan ein rimeleg frist. Dersom pålegget ikkje vert utført, kan vedkomande styresmakt få arbeidet utført på eigaren eller brukaren si rekning (§ 16). Likeins slår lova fast at ho/han som med vilje eller aktløyse i forhold til forbod, påbod, vilkår eller reglar gjevne i medhald av lova, kan straffast med böter eller fengsel i intil 1 år. I særleg grove tilfelle kan fengselsstraffa setjast til 2 år. Deltaking vert straffa på same måten (§27).

Også vedlikehald av freda bygningar o.a. er eigaren eller brukaren sitt ansvar. Dersom vedlikehaldet er så mangefullt at kulturminnet står i fare for å forfalle, kan eigaren/brukaren verte pålagd å utføre vedlikehaldet. Dersom vedkomande ikkje fylger opp, kan styresmakta få arbeidet utført på eigaren eller brukaren sin kostnad, om ho/han ikkje kan påvise manglande økonomisk evne til å betale istandsetjinga (§ 17). Ved skade etter brann eller anna ulykke på freda bygning m.m., skal skaden meldast forvaltingsorganet snarast mogleg.

Utan særskild løyve frå MD set § 23 forbod mot å føre freda kulturminne ut av landet, likeins samiske kulturminne, lause kulturminne eldre enn 100 år, kunst og kunsthåndverk så vel som motorfartøy eldre enn 50 år.



Ruiner etter cistercienserklosteret fra 1100-talet på Hovedøya, Oslo. Foto Jan A. Holtet 1976.

Lov av 19. juni 1970 om naturvern er den andre av dei to vernelovene i Noreg. Forvaltningsansvaret på sentralt hald er lagt til MD, og Statens naturvernråd er rådgjevande organ for departementet i saker etter lov om naturvern. I tilfelle det finst formminne eller det er grunn til å tru at det finst formminne i området, vert tilhøyrande arkeologiske landsdelsmuseum eller fylkeskommunen trekte inn. På fylkesnivå er miljøvernnavdelinga hjå fylkesmannen tillagd forvaltningsoppgåver innanfor miljøvernet. I samband med utarbeiding av kommuneplan eller revidering av han skal kommunen søkje samarbeid med miljøvernstyresmaktene.

Lova slår såleis fast at naturen er ein nasjonalverdi som må vernast, og at i omgrepet naturvern ligg det krav om å disponere naturressursane ut frå omsynet til den nære samhøyrigheita mellom mennesket og naturen, og at siktemålet er å verne naturens kvalitet for framtida. Med grunnlag i definisjonen av kulturlandskap som *landskap som ber merke av menneskeleg verksemd, direkte eller indirekte*, vil så godt som all norsk natur kome inn under omgrepet kulturlandskap. Store delar av det naturvernet arbeider for, og som naturvernlova omfatter, fell i prinsippet saman med kulturvernet. Men i praksis er det først og fremst to lovparagrafer som har direkte følgjer for kultur- og kulturlandskapsvernet.

I samband med tørre arbeid, anlegg eller verksemder som medfører skade på landskapet eller naturmiljøet elles, må planleggjaren av arbeidet hente inn frå segn frå vedkomande styresmakt og elles setje i verk tiltak for å avgrense eller motverke skaden i *rimelig utstrekning* (§ 2). Denne paragrafen er enno ikkje gjord gjeldande, men ville vore ein viktig paragraf for kommunen fordi mange anleggsarbeid er haldne utanfor plan- og bygningslova si meldeplikt, sjølv om dei fører til større inngrep i naturen.

§ 5 om landskapsvernområde er elles den delen av naturvernlova som til fulle fell saman med kulturvernet sine behov. *For å bevare egenartet eller vakker natur- eller kulturlandskap kan arealer legges ut som landskapsvernområde.* I slike landskapsvernområde må det ikkje setjast i verk tiltak som kan endre landskapets art eller karakter vesentleg. For kulturvernet kan det i mange høve vere ynskjeleg å verne landskap som omfattar mange kulturminne. Kulturlandskap som beite-landskap, utmarksslätte o.l. kan og ut frå totaliteten vere verneverdig (sjå og Del II).

#### *Plan og bygningslova av 14. juni 1985 (PLB)*

Denne lova fungerer ut frå "spegelvendingsprinsippet", dvs. det som ikkje står i lova, er heller ikkje tillete. PBL som opphavleg var ei utbyggingslov, har gjennom endringar og føreskrifter vorte ei viktig lov for vern av bygningar og kulturmiljø. Likevel må det understrekast at lova ikkje i seg sjølv er ei vernelov, men ho kan brukast slik av kommunale og fylkeskommunale sakshandsamarar og politikarar. Det vert i stor grad opp til lokale og regionale styresmakter sjølv om dei vil utnytte det store vernepotensialet som PBL ber i seg. Eit stort ansvar og store utfordringar kviler såleis på styresmaktene i dei ulike forvaltningsnivåa.

PBL omfattar både einskildvedtak og planlegging. For kulturvernet vil planleggingsarbeidet vere spesielt viktig av di det legg premissane for disponeringa av det fysiske miljøet, både bygd og ubygd areal. Dersom verneaspektet vert teke med i utforminga av arealplanane, vil ein kunne førebygge og unngå mange vanskelege situasjonar. Det er alltid lettare å få forståing for vern av kulturmiljøet i ein nøytral planleggingsfase i forhold til når utbyggingsherren har utarbeidd planane sine for ombygging eller nybygg.

Derfor kan PBL nyttast som eit viktig verkemiddel i det kommunale kulturvernarbeidet, både på kort sikt i forhold til einskildvedtak, og på lengre sikt gjennom planleggingsvedtak. Plan- og bygningslova er ei omfattande lov med 123 paragrafar, delt inn i 21 kapittel. Til fleire paragrafar er det gjeve eigne

forskrifter, og dei fleste kapittel er sentrale i bygnings- og kulturmiljøvernet. Også her viser vi til sjølve lova, men nemner kort nokre av dei viktige paragrafane.

Føremålet med Plan- og bygningslova er å sikre ei planlegging som legg til rette for samordning av statleg, fylkeskommunal og kommunal verksemd, og gjev grunnlag for vedtak om bruk og vern av ressursar og om utbygging. Spesielt vert det stilt krav til estetiske omsyn og planlegging for å sikre barna gode oppvekstvilkår (§ 2).

På alle tre forvaltningsnivå vert planleggingsstyresmaktene pålagde å drive aktiv opplysningsverksemd, og einskildpersonar og grupper med interesse i saka skal få hove til å take aktivt del i planprosessen (§ 16). Kommunane har ansvar for at lova vert fylgd i kommunen, samstundes som kommunens plikt til samarbeid og innhenting av uttale vert poengtert (§ 10-1).

Kommuneplanen legg på mange måtar premissar for vidare forvalting og planlegging i kommunen ved at gjennom kommuneplanlegginga skal den fysiske, økonomiske, sosiale, estetiske og kulturelle utviklinga samordnast (§ 20-1). For kulturminnevernet gjeld det spesielt å følge nøye med utforminga av arealdelen i kommuneplanen. Arealdelen skal gje opplysning om arealutnyttinga, t.d. til bygeområde, friluftsområde, råstoffutvinning (§ 20-4). Ut-kast til kommuneplan skal leggjast ut til offentleg ettersyn, og einskildpersonar eller grupper/organisasjonar med kulturverninteresse, har hove til å kome med merknader, dersom planen direkte eller indirekte vil vere til skade for verneverdige kulturmiljø. Når kommuneplanen ligg føre i godkjend stand, kan lite gjera. Arealdelen i kommuneplanen er juridisk bindande, og han skal ligge til grunn ved planlegging, forvalting og utbygging i kommunen.

Og medan kommuneplanen skisser arealutnyttinga, kjem reguleringsplanen inn som ein detaljplan som regulerer utnytting og vern av grunn, vassdrag, sjøområde, bygde område og det fysiske romet innan eit definert, avgrensa område (§ 22). Reguleringsplanarbeid er truleg eit av dei mest viktige og nytige verkemiddel for det lokale kulturvernet. Kommunen er forplikta til å utarbeide reguleringsplan for dei område der kommuneplanen har fastsett reguleringsplan før større byggearbeid kan kome i gong. Einskildpersonar eller grupper/lag har og hove til å fremje reguleringsplanframlegg. Men PBL understrekar spesielt krav til kommunen å søkje samarbeid med aktuelle offentlege organ, organisasjonar m.m. på eit tidleg tidspunkt under førebuinga av eit reguleringsplanarbeid. Dette er spesielt teneleg i område med verneverdige kulturmiljø av di § 25 opnar for regulering til spesialområde med formål vern (§ 25.6), som m.a. kan vere *områder*

*med bygninger og anlegg som på grunn av historisk, antikvarisk eller annen verdi skal bevares.* Område regulert til spesialområde med formål vern bør fylgjast opp med reguleringsvedtekter som inneholder nærmere forskrifter om detaljar for vedlikehald av eksisterande bygningar, eventuelle nybygg o.a.

Tilsvarande kommuneplanen skal reguleringsplanforslag leggjast ut til offentleg ettersyn med høve til å legge inn merknader. Einskildpersonar og organisasjonar kan med fordel kontakte fylkeskommunens kulturvernavdeling for å søkje råd i slike saker. Fylkeskommunen har dessutan generell ”innsigelsesrett” i reguleringsplanar.

Reguleringsplanarbeid er eit omstendeleg og stort arbeid, og for enklare utbyggingssaker kan kommunen finne det teneleg å gjere seg bruk av ein utbyggingsplan (”bebyggelsesplan”). Ein utbyggingsplan er og ein detaljplan og kan arbeidast ut for dei områda kommunestyret har gjeve føreskrifter om det i arealplanen av kommuneplanen eller reguleringsplanen. Ein utbyggingsplan er særleg aktuell der omsynet til verneinteresser talar for ei nærmere planvurdering eller der det er vanskeleg å ta standpunkt til lokalisering og ein meir detaljert arealbruk før på eit seinare tidspunkt.

Der planen medfører anna enn mindre vesentlege endringar i forhold til fastlagd arealbruk i overordna plan, må den overordna planen (areal/reguleringsplan) endrast. Skjønsmessige vurdering avgjer dette, og der det bl.a. må leggjast vekt på om det har gått lang tid sidan den overordna planen vart vedteken, og t.d. vernesynet har endra seg i mellomtida eller ein har funne ut at eit verneområde har større verneverdi enn tidlegare vurdert. Før framlegg til utbyggingsplan vert vedteke, skal det leggjast ut til offentleg ettersyn i samsvar med det som er omtala tidlegare.

For å unngå at større utbyggingsarbeid fører med seg uheldige verknader for miljø, naturressursar og samfunn som ein på førehand ikkje umiddelbart såg, set PBL krav til konsekvensutgreiing før arbeidet eventuelt kan setjast i gong.

Konsekvensutgreiingane skal sikre at verknadene vert tekne med i vurderinga under planlegginga av tiltaket og på kva måte eventuelle tiltak kan gjerast. Dei er eit viktig verkemiddel i arbeidet med å føre ein heilskapleg og sektorovergripande kultur- og miljøvernpolitikk.

§ 74 i PBL går under nemninga ”skjønnheitsparagrafen” av di han pålegg kommunen ansvar for at eitkvarat planlagt og utført arbeid som lova omfattar, skal stette rimelege estetiske krav både i seg sjølv og i forhold til omgjevnaden.

Tiltaka skal ha ei god estetisk utforming i samsvar med funksjonen og med respekt for naturgjevne og bygde omgjevnader. Skjemmande fargar er ikkje tilletne og kan krevjast endra. Av di kravet byggjer på skjønsmessige vurdering om kva som er ”rimleig skjønnheitskrav” og ”skjemmande fargar”, har det ofte kome til usemje ved bruk av denne paragrafen. Derfor kan det vere svært nytig å få kommunen til å utarbeide retningslinjer for estetisk utforming av tiltak etter lova, slik det vert opna for. Igen er dette eit godt preventivt tiltak i kulturminnevernet, utarbeide retningslinjer under rolege og nøytrale vilkår, i staden for å få debatten i tilknyting til ei konkret sak med motstridande syn i utgangspunktet.

For tettbygde område kan kommunen fatte vedtak om utbetringsprogram for eigedomane innan eit definert område. For kulturvernet vil det spesielt aktuelt dersom det er tale om verneverdig bygnings- og kulturmiljø som ber preg av forfall. Eit kommunalt utbetringsprogram kan m.a. pålegge eigar å utbetre eller setje i stand eigedom i samsvar med programmet (§ 89a). Likeins krev PBL godkjend søknad for ulike tiltak kan setjast i gong: m.a. tilbygg, påbygg, fasadeendring eller riving av eksisterande byggverk. Det same gjeld nybygg (§ 93). PBL omtalar og straffeansvar i samband med tiltak av ulik art.

Som oppsummerande kommentar til Plan- og bygningslova kan vi slå fast at dersom lov og forskrifter var eins med praksis, ville denne lova ha vore ein eineståande reiskap for å sikre det offentlege god kontroll med kulturmiljøa, både kva gjeld naturressursar, eksisterande bygningsmiljø og nybygg. Plan- og bygningslova kan vere ein god reiskap til å styre utviklinga av det fysiske miljøet vårt, men berre under føresetnad av at kommunen har interesse og vilje til å drive kulturmiljøvern.

Dessverre er det enno langt fram til at lova vert tilfredsstillande handheva av dei folkevalde. Mange representantar i kommunale råd og utval er usikre og/eller redde for å utføre den oppgåva dei er valde for å gjere, og mange ser gjennom fingrane med bygningsarbeid som ikkje stettar krava i PBL. Ønsket om attval til politiske verv kan vere sterkare enn evna og viljen til seriøst arbeid. I visse høve manglar og kommunale sakshandsamarar tilstrekkeleg kompetanse innan miljø- og kulturvern, og evner heller ikkje å søkje kontakt der kompetansen finst. Andre gonger skortar det på informasjon om krav til byggjемeldingar/-søknader, slik at ulike typar fasadeendringar, utskifting av bygningsdeilar eller riving har skjedd utan den pålagde saksgangen. Informasjons- og opplysingarbeid om kulturmiljøvern er elles ei viktig oppgåve også for kulturadministrasjonar, kulturstyre, museum, friviljuge kulturvernorganisasjonar o.a. Ofte

er skjemmande byggearbeid, unødvendige rivingar og liknande resultat av manglande kunnskapar blant huseigarar så vel som lokale politikarar og administrasjon.

*Lov av 7. juni 1996 om Den norske kirke (Kyrkjelova)*

fekk ein spesiell aktualitet i 2004 ved utspelet frå ulike politikarar og interessegrupper om å rive eller omdisponere ”mindre bruk” kyrkjer. KKD er som tidlegare øvste styresmakt i saker som gjeld kyrkjene i landet.

Kyrkjelova slår fast at i kvart sokn skal det vere kyrkje (§ 17). Og etter Kulturninellova er kyrkjer eldre enn 1649 freda, på lik linje med andre bygningar (sjå foran). Men heller ikkje kyrkjer frå nyare tid, sjølv om dei ikkje er freda, kan leggjast ned, byggjast om eller rivast utan godkjenning av Kultur- og kyrkjedepartementet (§ 21). Likevel er vernet av kyrkjebygga svekka i forhold til ei eldre lov som vart oppheva i samband med lovrevisionen i 1990-åra, *Lov av 3. august 1897 om kirker og kirkegårde*. Denne lova inneheldt ei generell utsegn om at også kyrkjer frå nyare tid med antikvarisk verdi, var sikra mot riving, vilkårlig påbygging eller anna endring. I eit rundskriv frå Kyrkje- og undervisningsdepartementet i 1948 var det slege fast at kyrkjer og kyrkeinventar eldre enn 90-100 år skulle tilleggjast antikvarisk verdi. Alle inngrep i kyrkjebygningar av antikvarisk verdi måtte leggjast fram for Riksantikvaren. Det omfatta også inventar, portar, gjerde, og i samband med bygging av bårehus. Mykje av dette vert også praktisert i dag ved at kyrkjer over 90 år er ”listeførte” hjå Riksantikvaren. Fellesrådet i kommunen må søkje bispedømerådet om godkjenning for endringar som gjeld kyrkjene. For desse kyrkjene med antikvarisk verdi, skal bispedømerådet kontakta kulturvernstyremakta. Næraste kulturvernstyremakt vil alltid vere fylkeskommunen.

Etter kyrkjelova av 1996 kan departementet pålegge ein kommune å stille tenestebustad til rådvelde for geistleg embets- eller tenestemann (§ 33). Paragrafen om tenestebustad kan sjåast i samanheng med at ei anna eldre lov med interesse for kulturvernet og vart oppheva, *Lov av 9. desember 1955 om presteboliger og prestegårder*. Kyrkjelova talar ikkje om prestebustad, men tenestebustad. Opphevinga av lova om prestebustader og -gardar er knytt til avviklinga av dei gamle prestegardane som prestebustad på slutten av 1900-talet. Ein stor del av desse anlegga representerer stor antikvarisk og kulturhistorisk verdi, uavhengig av eigedoms- og bruksforholda. Mange gamle prestegardsbygningar vart og tekne vare på, men med eigeskifte og endra funksjon; som museum, kulturbygg, kommunal barnehage, privatbustad, forretning o.a. I desse tilfella har presten fått ny bustad, av di gratis bustad er ein del av presteløna. I samband med salet vart mange av prestegardsbustadene formelt freda. Dermed

har fleirtalet av desse kulturhistorisk viktige bygningane vorte tekne vare på. Men sett frå ein kulturvernssynstad ville det beste likevel vore vidare bruk som prestebustad, slik det og er gjort i mange prestegjeld.

Medan den eldre lov frå 1897 omfatta både kyrkjer og kyrkjegardar, inneheld Kyrkjelova av 1996 vedtekter om kyrkjebygg, medan gjeldande lovverk for kyrkjegardane finst i ei samtidig lov, Gravferdslova av 1996.

Lov av 7. juni 1996 om kirkegårder, kremasjon og gravferd (Gravferdslova) regulerer først og fremst handsaming av døde personar; gravlegging, kremering og nedsetjing av urne. Lova inneheld likevel nokre paragrafar som kulturvernnet kan gjere seg bruk av både for å take vare på gamle gravminne og sjølve kyrkjegarden. Forvaltingsansvaret for lova ligg under KKD.

Lova set forbod mot vilkårleg inngrep i ein kyrkjegard. Anlegg, utviding, nedlegging eller anna vesentleg endring av kyrkjegarden eller bygningar på kyrkjegarden kan ikkje skje utan godkjenning frå bispedømerådet (§ 4). Vidare skal ein nedlagd kyrkjegard vere freda i minst 40 år etter siste gravlegging (§ 8). Festetida for ei grav vert sett til 20 år, men med høve til forlenging (§ 14). Etter avslutta festetid har festaren høve til å fjerne gravminne eller liknande. Men gravminne av kunstnarisk eller kulturhistorisk verdi skal om mogleg verte ståande på kyrkjegarden (§ 18). I kvart sokn skal det ordinært vere ein kyrkjegard, og i nærlieken av ei kyrkje. Kyrkjegarden rekna som soknets eide, men sokna i ein kommune kan i fellesskap eige kyrkjegardar (§§ 1, 2).

KKD som tidlegare øvste styresmakt i saker som gjeld kyrkjebygg og kyrkjegardar, men i det lokale kulturvernarbeidet må vi hugse at det ikkje lenger finst eigne lover til spesifikk sikring av kyrkjebygg, kyrkjegardar eller prestegardsbygningar.

#### *Lovverk for ikkje-materielt kulturvern*

I det ikkje-materielle kulturvernet er økonomiske og organisatoriske verkemiddel i større grad tekne i bruk enn juridiske. På to område, språk og prenta skriftstykke, har likevel lovverk vore turvande for å sikre denne delen av kulturarven.

#### *Lov av 11. april 1980 om målbruk i offentleg teneste (Mållova)*

I 1885 vart det fatta vedtak om jamstelling av dei to skriftspraka, i dag kalla nynorsk og bokmål. Frå 1930 har bruk av nynorsk og bokmål vore regulert ved lov. KKD har tilsynet med at reglane i lov om målbruk i offentleg teneste vert følgde.

I lova om målbruk i offentleg teneste frå 1980 vert språkleg jamstelling presisert: *Bokmål og nynorsk er likeverdige målformer og skal vere jamstelte skriftspråk i alle organ for stat, fylkeskommune og kommune* (§ 1). Alle har krav på å få skriftelege svar frå statsorgan i den målforma som vedkomande brukar (§ 6). Fylgleg har tilsette i embete eller statstenestepostar pålegg om å nytte nynorsk og bokmål i skrifteleg utforming etter dei reglane som gjeld til kvar tid for målbruken i statstenesta. (§ 4). Derfor må også vedkomande ha skrifteleg kompetanse i både målformene. Om nokon meiner at eit statsorgan ikkje følgjer lov eller føresegner om målbruk i saker som vedkjem dei sjølve, anten det er bokmåls- eller nynorskbrukar, kan dei klage på dette til overordna organ. Språkorganisasjonar kan klage til overordna organ dersom dei meiner at statsorgan bryt lov eller føresegner om målbruk (§ 9).

Kommunestyret kan gjere vedtak om krav til målform i skriv frå statsorgan til kommunen, eller gjere vedtak om at kommunen er språkleg nøytral. Meldinga om vedtaket skal sendast KKD, som så gjer det kjent i statstenesta. Same ordninga gjeld for fylkeskommunen (§ 5).

#### *Lov av 12. juni 1987 om Sameting og andre samiske forhold (Sameloven)*

Formålet med samelova er å legge forholda til rette for at den samiske folkegruppa i Noreg kan sikre og utvikle språket, kulturen og heile samfunnslivet sitt. Dette vert felt ned i vedtaket om at den samiske folkegruppa skal ha eit eige landsomfattande sameting, vald av og blant samane. Elles handlar ein vesentleg del av samelova språket (§§ 1-1 og 1-2). Retten til bruk og opplæring i samisk språk vert med det legalfesta. Forvaltingsansvaret for lova ligg hjå KKD (sjå s. 152ff).

*Samisk og norsk er likestilte språk. De skal være likestilte språk etter bestemmelsene i kapittel 3, som definerer dette til forvaltingsområda for samisk språk, Karasjok, Kautokeino, Nesseby, Porsanger, Tana og Kåfjord, og av offentlege organ (§§ 1-5 og 3-1).*

Lover som har særleg interesse for heile eller delar av den samiske befolkninga skal oversetjast til samisk (§ 3-2). Tilsvarande har ho/han som vender seg til eit lokalt offentleg organ i forvaltingsområdet på samisk, rett til å få svar på samisk (§ 3-3). Lova inneholder tilleggsreglar om retten til bruk av samisk i rettsvesen, og reglar om bruk av samisk for politi og påtalestyresmakta i forvaltingsområde med samisk språk, så vel som innan fengselsvesenet, helse- og sosialsektoren, individuelle kyrklelege tenester på samisk i Den norske kyrkja si meinighet (§§ 3-4, 3-5, 3-6).

Rett til opplæring på samisk i grunnskule og vidaregåande skule fylgjer reglane i grunnskulelova og lov for vidaregåande skular. Tilsvarande dei to norske språkformene, gjeld klageretten til det nærmast overordna organ dersom eit offentleg organ ikkje fylgjer vedtekten om samisk språk. Klageretten gjeld også landsomfattande samiske organisasjonar og landsomfattande offentlege organ med oppgåver for heile eller delar av den samiske befolkninga (§§ 3-8, 3-11).

Lova slår fast at Sametinget skal arbeide for vern og vidare utvikling av samiske språk i Noreg, og skal kvart 4. år sende rapport til Kongen om situasjonen for samisk språk i Noreg (§ 3-12).

#### *Lov av 18. mai 1989 om stadnamn (Stadnamnslova)*

Stadnamnslova definerer *stadnamn* som namn på geografiske punkt, liner og område som kan kartfestast, medan *bruksnamn* tyder namn på ein eigedom med gards- og bruksnummer eller gards-, bruks- og festenummer (§ 1). Stadnamna er definerte som kulturminne, og skal fylgjeleg handsamast som dette.

Føreskrifter om skrivemåten av stadnamn har ein stor plass i lova. Ikkje berre har mykje å seie for den einskilde brukaren av namnet og den lokale identiteten, men skrivemåten kan vere avgjerande for om stadnamnet fører med seg rett eller feil historiske opplysningar. Ved rett skrivemåte av stadnamn sikrar ein ei viktig historisk kjelde av di dei norske stadnamna utgjer ei spesielt kjelde til m.a. å fortelje om alder, bruksform og landskapsform. Vanlegvis vil den lokale uttalen stå den opphavlege namneforma nærmast, eller det vil vere mogleg å rekonstruere opphavleg namneform på grunnlag av lokal uttale. Stadnamnslova fastset også at ved fastsettjing av skrivemåten, skal det takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen. Og skrivemåten som er fastsett etter stadnamnslova, skal nyttast av alle offentlege organ, selskap som det offentlege eig og stiftingar oppretta av det offentlege. Skrivemåten skal følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk og samisk. For finske stadnamn i Nord-Noreg skal skrivemåten følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp i finsk. Samiske og finske stadnamn som vert nytta av folk på staden, skal til vanleg nyttast av det offentlege på kart, skilt, i register m.m., saman med eventuell norsk namneform (§§ 3 og 4).

Saker om skrivemåten av stadnamn kan takast opp av offentlege organ, eigar eller festar, lokal organisasjon med særleg tilknyting til stadnamn og/eller stadnamnskonsulentane når det gjeld stadnamn i området deira. Vedtak om skri-

vemåten av namn på kommunale vegar, parkar, torg, bydelar, bustadfelt, anlegg m.m. gjer kommunestyret eller den det gjev fullmakt til (§ 6). Stadnamnskonsulentar for norske, samiske og finsk stadnamn vert oppnemnde av departementet. Namnekonsulentane skal gje rettleiing og råd om skrivemåten av stadnamn (§ 9).

Før det vert gjort vedtak om skrivemåten av eit stadnamn, har fleire partar høve til å uttale seg, alt etter kva stadnamn det gjeld. Organet som gjer vedtak om skrivemåten (etter § 6) skal på førehand leggje saka fram for stadnamnskonsulentane. Dersom dette vedtaksorganet krev det, eller stadnamnskonsulentane finn det nødvendig, skal stadnamnskonsulentane gjeve tilråding om skrivemåten. Alle kan få innsyn i tilrådinga frå stadnamnskonsulentane (§ 7). KKD forvalter lova.

#### *Lov av 4. desember 1992 om arkiv (Arkivlova)*

Behovet for å take vare på skriftleg materiale, brev, dokument, protokollar m.m. går attende til mellomalderen. Den første særlov om arkiv fekk vi derimot først i 1992. Arkivsakene frå offentleg verksemd har likevel vore verna gjennom ei rekke kongelege resolusjonar, forordningar og regelverk, fylkeskommune- og kommunelova (sjå s. 211ff). Derimot omfatta desse ikkje private arkiv (arkiv etter privatpersonar, gardsarkiv, bedriftsarkiv og arkiv etter lag og organisasjonar). Arkivlova av 1992 gjeld og arkivsaker frå offentleg forvalting, men Riksarkivaren vert og tillagt å halde oversyn over verneverdig privatarkiv og likeins gjeve nærmere retningslinjer for arbeidet med privatarkiv i Arkiverket (§§ 13 og 14). Totalt sett har tiltak for å sikre verdifulle private arkiv fått stor plass i arkivlova.

Føremålet med arkivlova er å tryggje arkiv som har monaleg kulturelt eller forskingsmessig verdi eller som innehold rettsleg eller viktig forvaltingsmessig dokumentasjon. Arkivsakene skal takast vare på og gjerast tilgjengelege for ettertida (§ 1).

Det statlege arkivverket omfattar Riksarkivet og dei 7 statsarkiva. Riksarkivaren er leiar for Arkivverket (§ 4). Alle offentlege organ har arkivansvar og pliktar å ha arkiv, slik at dokumenta er tryggja som informasjonskjelder for samtid og ettertid (§ 6). Utan særskilt samtykkje frå Riksarkivaren, kan ikkje arkivmateriale avhendast, førast ut av landet, kasserast eller rettast (§ 9). Arkiv etter verksemda til statlege organ skal leverast til Arkivverket etter særskilde føresegner (§ 10).

Medan ingen offentlege arkiv hadde arkivansvar for private arkiv før arkivlova kom i 1992, vart mykje verdifullt privatarkiv likevel teke vare på i ulike offent-

lege samlingar eller hjå privatpersonar. I dei siste tiåra har mange kommunar kome godt i gong med arbeidet med å bygge opp lokalarkiv eller samlingar, gjerne knytt til det lokale museet eller arkivet. Med arkivlova fekk Riksarkivaren pålegg om å ha oversyn over verneverdig privatarkiv og føre register over privatarkiv som er tekne vare på av offentlege og private oppbevaringsinstitusjonar (§ 13).

Med meldeplikt til Riksantikvaren når registrert verneverdig privatarkiv skiftar eigar, heilt eller delvis vert planlagt ført ut av landet eller står i fare for å gå tapt, har private arkiv i det minste fått eit viktig formelt vern (§ 15). Offentleg registrering og oversyn over privatarkiv, har gjort bruken av privatarkiv lettare. Likevel er det viktig å vite at arkivlova gjev arkiveigaren av verneverdig privatarkiv, avlevert eller deponert i Arkivverket eller annan oppbevaringsinstitusjon, høve til å fastsetje særskilde avgrensingar i tilgjengen til arkivet (maksimum hundre år etter avlevering eller deponering). Ved avlevering går eigedomsretten til arkivet over til mottakarinstitusjonen, ved deponering har deponenten og seinare arvingane hennar/hans eigedomsretten (etter hundre år går eigedomsretten over til mottakarinstitusjonen).

Lova inneheld også retningslinjer for korleis Riksarkivaren kan krevje å få kopiert særskilt verdifullt privatarkiv som står i fare for å først ut av landet eller gå tapt på anna måte (§ 17). Straff for viljeretta handling i strid med føresagnene gjevne i eller i medhald av arkivlova, kan straffast med bøter (§ 22).



*Loft frå Flåbygd i Lunde, Telemark. Av di lofta var låsbare og utan eldstad, var dei godt eigna til oppbevaring av verdisaker, m.a. viktige gardsbrev. Foto Sigríð Bø 1979.*

Lov av 9. juni 1939 om avleveringsplikt av trykksaker til offentlige biblioteker  
For å sikre at prenta tilfang finst for ettertida, vert trykkjeria pålagde å sende  
eitt eksemplar av alt som vert trykt til Universitetsbiblioteket i Oslo, Bergens  
museumsbibliotek og Det Kgl. Norske Videnskabers Selskabs bibliotek i  
Trondheim, om dei krev det. Forvaltningsansvaret ligg hjå KKD.



## DEL II

# VERN AV MATERIELLE KULTURMINNER

*Hvis du planlegger for ett år,  
Skal du så korn.  
Hvis du planlegger for ti år,  
Skal du plante et tre.  
Hvis du planlegger for hundre år,  
Skal du undervise mennesker.*

*Sår du korn, høster du en gang.  
Planter du et tre, høster du ti ganger.  
Underviser du mennesker, høster du hundre ganger.*  
Kinesisk visdomsord



## **Kapittel 1**

### **FASTE KULTURMINNER**

Kulturminner er minner etter menneskelig virksomhet, og faste kulturminner er faste, ikke bevegelige spor i naturen etter denne virksomheten, er det sagt i innledningskapitlet. Den største gruppen faste kulturminner er bygninger, men det er også mye annet, som veier, bruer, festninger, gruver, graver m.m., ja, til og med hele landskap, byer og tettsteder. Alt dette er menneskeskapt og derfor kulturminner. Hele Øslike landskap kaller vi for kulturlandskap, og av dem er det mange typer, som industri-landskap, bylandschap, åkerlandschap og beitelandsskap.

Når vi vet at de materielle kulturminnene våre utgjør alt som er bygd i landet, skjønner vi at de representerer en stor del av realkapitalen til samfunnet og er en vesentlig del av våre felles ressurser. Og disse ressursene er ikke fornybare. Når et kulturminne er borte, er det for alltid. Hvordan vi forvalter denne kapitalen er derfor svært viktig for samfunnet. La oss først se på hva lovgivningen sier om kulturminnene og hvordan de skal forvaltes, før vi tar for oss de forskjellige minnene.

#### **AUTOMATISK FREDETE KULTURMINNER**

Minner fra forhistorisk tid, vikingtid og middelalder frem til reformasjonen i 1537 er *fredet* gjennom kulturminneloven. I tillegg gjelder det alle bygninger eldre enn 1649 som er oppført i Riksantikvarens fredningsregister, og det gjelder alle faste samiske kulturminner som er eldre enn 100 år. Vi kaller dem for automatisk fredete kulturminner, eller legalfrede kulturminner, fordi de er fredet gjennom loven. At et kulturminne er fredet, betyr at ingen må sette i gang tiltak som kan skade, ødelegge, grave ut, flytte, forandre, tildekke, skjule eller på annen måte skjemme et fredet fast kulturminne eller fremkalle fare for at dette kan skje (§ 3 i kulturminneloven). Den som skal sette i gang tiltak som kan komme til å virke inn på et slikt kulturminne, skal melde fra til rette myndighet eller politiet. Fylkeskommunen som har forvaltningsmyndigheten, avgjør så om tiltaket kan settes i verk, og eventuelt på hvilken måte. Dersom en eier eller bruker setter i gang arbeid på et fredet kulturminne, for eksempel en bygning, som er i strid med fredningen, enten det er med vilje eller uaktsomhet, og skader den, kan vedkommende pålegges å føre kulturminnet tilbake til tidligere stand innen en rimelig frist. Etterkommes ikke

pålegget, kan arbeidet utføres på eiers eller brukers bekostning (§ 16). Eier kan og pålegges å sette i stand en fredet bygning som står og forfaller (§ 17). Dersom en fredet bygning blir skadet ved brann eller annen ulykke, skal det meldes fra til fylkeskommunen eller Riksantikvaren. Myndighetene avgjør så om bygningen skal settes i stand eller gjenreises (§ 18).



*Helleristninger på Tømmerneset i Hamarøy, Nordland. Foto Sigrid Bø 1977.*

Det trengs derimot ikke tillatelse til bygge- og anleggstiltak som er i samsvar med en gjeldende arealplan (reguleringsplan, bebyggelsesplan) som er vedtatt etter 3. juli 1992, og som kulturminnemyndigheten har uttalt seg til og sagt seg enig i (§ 8).

Melding om endring eller bygging skal sendes fylkeskommunen til behandling. Det er likevel Riksantikvaren som tar den endelige avgjørelsen om et automatisk fredet kulturminne kan frigis og eventuelt fjernes. Dette kan først skje etter en vitenskapelig undersøkelse av kulturminnet, som utgraving av en boplass eller gravhaug. Det er forslag om å endre dette til at fylkeskommunen også blir frigivningsmyndighet.

*Riksantikvaren* er fagdirektorat under Miljøverndepartementet med ansvar for forvaltningen av landets kulturminner og kulturmiljøer. *Kulturminne-*

*forvaltningen i fylkeskommunen* har ansvaret for kulturminnevernet innen sitt fylke. Kulturminneforvaltningen lå tidligere i fylkeskommunens kulturat, men er nå plassert i ulike etater etter omorganiseringer av fylkesadministrasjonen. Foruten ansvaret for det samlede kulturminnevernet i fylket er hovedarbeidsoppgavene:

- sørge for at det blir tatt tilstrekkelig hensyn til kulturminner i alle typer planer
- forberede fredningssaker for Riksantikvaren
- foreta midlertidig fredning
- faglig rådgivning overfor fylkeskommunen
- faglig rådgivning overfor kommuner og enkeltpersoner
- tilsyn med fredete kulturminner

Kirker og andre bygninger og ruiner fra middelalderen forvaltes direkte av Riksantikvaren, men områder og enkeltsaker kan delegeres til fylkeskommunen.

*Samisk kulturminnevern* har egen organisasjon med samme arbeidsoppgaver som kulturminneforvaltningen i fylkeskommunen. Forvaltningen er underlagt Sametinget og administreres av miljø- og kulturvernavdelingen. Den praktiske utførelsen ligger i Karasjok for Finnmark, i Tromsø for det nordsamiske området i Troms og nordre Nordland, og på Snåsa for hele det sør-samiske området, som strekker seg fra Saltfjellet i nord og omfatter begge Trøndelagsfylkene samt de øvrige samiske områdene i sør. Grunnen til at samiske minner så unge som 100 år er automatisk fredet, er fordi den samiske kulturen har etterlatt seg svært få skriftlige spor. De tradisjonelle sporene i naturen er også av en slik art at de forsvinner fort og blir usynlig.

*Kulturminnevernet på Svalbard* administreres av sysselmannen etter egne kulturminneregler for Svalbard. Alle kulturminner eldre enn 1946 er automatisk fredet gjennom Svalbardloven av 1925 og forskrifter av 24. januar 1992. Alle automatisk fredete kulturminner er registrert i forbindelse med utarbeidelsen av Økonomisk kartverk. Landet er delt inn i fem områder der de arkeologiske museene i Oslo, Bergen, Stavanger, Trondheim og Tromsø har utført registreringene i hvert sitt distrikt. Til vanlig omtaler vi dem som ØK-registreringen. Kulturminner skal på kartet være angitt med en «rune-R». Kirkebygg og andre fredete bygninger er ikke

angitt på kartet. Minner som er under bakken, og ikke er synlige, som for eksempel graver som ennå ikke er kjent, er heller ikke angitt. Det oppdages stadig nye minner, og disse vil ikke være avmerket på kartet. Opplysninger kan en få i fylkeskommunen.

I mange år ble det over hele landet foretatt registrering av bygninger eldre enn 1900, noen steder også lenger frem i tid, de såkalte SEFRAK-registreringene (SEFRAK = Sekretariatet for registrering av faste kulturminner). Disse er lagt ut på Internett. De ble registrert på ØK-kart, og er nå i Nasjonalt bygningsregister som inngår i Statens Kartverks eindomsregister GAB (= grunnbok, adresse, bolig). Det har vært arbeidet med å samkjøre alle opplysningene på kart i GIS (= geografiske informasjonssystemer på kart). En del kommuner er innlemmet i Arealis som er et samordnet register for areal-, miljø- og planinformasjon for kommunen. Meningen er at systemet etter hvert skal dekke alle kommunene.

I tillegg til de norske lovene er landet bundet av en del internasjonale avtaler som Norge har ratifisert. Se mer under del I.

#### VEDTAKSFREDETE KULTURMINNER

Bare kulturminner som er eldre enn 1537, bygninger eldre enn 1649, samiske minner som er eldre enn 100 år gamle og kulturminner på Svalbard eldre enn 1946 er automatisk fredet. Loven åpner likevel for fredning av byggverk og anlegg, eller deler av dem, uten hensyn til alder, når de har tilstrekkelig høy kulturhistorisk eller arkitektonisk verdi. Dette kan være parker, hageanlegg, alleer, offentlige minnesmerker og andre steder som det knytter seg viktige historiske minner til (§ 15).

En slik fredning krever en spesiell prosedyre. Hvem som helst kan foreslå fredning. En henvender seg da til fylkeskommunen som forbereder saken før den sendes over til Riksantikvaren, som avgjør om det skal reises fredningssak. Eier, kommune og fylkeskommune får saken til uttalelse. Miljøverndepartementet vedtar endelig fredning, og vedtaket skal tinglyses og gjøres kjent gjennom pressen. Fylkeskommunen kan foreta midlertidig fredning inntil saken er avgjort (§ 22), eller i hvilken som helst annen sak som gjelder antikvariske verdier, for eksempel for å gi partene og kulturminnet et pusterom i en konfliktsituasjon.

Området rundt et kulturminne kan fredes dersom det er nødvendig for å bevare virkningen av det i landskapet eller miljøet som helhet. Slik kan vitenskapelige interesser som knytter seg til det og til omgivelsene (§ 19) beskyttes. Likedan kan et helt kulturmiljø fredes for å bevare områdets kulturhistoriske verdi (§ 20). I begge tilfellene kan vernemyndigheten gjennomføre den skjøtselen som er nødvendig av hensyn til formålet med fredningen. Skjøtselen kan være vedlikehold av det fredete området, som rydding og pleie av vegetasjon og andre tiltak for å verne kulturmiljøet (§ 21). Naturvernlovens § 5 kan og benyttes til miljøbevaring ved å legge ut området til *landskapsvern*, men da må det inngå i et verneverdig naturområde, og det må være et samarbeide med naturvernmyndighetene. Plan- og bygningslovens § 25.6 kan og brukes til å *regulere til spesialområde med bevaring som formål*. Det siste er da en milder form for vern.

Eier har plikt til å holde en fredet bygning vedlike. Dersom den forfaller, kan eieren pålegges å sette den i stand for egen regning. Hovedprinsippet for vedlikehold av fredete bygninger er å bevare de opprinnelige eller gamle bygningsdelene og -detaljene så langt som mulig. Det gjelder kledning, dører, vinduer, listverk, overflatebehandling m.m. Vedlikeholdet skal så langt som mulig skje på samme måte som da huset ble bygd og med opprinnelige teknikker, utførelse og materialbruk. På den måten bevares bygningen så ekte som det lar seg gjøre, og mest mulig av det opprinnelige blir bevart. Reparasjoner som medfører utskifting av materialer, og oppussing som innebærer endring av bygningens eksteriør, interiør eller overflatebehandling, regnes som å gå ut over vanlig vedlikehold, skal meldes til fylkeskommunen til godkjenning. Planene bør utarbeides i god tid før arbeidene skal settes i gang. Det kan være nyttig å ta kontakt med fylkeskommunen før planleggingen begynner. Om-, påbygginger og fasadeendringer vil også være meldeppliktige etter plan- og bygningsloven, og en må søke kommunen om byggetillatelse. Oppstår det uforutsette problemer under byggearbeidet slik at de godkjente planene må endres, skal fylkeskommunen varsles. Det er viktig at også håndverkerne som utfører arbeidet blir gjort oppmerksom på kulturminnelovens bestemmelser og de retningslinjene fylkeskommunen har gitt for arbeidet. For en del år siden fikk de som overtrådte loven minimale bøter, om noen, men i de siste årene er straffen for overtredelse betydelig skjerpet, fordi det blir sett på som miljø forbrytelse og på linje med å gjøre vold på vår nedarvede fellesformue.

## KIRKER

Kirkene hører til de mest brukte kulturminnene, samtidig som de fleste av oss har et forhold til kirkebygningen fordi den er knyttet til viktige hendelser i livet vårt. Middelalderkirkene er dessuten våre eldste bygninger, og derfor svært viktige kilder til denne perioden som det ellers er bevart få minner fra. Materialbruk og inventar fra alle historiske perioder er også viktige kulturhistoriske kilder til byggeskikk, liturgi og kunsthistorie, for å nevne noen.



*Rørstad kirke i Sørfold i Nordland er fra 1700-tallet. Rørstad var hovedkirkestedet i Folda, men er nå fraflyttet. Med moderne samferdsel ble stedet en veilos avkrok. Foto Turid Følling Eilertsen 1986.*

Middelalderkirkene og kirker oppført før 1650 er fredet på samme måte som andre kulturminner. De øvrige kirkene er beskyttet mot riving, forandring o.a. gjennom kirkeloven. Ifølge den må kirkelig fellesråd i prestegjeldet søke biskopen om alle store forandringer av kirker, også om oppussing og om å få tillatelse til å bygge hus nærmere enn 60 m fra kirka i spredtbygd strøk. For kirker som er eldre enn 1850 og som står på Riksantikvarens liste, vil biskopen søke Riksantikvaren om tillatelse til endringen. Klage på vedtak kan sendes Kirke-, utdannings- og forsk-

ningsdepartementet (KUF) av kirkelig fellesråd eller andre med rettslig klageinteresse. Biskopens vedtak kan klages til departementet av Riksantikvaren. Det er utarbeidet regler for hvordan en skal gå frem ved tiltak ut over rent vedlikehold. 60-metersonen var opprinnelig ment som en beskyttelse mot brann, men har i tidens løp hindret mange kirker fra å bli innestengt i ny bebyggelse.

De samme reglene gjelder for graver, porter og gjerder ved kirker som er eldre enn 90 -100 år. Tillatelse må også innhentes for oppføring av bårehus ved kirker som har antikvarisk verdi. Forvaltningen av kirker og omgivelsene deres skal samordnes med Plan- og bygningsloven og Kulturminneloven.

Forbundet Kysten ble startet i 1979 ved at Båtlaget og Foreningen for bevaring av eldre seilfartøy ble slått sammen. Formålet er bevaring og bruk av eldre fartøyer og kystmiljø. En rekke lokale foreninger for hele kysten er siden tilsluttet. Flere regattaer og arrangementer holdes hvert år i regi av disse foreningene, og kystkultursentre er opprettet. De siste fungerer helst som lokalmuseer med vekt på kystkultur. Det er naturligvis et skritt i riktig retning. Museumsdekningen må likevel sies å være tilstrekkelig mange steder i landet, og det aller viktigste er å bevare kystkulturen mens den ennå er levende. Men dette vil alltid være avhengig av distrikts- og næringspolitikken, både den lokale og nasjonale.



*Fiskehjell for torking  
av fisk i Lofoten,  
Nordland. Foto Jan  
A. Holtet.*

Det er enighet om at et representativt utvalg av andre kulturminner ved sjøen må vurderes vernet. Det gjelder fiskevær, kystgårder, naustmiljøer, losstasjoner, fiskemottak, verft, havner, fyrlykter, sjømerker, fyrstasjonar, ballastplasser, kanaler, fortøyningsringer m.m. Mange av disse kulturminnene kan brukes i forbindelse med fartøyvernet, både i formidlingen av fartøyenes historie spesielt og av norsk kystkultur generelt, i tråd med offentlige uttalelser.

Kvinnene og barna er en naturlig del av kystkulturen, og derfor bør det legges større vekt på å dokumentere hvordan livsvilkårene har vært for dem. Den arbeidsinnsatsen kvinnene gjorde hjemme, var en nødvendig forutsetning for at mannen kunne være bortreist på fiske eller til sjøs store deler av året. De tok seg av det daglige arbeidet på gården, som skapte grunnlaget formannens utrustning av mat og kler. Den tradisjonelle tekstilttilvirkningen representerer en utdøende tradisjon og et håndverk som var høyt utviklet og sterkt tilpasset råstofftilgang og bruksområde. Familiens tilværelse var ikke bare avhengig av fisket eller av avkastningen på gården, men av begge deler. Livsgrunnlaget deres hadde flere ben å stå på. Hvilken næring som var viktigst, var avhengig av hvor langt ute på kysten de bodde, hvilken sosial klasse de tilhørte, om de drev en gård eller bare bodde på en liten plass. Barnas arbeidsinnsats var helt nødvendig her som over alt i eldre samfunn. Deres arbeid var dessuten et ledd i sosialiseringss prosessen og i opplæringen til rollen som voksen.

## **Kapittel 6**

### **TEKNISKE KULTURMINNER**

Bygninger og andre kulturminner brukt i fremstilling av gjenstander kalles vi tekniske kulturminner. Det kan være verksteder og fabrikker, smier, møller og sager av alle størrelser. Oftest inneholder de tekniske innretningene for produksjon.

Naturressursene la grunnlaget for utviklingen av landet til en industrinasjon. Råstoffene var først og fremst skog, fisk, malm og mineraler kombinert med store kraftressurser. Den omfattende endringen i næringslivet i løpet av de siste årene har ført til at en mengde industribedrifter, store som små, enten er blitt lagt ned, eller har endret eller sterkt redusert virksomheten. Dette har aktualisert og økt behovet for en overordnet politikk for å verne tekniske og industrielle minner. Miljøvernmyndighetene har uttrykt ønske om å bevare en del av dem, for å ta vare på de viktigste sporene fra industrialiseringen av landet, og for å synliggjøre og verne om det materielle grunnlaget og sporene etter arbeiderkulturen i byene og industristedene.


De fleste av industriminene består av svært store bygninger eller bygningskomplekser, som derfor byr på spesielle utfordringer for kulturvernet. En bygning som er forlatt fordi produksjonen ikke lenger lønte seg, er dessuten sjeldent velholdt.

Den historiske verdien av slike bygninger er innlysende. Ofte har de også vært hjørnestensbedrifter som har gitt opphavet til det nærliggende tettstedet. Industrianlegget er derfor uunnværlig for å forklare oppkomssten og historien til lokalsamfunnet. Fabrikken er kanskje også enestående som historisk kilde for å forstå en produksjonsprosess. Bygningen kan til og med være forlatt med hele produksjonsutstyret i behold.

Prosjektet «Bevaring av tekniske og industrielle kulturminner» har registrert 31 tekniske kulturminner som har vært viktig for nasjonen. De representerer en mengde forskjellige virksomheter som har hatt betydning for Norges utvikling som industrinasjon de siste 100 årene. Seks av dem er vernet: Fetsund lenser, Klevfoss Cellulose & Papirfabrikk, Nes Jernverk, A/S Sjølingstad Uldvarefabrikk, Industristaden Tyssedal og Neptun Sildoljefabrikk.

Disse verneobjektene er eksempler og viktige minner på det som var typisk, og som preget levevis og produksjonsmåter i nasjonens nære fortid. Bedrifter som var mer typisk for et bestemt område skal være en fylkeskommunal oppgave. Selv om det er mange av en type, og den ikke har nasjonal interesse, kan den likevel ha stor lokal verdi som identitets-skaper for stedet. Slike er det en kommunal oppgave å ta vare på. Men en systematisk bevaringsplan forutsetter en oversikt over alle tekniske kulturminner, men en slik finnes ikke alltid.

Samfunnsøkonomisk kan det være lønnsomt å drive vern av tekniske kulturminner. Bygningene er ofte av kolossale dimensjoner, noe som gjør dem kostbare å sette i stand, men som andre stående bygninger representerer de økonomiske ressurser. Fordi de er store kan de huse mange funksjoner. Aker brygge i Oslo som har vært mekanisk verksted, er et eksempel på hvordan dette utgangspunktet kan være miljøskapende for en hel bydel, samtidig som de tidligere verkstedbygningene rommer en mengde forretninger, restauranter og annen virksomhet. Ideen er god, men vi kan alltid diskutere hvor heldig løsningen er blitt.



*Liv i gamle industrihaller. Tegning Geir Helgen.*

Georgernes verft på Nordnes i Bergen er blitt kulturhus som rommer mange funksjoner. Nedre Vøyen Spinderi i Oslo har restauranter, interiørstudio, småindustri, kontorer, treningscenter m.m. Fossekleiva Bruks-senter i Svelvik var tidligere ullvarefabrikk, men huser nå flere bruks-kunstverksteder. Dette er eksempler på gjenbruk av tekniske kulturminner. Eksteriørene er alle stedene bevart, og de nye funksjonene er i stor grad tilpasset interiørene. Tøyen trafo som ligger høyt og flott til i Oslo ble bygd som transformatorstasjon i 1915. I 1975 ble den tatt i bruk som kommunalt kulturhus som nå inneholder bl.a. 32 atelierer for kunstnere, øvingslokaler for kor, dansegrupper og barneteater.

Men mange steder har kommunen likevel bygd nye millionbygg i stedet for å sette i stand store fabrikksbygninger som sto tomme, men var i god teknisk stand. Samfunnet ville ha spart millioner, samtidig som miljømessige og kulturhistoriske verdier var blitt tatt vare på som for eksemplene ovenfor.

Flere industribygninger gjøres om til museer der tidligere tiders produksjon dokumenteres. «Industriarbeiderstedet Odda» er et eksempel på hvordan industriarbeidernes kultur kan tas vare på og formidles. Klevfoss Industrimuseum er museum for cellulose- og papirindustrien. Gamle Salhus Tricotagefabrik i Bergen er blitt Norsk Trikotasjemuseum. Der er den gamle maskinparken bevart og hele produksjonsfremstillingen av ullvarene kan demonstreres. Teglverket på Bakklandet i Trondheim er fredet. Gruvemuseene på Kongsberg, Røros og Sulitjelma dokumenterer gruveindustrien, også gjennom besøksgruver. Dampsentralen som tidligere produserte elkraft for Nord-Norges største bedrift, A/S Sydvaranger, er gjort om til moderne mekanisk verksted. Hermetikk-byen Stavanger har fått sitt hermetikkmuseum i en av de nedlagte sardinfabrikke-ne. Et oljemuseum er også etablert i byen. Flere sager og møller er hel-digvis bevart både på museer og i sitt opprinnelige miljø. Det samme gjelder en del nedlagte kraftstasjoner, som Heggmoen i Bodø som Nord-landsmuseet har ansvaret for. Inventaret er på plass og holdes ved like.

Jernbanemuseet på Hamar og museumsjernbanene Setesdalsbanen, Thamshavnbanen m.fl. er viktige tekniske kulturminner fra samferdsels-sektoren. Telemarkkanalen med slusesystemene og kulturminnene langs kanalen har skapt nytt turistgrunnlag i Telemark med båttrafikk om sommeren.



*Maskinrommet om bord på M/S Farland, en av få bevarte dampbåter i Noreg.  
Foto Sigrid Bø.*

Her som ellers er det viktig å bevare hele miljøet med tilhørende arbeider- og funksjonærboliger og andre faste kulturminner, så vel som hele kulturlandskapet. Slagghaugene på Røros er fredet fordi de er så karakteristiske for stedet og viktige for Røros' historie. Jakobsbakken i Sulitjelma er en komplett gruveby som bevares ved at Norsk Luthersk Misjons-samband bruker den som leirsted. Gjestene bor og steller seg selv i de tidligere gruvearbeiderleilighetene. De gamle husene og alle de øvrige kulturminnene er i høyeste grad med på å skape det særegne miljøet der oppe i høyfjellet.

Norsk kulturråd leverte i 1988 en komiteinnstilling om bevaring av tekniske minner og industriminner. De registrerte anleggene ble prioriterte oppgaver. Riksantikvaren deler ut økonomiske midler. Men kommuner og fylkeskommuner burde i tillegg sørge for å inkorporere bevaring og gjenbruk av tekniske kulturminner i planene sine. Det siste er viktig. Slett ikke alle tekniske minner kan gjøres om til museer.

## Kapittel 7

### GJENSTANDER OG LØSFUNN

Hittil har vi snakket lite om de løse kulturminnene, gjenstandene. Det betyr ikke at de er mindre viktige. Innen kulturvernet er de helt nødvendig både som forsknings- og formidlingsobjekter som gir oss mye kunnskap om mange sider av samfunnet fra langt tilbake og opp til våre dager. Dessverre er lovverket svakere for dem enn for de faste kulturminnene. Se mer i del I.

#### LØSE KULTURMINNER

Kulturminnelovens § 12 slår fast at løse kulturminner som kommer for dagen ved tilfeldige funn, utgravning eller på annen måte, er statens eiendom. Det gjelder gjenstander fra oldtid og middelalder inntil 1537, som våpen, redskap, kulturgjenstander, steiner, tresykker eller gjenstander av annet materiale med innskrifter eller bilder, bygningsrester uten samhørighet med bygninger eller rester av disse, innbo, kirkeinventar, smykker, arkivsaker, skelelett og skelettrester m.m. Dessuten gjelder det mynter fra før 1650 og samiske kulturminner som er eldre enn 100 år.

Disse kulturminnene er det bare myndighetene som kan grave frem, flytte og ta hånd om. Finnere av slike gjenstander er pliktige til å melde funnet til politiet på stedet, eller til rette myndighet etter loven, som er fylkeskommunen. Miljøverndepartementet kan fastsette finnerlønn. Den skal deles likt mellom finner og grunneier. Dette gjelder mest gjenstander av edelmetall.

Når bygninger eller anlegg fra nyere tid fredes etter § 15, omfatter fredningsvedtaket fast inventar som skap og ovner. Derimot gjelder det vanligvis ikke annet inventar. Men paragrafen åpner adgang for dette: *Når særlige grunner tilsier det, kan også større løst inventar medtas. I slike tilfeller må hver enkelt gjenstand særskilt spesifiseres.*

Fredete kulturminner må ikke føres ut av landet uten Riksantikvarens tillatelse (§ 23). Det gjelder også bygningsdeler og ting av kunst-, kultur- eller personalhistorisk interesse eldre enn 100 år, som alle slags sjeldne gjenstander og drakter. I spesielle tilfeller kan departementet fastsette at utførselsforbudet skal omfatte slike gjenstander uten hensyn til alder. Forbudet gjelder dessuten samiske kulturminner eldre enn 50 år og min-


ner etter fremst  ende personer. Tollvesenet f  rer kontroll med at loven folges. ABM-utvikling er   verste klageinstans ved utf  rselsneking.

Kirkeavdelingens arbeidsfelt hos Riksantikvaren baserer seg p   kirkeloven, som sl  r fast at alle saker som ang  r kirker og kirkeinventar, kirkeg  rder og gravminner eldre enn 90   r og er listef  rt hos Riksantikvaren, skal forelegges denne til uttalelse f  r forandringer foretas. Dette gjelder ogs   kirkeinventar eldre enn 1850. Kirkeavdelingen har som arbeidsomr  de blant annet    befare og vurdere restaureringsplaner og forslag til nyanskaffelser, ominnredninger og endringer av b  de kirkehus, inventar og omgivelser.

Bortsett fra de l  se kulturminnene nevnt ovenfor har staten ikke noe formelt ansvar for gjenstandsv  rn. Dette overlates til de   vrige forvaltningsniv  ene og til privat initiativ. Oftest har heller ikke kommunene eller fylkeskommunene noe ansvar, bortsett fra for gjenstandene i de halvfentlige museene.

## MUSEENE

Museene har alltid samlet p   gjenstander. Den vanlige definisjonen av et museum er et lokale eller en bygning hvor en samling av kunstverk eller gjenstander av historisk og naturhistorisk interesse oppbevares og stilles ut, og som er offentlig tilgjengelig. Uansett er gjenstandsv  rnet museenes hovedarbeidsomr  de.



*Museumsgjenstander.  
Tegning Geir Helgen.*

Gjenstanden kan være et håndverks- og arbeidsredskap. Redskapet sammen med råvaren det er laget av, og produktet redskapet er ment å frembringe, har alltid vært et hovedfelt for dokumentasjon av håndverk av alle slag. Gjenstanden er dokumentasjon på seg selv som ikke kan erstattes verken av foto, tegninger eller beskrivelser.

Når gjenstanden er havnet på museum, tror vi at alt er vel og bra, og at nå er den sikret for alltid. Dessverre er virkeligheten en annen. Svært få gjenstander er laget av et varig materiale, og noen brytes ned fortære enn andre. Tekstiler er av de mest forgjengelige og krever derfor mye omtanke ved oppbevaring. Måten gjenstandene oppbevares på, og klimaet de oppbevares i, har mye å si. Selv om museene gjør sitt ytterste, er det et beklagelig faktum at de færreste av dem har tilfredsstillende lokaler for alle de forskjellige verdifulle gjenstandene de eier, og enda færre har konserveringsmuligheter. I hele museumsvesenet er det mangel på ressurser i form av økonomi, ansatte og ekspertise.

I St. meld. nr. 39 (1986-87) Bygnings- og fornminnevernet sies det at målet må være å bevare et så stort og sammensatt utvalg av kulturminner at folk kan oppleve hvordan samfunnet har utviklet seg gjennom lengre tid. Derfor er det nødvendig at kulturminnene i størst mulig grad blir bevart i sitt rette miljø. Som et ledd i dette vil det bli lagt spesiell vekt på å ta vare på minner fra områder som arbeiderkultur og kvinners hverdag og virke.

For å ta det siste, kvinners liv og virke, så vet vi at det fortsatt er kvinner som hovedsakelig er knyttet til gjenstander og inventar i hjemmene, og ikke så mye til selve bygningene, heller ikke til de tekniske kulturminnene. Dette må vi ta konsekvensen av i vår vernepolitikk, og ikke fortsette å nærmest neglisjere minnene fra kvinners dagligliv. I fremtiden må derfor mer av inventaret fredes sammen med bygningene. Likedan må det arbeides aktivt for at alle slags bruksgjenstander, klær og andre tekstiler og leker tas vare på.

Museene bør og sikre gjenstandsmaterialet fra vår nære fortid, og ikke bare fra eldre tid, men det fører til spesielle problemer, fordi det krever en form for utvelgelse. Det er umulig å ta vare på den store mengden gjenstander vi omgir oss med. De raskt skiftende motene og bruk-og-kast-mentaliteten gjør ikke dette lettere. Ønsket er at gjenstandene do-

kumenteres allerede i sin samtid, enten ved direkte innsamling, eller gjennom former for registrering. Arbeidet med denne samtidsdokumentasjonen kaller vi SAMDOK, og enkelte museer har spesialisert seg på å dokumentere ulike sider av samfunnslivet, slik at ikke alle behøver å samle på det samme. En oversiktsregistrering av bygninger og gjenstander på norske museer er foretatt og lagt inn på data.

Museene får tilskudd fra staten, fylkeskommunen og vertskommunen. Kulturdepartementet gir også tilskudd under kapitlet «Andre kulturvernformål» til husflid m.m. Til større engangstiltak kan en søke Norsk Kulturråd, og Kulturminnefondet. Fondets formål er å løse oppgaver innenfor kulturvernet som ikke kan løses gjennom de ordinære bevilningene, og det skal kunne gis bidrag til formålet innen hele kulturminnelovens virkeområde.

## HÅNDVERKENE

Håndverkene er en grunnleggende del av kulturarven vår, og det bør være like selvsagt å ta vare på dem som på gjenstandene de har skapt. Håndverkerne trengs i aller høyeste grad for å ta vare på gjenstandene. Tilstrekkelig tilgang på arbeidskraft med ferdigheter i de gamle håndverkene er helt avgjørende for å opprettholde den antikvariske verdien av kulturminnene. Ved reparasjoner må de gamle teknikkene benyttes for ikke å gjøre skade.

Flere av de bevarte middelalderbygningene i tre var til nylig i dårlig forfatning, preget av sterkt forfall etter at de var gått av bruk. Miljøverndepartementet startet i 1990 et prosjekt for å få satt dem i stand til et nivå hvor eierne selv kunne overta et fremtidig jevnt vedlikehold. Mange materialtyper som var i bruk i middelalderen, produseres ikke lenger. Produksjonsmetodene kan og være gått i glemmeboka. Det ble derfor nødvendig å finne tilbake til tradisjonelle kunnskaper og ferdigheter. Mange håndverkere har måttet gå på kurs og lære seg tradisjonelle byggeteknikker. På den måten har prosjektet vært med på å perfeksjonere og kvalifisere håndverkerne til antikvarisk istandsetting, samtidig med at de gamle bygningene er blitt satt i stand. Bygningsvern er blitt en levedyktig næringsgren med ringvirkninger som sysselsetting, meningsfylte arbeidsplasser og avsetning på spesialprodukter for leverandørene. Dette gjenoppliver og styrker forståelsen for kvalitetsarbeid i bygningsfaget. I Rauland er det et studietilbud i restaurering på høyskolenivå.

Museene har behov for håndverkere for å:

- dokumentere håndverkskunnskap
- ha faglig kunnskap om gjenstandene og bruken av dem
- ha teknisk kyndige personer til å konservere, restaurere og reparere gjenstander
- kunne formidle kunnskap om håndverkene

På samme måte har vi behov for eldre industriprosesser og servicetjenester.

Museene har en særlig viktig oppgave der den levende håndverkstradisjonen er utdødd. Et dataregister over dyktige håndverkere er opprettet på Maihaugen, NHU = Norsk handverksutvikling, som er en sammenslåing av Håndverksregisteret og Sekretariatet for små og verneverdige fag. Det ideelle hadde vært at alle departementene opprettet noe tilsvarende på sine felt. Husflidsskolene og de private organisasjonene har også sin misjon, og likedan historie- og museumslagene, Forbundet Kysten og Bunad- og folkedraktrådet. Det er de mest kjente organisasjonene i denne sammenhengen, men mange flere kunne vært nevnt som gjør en stor innsats for å bevare håndverkskunnskapene på sine respektive fagområder.

Det viktigste også på dette området er å sørge for at kunnskapen blir formidlet videre gjennom alminnelig opplysningsvirksomhet, oppmuntring og økonomisk støtte til forskningsprosjekter osv. Håndverksfagenes kunnskaper, teknologi og produktkultur må benyttes og dokumenteres. Det må skje ved registrering, sikring av maskiner, utstyr, verktøy, modeller og materialer, teknikker og kunnskap. Kunnskapen må formidles på en kompetansegivende måte, dvs. at informasjonen blir gitt videre på en måte som et marked er villig til å kjøpe. Informasjonen må brukes produktivt. Dette gjelder foreldete, utdødde håndverk så vel som aktuelle og levende. De første burde ha enkelte utøvere plassert i restaureringsverksteder. Håndverkene må i tillegg dokumenteres på museer og i arkiv, i publikasjoner og på film m.m. For å fremme bevaring av gamle håndverk og heve kvaliteten på suvenirer, bør museene gå inn for produksjon av gode gjenstander til suvenirsalg i stedet for de masseproduserte.

Med den stigende miljøkrisen i verden kan det komme en større etter-spørsel etter miljøvennlige materialer, som de gamle gjenstandene oftest er laget av. I de fleste tilfellene er de miljøvennlige både ved forarbeiding, bruk og etter at de er gått ut av bruk. De gamle gjenstandene representerer en kvalitet i materiale og utførelse som er sjeldent i dagens industri-samfunn. Materialene er gjerne spesielt utplukket, og håndverkeren har satt sin ære i å forarbeide et førsteklasses produkt. Gjenstanden eller klesdrakten var ment å skulle vare lengst mulig, i flere generasjoner kanskje, og ikke bare i en motesesong. Det samme gjelder det meste av den tradisjonelt handlingsoverførte kunnskapen, som var en del av den vanlige hjemmehusfliden, og som til en viss grad heldigvis fortsatt er det.

Den stigende etterspørselen etter antikviteter fører i dag til at hele bygder tappes for eldre gjenstander. De tas ut av sitt rette miljø og benyttes løsrevet fra sin sammenheng i miljøer fremmed for den kulturen de var skapt og ment å fungere i. Som motebølge er denne tendensen betenklig, men vi skal og være klar over at i mange tilfeller gjelder det arvete gjenstander, og da har antikvitetene likevel en sammenheng med det nye miljøet. Mange mennesker har også behov for mer miljøskapende gjenstander av høyere kvalitet enn de masseproduserte.

Når vi tenker på dagens samfunn og hva som er de største truslene for det samlede kulturminnevernet, ser vi at det er hele samfunnets holdning til kulturminnene og til vår felles fortid. Det gjelder vanligvis ikke enkeltindividet i enkeltsituasjoner, men hele samfunnet når det opptrer kollektivt i for eksempel utbyggingsaker. I mange tilfeller taper miljø- og kulturminneverdier overfor dagens sterke økonomiske interesser og mangel på helhetlig og langsiktig planlegging. Dernest trues de av det generelle kunnskapsnivået i befolkninga, som mangler kunnskap om historien og kulturminneverdiene i samfunnet.

De største farene kan generelt sies å være:

- brann og naturskader
- sterke økonomiske interesser for utbygging
- slitasje og galt vedlikehold
- innbrudd, tyveri o.a. skadeverk
- forurensing
- industrijordbruksbruket
- mangelfull kunnskap og interesse



## **DEL III**

### **VERN AV IKKJE-MATRIELLE KULTURMINNE**

*Kunnskap, interesse og respekt for lokalsamfunnets  
røtter og tradisjoner er den beste grobunn for  
trivsel, tilhørighet og identitet.*

Åse Kleveland, 1996



## Kapittel 1

### IKKJE-MATERIELLE KULTURMINNE

Dei kulturminna som ikkje er synlege eller til å ta og kjenne på, kallar vi åndelege kulturminne eller ikkje-materielle kulturminne. Kulturvern omfattar vern og pleie av både materielle og ikkje-materielle kulturminne. Det kan vere noko forvirrande at lærebøkene, så vel som kulturvernforvaltinga, nyttar ordet “kulturminnevern” avgrensa til det materielle kulturvernet. Årsaka til denne nemnebruken har truleg årsaka si meir i historiske forhold enn dei reit logiske.

Fram til midten av 1970-talet og framveksten av fylkeskommunane, hadde kulturvernet ei anna oppbygging. På regionalt nivå var kulturvern knytt til vern av materiell kultur, primært bygningar og anlegg, og fylkeskonservatoren hadde forvaltingsansvaret på vegne av staten. Dei ikkje-materielle kulturminna fall utanfor det offentlege verneapparatet på region- eller lokalnivå. Ved opprettinga av fylkeskommunane og fylkeskulturetaten skulle denne ha ansvar for heile kultursektoren, dvs. saman med introduksjonen av eit ”utvida kulturomgrep” fekk vi eit *utvida kulturvern*. Men medan det på statleg nivå var ei ansvarsdeling med materielt kulturvern i Miljødepartementet og ikkje-materielt kulturvern i Kulturdepartementet, fekk kulturetaten på fylkeskommunal og kommunalt nivå ansvar for heile kulturfeltet. Og fylkeskonservatoren, som tidlegare hadde vore statens representant på fylkesnivå med ansvar for den materielle kulturen, vart ein del av den fylkeskommunale kulturadministrasjonen og sakshandsamar både for den materielle og ikkje-materielle kulturen. I nokre fylkeskommunar heldt dei fast ved nemninga fylkeskonservator, men etter kvart som det vart bygt ut ein eigen kulturvernetat i fylkeskommunen, gjekk fleire over til nemninga ”fylkeskulturvernleiar” ol.

Med ein ny administrativ struktur og ei formell og reell utviding av arbeidsfeltet, oppstod det naturleg nok nye nemningsbehov. Kulturvern kom i bruk som omgrep for vern av alle typar kulturminne, både materielle og ikkje-materielle kulturminne. Likevel festa ordsamansetjinga ”kulturminnevern” seg til det avgrensa materielle kulturvernet. Først i ettertid har det vorte reist spørsmål om kor vidt desse tre omgrepene er eigna i det offentlege og private vernearbeidet: samleomgrepet *kulturvern* og dei to undergruppene *kulturminnevern* og *vern av ikkje-materiell kultur*. Utanfor fagmiljøet vert både ”minne”, ”åndeleg” og ”ikkje-materiell” oppfatta

som det same, noko abstrakt. Skiljet mellom kulturvern og kulturminnevern misforstår derfor mange, men står likevel som innarbeidde omgrep både innan offentleg og privat kulturvernarbeid.

Den ikkje-materielle kulturen lever og vidareførest gjennom tale, i folks minne, handlemåtar, religiøse oppfatningar, ritual, seremoniar, normer og samversformer. I eldre tid vart den åndelege kulturtradisjonen overførd direkte frå person til person eller via det skrivne ord. I det moderne samfunnet har teknologien kome inn og endra traderingsprosessen. Tradisjonsstoffet kan overførast via nye media, utan den personlege kontakta. Medan tradisjonsstoffet tidlegare måtte lagrast og overførast via mennesket sin hjerne, kan det no verte teke vare på også i skriftleg form, på lydband, foto, film og video. Kulturtradisjonen som er dokumentert på denne måten, reknast og som ikkje-materiell kulturtradisjon. Men der som vi kjenner det berre i den forma, kallar vi det for *dokumentert tradisjon* i motsetnad til *leverande tradisjon*. Vi seier at kulturtradisjonen lever når han vert hugsa og bruka av folk i daglege gjeremål eller ved spesielle høve.

## VIDAREFØRING AV TRADISJON

Når ei tradisjonsytring vert bruka og ført vidare, seier vi at ho vert tradert. Personen som kan og nyttar tradisjonen, kallar vi tradisjonsberar. Men i samband med vidareføring av tradisjon og tradisjonsspreiing, talar vi om *aktive* og *passive tradisjonsberarar*. Båe har vore viktige for vidareføringa av tradisjonen, men på ulike måtar. Den aktive tradisjonsberaren er utøvar, anten som forteljar, kvedar, dansar, båtbyggjar, vevar o.l. Den passive tradisjonsberaren kan tradisjonen, men er i lita grad utøvar eller formidlar. Av di tradisjonen i utgangspunktet lever utan nedskrivne former og reglar, må utøvinga og vidareføringa berast oppe av ein tradisjonsberar. Den aktive tradisjonsberaren har denne formidlarrolla, medan den passive tradisjonsberaren har meir hatt ein kontrollfunksjon.

Utøvaren skal vidareføre det ho/han har høyrt, sett og lært. Men tradisjonen gjev og rom til å gjeve det ei viss personleg utforming. Ei slik personleg utforming av tradisjonstype kan gjeve så særeigne former at vi kallar det *variantar* av typen. Eit av kjenneteikna ved folkekunsta er nettopp *variantrikdomen*, anten det er tale om ei forteljing, vise, danseform eller veveteknikkar og -mønster. Men utforminga må likevel ikkje innebere større avvik enn at ho held seg innanfor dei akseptable rammene for tradisjonen, dvs. varianten må vere gjenjenneleg.

Her kjem dei passive tradisjonsberarane inn og øver kontrollfunksjonen sin. Som kjennarar av tradisjonen, vil dei vere ein garanti for at utøvaren held seg innanfor grensene tradisjonen set. Dersom utøvaren ikkje aksepterer slike grenser eller unnlet å rette og korrigere seg i tråd med tradisjonsmiljøet, risikerer vedkomande å verte sett utanfor som tradisjonsutøvar.

Tradisjonelt har dette kontrollmiljøet vore det geografiske nærmiljøet, dvs. dei som er ein del av kulturen. Med den nye teknologien, der utøvinga og overføringa av tradisjonen kan gå gjennom nye media, har denne kontrollfunksjonen endra seg. Samstundes har den internasjonale interessa for folketradisjon gjort etniske kulturuttrykk salbare for eit stort publikum, til tider den ”globale landsbyen”. Formidlinga av folketradisjonen har også vorte kommersialisert. I ei postmoderne tid med dyrking av individualismen og nyskaping, blanding av tradisjonar og individuelle uttrykk, vart det vanskeleg for den passive tradisjonsberaren å målføre den tidlegare funksjonen sin. Nærmiljøet har langt på veg mista posisjonen som kjennarmiljø. Paringa av liberalisme og kommersialisering gav god grobotn for å stemple utsegner og krav om respekt for lokale tradisjonsformer som ”bakstrevers”, ”gamaldags”, ”fanatisme” og liknande negative karakteristikkar. Dei nye interessemiljøa, anten frå kommersielt hald eller utøvaren som nyttar tradisjonen til å iscenesetje sitt eige prosjekt, får overdøyve kritiske røyster om brot på tidlegare rammer for vidareføring av tradisjonen.

I dag vil det truleg vere mest rett å tale om fleire *kontrollmiljø*; opphavsmiljøet med dei passive tradisjonsberarane og ei ny brukargruppe i og utanfor opphavsmiljøet. Det kan sjå ut som desse to miljøa i mange samanhengar har noko motstridande syn på kva som er god vidareføring av lokaltradisjonen. Naturleg nok er det lokalmiljøet som reagerer på bruk av tradisjonen som bryt med den etablerte. Det traderte handverket nyttar gjerne materiale med betre brukseigenskapar til det spesielle føremålet, t.d. stoffbruk til båtsegl. Her ligg det og nært peike på den bakvendte og därlege utnyttinga av tremateriale i husbygginga vår. I hundrevis av år har furua prova seg som bestandsterk og godt tilpassa det norske klimaet med regn, vind og temperatursvingingar. Manglande materialekunnskapar må forklare overgangen til bruk av furu som innepanel og det mykje dårlegare trematerialet frå gran som utepanel. Tilsvarande forhold ligg i kravet til materialbruk når einkvan vil bruke anna og billigare

stoff til ein bunad, trevirke til ein båt eller mangel på dialektuttale ved kveding. For den utanforståande kan dette opplevast som pirk, men for den som kjenner og identifiserer seg med tradisjonen, opplevest därlegare materialbruk eller manglende dialektbruk i ei folkevise som ei uakseptabel forenkling og forflating av folkekunstforma. Spesialkunnskapane som opphavsmiljøet har, t.d. detaljkunnskap om uttale og språkrytme i eit setesdalsstev eller stoffbruken i rondastakken, kan vere heilt avgjerande for kvaliteten i kulturytringa.



*Heddal stavkyrkje med Olea Crögerstatuen i forgrunnen. Olea Cröger var ein av dei viktigaste tradisjonsinnsamlarane våre på 1800-talet. Men ho fekk ikkje publisert folkevisestoffet i eige namn. B. M. Landstad fekk bruke materialet ved utgjevinga av Norske Folkeriser i 1853. Foto Sigrid Bø 2000.*

Erfaringane talar for at tradisjonen og folkekunsta vert sett under eit sterkt press i møtet med eit stort og kommersielt bruksområde. Som all annan kultur, må ein rekne med endringar og utvikling også for folketradisjon og folkekunst, men då er det avgjerande å tenkje kvalitet og viderføring på tradisjonens premissar, ikkje ut frå historieløyse og kortsiktige økonomiske interesser. Odd Are Berkåk, professor i sosialantropologi,

har reist spørsmål om vestens rett til å plukke ut, bruke og omforme element frå folketradisjonen i den tredje verda. Han ser ein parallellell eller vidareføring av kolonimaktene si utnytting av afrikanske land til eiga vinning. Før henta Vesten ut naturressursar til eige forbruk og fortjeneste, no er Vesten i gong med det same på kostnad av dei immaterielle ressursane. Tidlegare tappa Vesten det afrikanske kontinentet for *materielle råvarer*, no forsyner Vesten seg tilsvarande i kommersiell samanheng frå *kulturen*, spesielt afrikansk musikk og dans.

Eit tilsvarande press på folketradisjonen og folkekunsta gjer seg gjeldande også i Noreg. Berre i ettertid er det mogleg å seie om den lokale tradisjonen har kraft i seg til å overleve som ein særeigen, genuin tradisjon. Spørsmålet har og relevans langt ut over lokale og nasjonale grenser, av di det også er eit spørsmål om Noreg og norsk kultur i global samanheng. Berre ved å take vare på og vidareføre norsk folketradisjon og folkekunst kan Noreg bidrage til det kulturelle mangfaldet i verdssamanheng: Noreg kan då yte, tilby originale kulturytringar i ein internasjonal samanheng, i staden for å vere etterapar og parasitt på andres kultur.

Den ikkje-materiell kulturen kan delast inn i tre hovudgrupper:

Munnleg stoff

Handlingsboren tradisjon

Sosiale institusjonar og friviljuge organisasjonar

Vi skal sjå nærare på desse i kvart sitt kapittel.

## Kapittel 2

### MUNNLEG STOFF

Med munnleg stoff meiner vi det som vert formidla i form av språk og tale. Munnleg stoff kan igjen delast inn i fire grupper:

- Språk
- Namn
- Minnestoff
- Tradisjonsstoff

#### SPRÅK

Talemålet er det opphavlege språket, og kan definerast som den naturlege talen, dialektane folk talar til dagleg, - til skilnad frå tale etter skriftspråk. I Noreg, som i dei fleste andre land, har vi mange dialektar. Dei skil seg meir og mindre frå dei offisielle skriftspråka. Elles er dei skandinaviske landa heldigstilte ved at dei tre nasjonalspråka i Noreg, Sverige og Danmark har så stort språkfellesskap at vi utan særleg problem kan kommunisere med kvarandre både i tale og skrift.

Språket er eit grunnleggjande kjenneteikn for ein nasjon og eit lokalsamfunn. Men språket er også viktig for einskildmennesket og del av den personlege identiteten. Såleis er språket grunnleggjande del av felleskulturen, men også individet. Med språk i denne samanhengen tenkjer vi primært på talemål og dialektar, men også på skriftspråk. I Aschehougs konversationsleksikon vert skrift definert som *et middel til nedtegning av ord for meddelelse eller erindring*, og inneber såleis ei teknologisering av språket.

Professor Trond Berg Eriksen seier at ingen teknisk reiskap eller teknisk oppfinning kan erstatte språket slik det vert tala. Formålet med både talemål og skriftspråk er å formidle ein bodskap, men den sosiale samanhengen som skrift og tale nyttar er vanlegvis ulik. Det kjem også til uttrykk ved at skriftspråket gjerne har ei meir komplisert setningsoppbygging. Talespråket vil ofte bere preg av den samanhengen det vert bruka i, og inneheld ofte småord som: ja, nok, då, nei, ser du, ikkje sant, liksom o.l. Sjølv om planleggingsforholda til talemålet og skriftleg språk er ulike, kan ikkje tale- og skriftspråk handsamast som to skilde fenomen.

### *Lokalt talemål*

Lokalt talemål eller dialektar har vorte generelt godtekne på ein heilt annan måte dei siste 30-40 åra jamført med tidlegare. Årsakene til det er mange, men truleg har den store geografiske og sosiale mobiliteten i siste halvdel av 1900-talet hatt mykje å seie. Det same gjeld generell større kulturforståing og opplysning. Talemålet er mediet for verbal kommunikasjon og heilt grunnleggjande for all formidling av munnleg stoff. På same måte som den munnlege tradisjonen er knytt til ein stad i tid og rom, vil språket i ordval og uttrykksmåte vere merkt av dei natur- og kulturforhold språket er forma i.

Ungdom som veks opp på Majorstua i Oslo eller Gamlebyen i Stavanger vil framleis ha bruk for eit noko anna ordforråd enn ungdomen frå Jomfruland ved Kragerø eller Alvdal i Østerdalen, sjølv om levesett og veremåte har vorte utjamna mykje dei siste tiåra. Større samanfall i skule og utdanning, bruk av fjernsyn, video og internett har også verka til å minske kulturskilja mellom by og land i høve til tidlegare. Men likevel vil ein fiskar på kysten framleis ha eit langt større og nyansert ordforråd for å skildre sjøen under ulike værforhold enn kva ein innlandsbuar har, anten han bur på landsbygda eller i byen. I distrikt med utmarksnæring som viktig for næringsgrunnlaget, vil det finnast eit rikt ordtilfang for å karakterisere værforhold og naturleg lende. Tilsvarande forhold vil gjelde i flyttsameområde.

Teknologiske endringar skaper behov for nye ord og uttrykk, medan gamle står i fare for å forsvinne når reiskapar og arbeidsmåtar vert endra eller kjem ut av bruk. Hesten og aktivitetar i tilknyting til han er eit godt eksempel. I dag vert hesten først og fremst nytta til fritidsaktivitetar, på travbanen eller i ryttarsporten., medan han tidlegare var arbeids- og trekkdyr. Dei siste 20 - 30 åra har hesten stort sett vorte bytt ut med traktor og anna maskindriven kraft. Berre hesteselen t.d. omfattar eit titals smådelar, og kvar del har sitt eige namn, rett nok med visse skilje frå dialekt til dialekt. Med endring i utstyr og bruksmåtar, endrast også ordtilfanget. Den yngre generasjonen har ikkje hatt høve til, eller bruk for, å lære det omgrepsapparatet som var knytt til hesteselen og arbeidsreiskapane. Men tilsvarande har andre ord og uttrykk kome i bruk, ut frå behova i dei nye bruksområda.

Endringane i reiskapar og arbeidsmåtar fører til bortfall av ord og uttrykksmåtar, samstundes som ny teknologi gjeve nytt ordtilfang. Dette er ein del av dynamikken i språket. Eit spesielt problem står vi likevel ovanfor i dag ved at skiftingane skjer så fort. Utan ei klår språkpolitisk holdning og vilje til å tilpasse ord og uttrykk til eige språk, kan dette verte meir ei belastning på norsk språk enn ein vokster.

Massemedia i dag, særleg fjernsynet med internasjonale sendingar over kabel og satellitt, er eit ytterlegare press på eit lite nasjonalspråk som norsk. Media og språksituasjonen er ei utfordring til einskildmennesket og heile samfunnet. Skulen sitt ansvar til kunnskapslæring og likeins holdningsskapande læring vil m.a. vere avgjerande for kor vidt vi skal overleve som eigen språknasjon. I kulturvernsamanheng er det ei oppgåve for ein kommune å dokumentere det lokale talemålet. Med dei raske endringane som skjer i samfunnet, vil lokale ord og uttrykk falle bort. Dialekt- og ordsamlingar er verdfulle språkhistoriske dokument, men kan og vere med til å fortelje mykje om miljøet, dvs. vere ein del av den generelle kulturhistoriske dokumentasjonen. Ordtilfanget inneholder opplysningar om næringsliv, reiskap og arbeidsteknikkar, levesett, sosiale forhold og relasjonar m.m.

### *Skriftspråk*

Vi har vi tre offisielle skriftspråk i Noreg: *nynorsk*, *bokmål* og *samisk*. Både nynorsk og bokmål ligg relativt nært opp til norske talemål, men dei har noko ulik fødsel. Bære er resultat av aktivt språkarbeid frå midten av 1800-talet og med gjentekne justeringar opp til våre dagar. Bokmål har, som namnet seier, teke utgangspunkt i det boktrykte danske skriftspråket, med justering og fornorsking ut frå ”danna talemål” i byane. Nynorsken er meir å sjå som ein rekonstruksjon av eit skriftspråk på grunnlag av folkeleg talemål på landsbygda. Det samiske skriftspråket byggjer først og fremst på nordsamisk talemål. At samisk skriftspråk i så stor grad er bygd på talemålet frå eitt samisk område, skapar problem av di dette offisielle samiske språket ikkje vert forstått i alle samiske språkområde. Dersom samiske barn skal få opplæring i sitt eige mål, må det produserast skulebøker frå andre samiske språkområde, t.d. lulesamisk og sør-samisk.

I dag reknar språkforskarane med at det finst ca. 3000 ulike språk i verda, men berre 78 kan seiast å ha ein skriftradioasjon. Ut av den norske språkdebatten kan det av og til verke som om det er eit særnorsk fenomen å

ha fleire offisielle skriftspråk. Det er langtfrå tilfelle. I global samanheng er fleire offisielle språk i ein nasjon meir vanleg enn berre eitt. Eittspråklege nasjonar er primært eit vestleg fenomen. Forskinga til nevrologar og hjerneforskurar om barn og språkleg kompetanse, tyder på at ein tospråkleg barndom styrker evna til å beherske og lære fleire språk som vaksen. Det kan derfor rettast mange spørsmål til den språklege einsrettinga mange vestlege land har praktisert. Blant skandinavane synest også nordmenn å vere dei som lettast forstår folk i grannelanda, noko fleire språkforskurar trur har bakgrunn i norsk tospråklegheit og dialektrikdom.

### *Norsk skriftspråk*

Historia til dei to norske skriftspråka, nynorsk og bokmål, dokumenterer Noreg som ein svært ung språknasjon. Medan Noreg var i unionen med Danmark i fleire hundre år, mista Noreg nasjonalpråket som skriftspråk, men ikkje talemålet. Det danske skriftspråket var einderådande på alle samfunnsmål; som administrasjonsspråk, i forkynning, skule og elles i all trykt litteratur. Gjennom studiar av språket i Noreg og Danmark tidleg på 1800-talet, konkluderte Mauritz Hansen med at det eigentleg ikkje fanst noko norsk skriftspråk. I ein artikkel frå 1833 seier han at norsk og dansk er identiske, dei liknar kvarandre som to dropar vatn *som den ene draabe Vand ligner den anden*. Ein kan då stille spørsmålet om kva som meintest i Grunnlova av 1814 der det vart slege fast at språket i landet skulle vere "norsk". Fleire språk- og historieforskurar trur det må ha vore politisk motivert i forhold til Sverige. Den amerikanske språkforskaren Einar Haugen seier at nemninga "norsk" vart nytta for å *hindre at svensk vart innført i den nye unionen*.

Etter unionsoppløysinga med Danmark i 1814 kom nordmennene etter kvart i krang med danskane om kor vidt det skriftspråket som vart nytta i Noreg kunne kallast norsk. Språkdebatten fekk eitt nytt og meir konstruktivt innhald i det Henrik Wergeland gjekk inn i striden og hevda at no måtte nordmennene drøfte spørsmålet om eit sjølvstendig språk, ikkje berre namnet, *Nu er det Virkeligheden af et selvstændigt Skriftsprøg, som fremasker Norges Aander*. Såleis lanserte Wergeland kravet om eit særnorsk skriftspråk, eit prosjekt og stridsemne mellom reformvener og konservative, seier Einar Haugen. Standpunktet om å ville halde fast ved det danske språket og elles det kulturelle fellesskapet med Danmark, kallar Haugen "fellesskapslinja". Det å ville påskunde språkleg og kulturelt brot med den tidlegare unionsmakta gjev han nemninga "sjølvstendelinja".

Av språkhistoria veit vi at det var sjølvstendelinja som vann fram, men med to målsetjingar; å gjenreise norsk skriftspråk på talemålsgrunn og å fornorske det danske skriftspråket. Det første resulterte i landsmål (ny-norsk), det andre riksmål (bokmål).

Arbeidet med å gjenreise norsk språk vart Ivar Aasens livsverk. I 1848 gav han ut *Det norske Folkesprogs Grammatik*, og kort tid etter kom ordboka. Seinare kom dei ut i omarbeidd form, *Norsk Grammatik* og *Norsk Ord-bok*. Talemåla på landsbygda låg til grunn for ordtilfang og grammatikk.

Omtrent samstundes tok Knud Knudsen fatt på arbeidet med det andre alternativet, fornorskning av dansk skriftspråk. Hovudverket til Knud Knudsen kom i 1856, *Handbog i dansk-norsk Sprøglære*. Dette språkarbeidet står i ei særstilling i internasjonal samanheng. Aldri før eller seinare har det vorte gjort noko tilsvarende, lage eit nytt nasjonalspråk bygd på skriftspråket til ein annan nasjon. Professor Lars Vikør seier at det nærmeste vi kjem dette, var det forsøket som vart gjort i USA omkring 1900 for å lage eit eige amerikansk språk, bygd på engelsk. Som vi veit, slo det ikkje igjennom, og engelsk heldt fram som USA sitt offisielle språk. I den grad nemninga "amerikansk" vert nytta, er det meir knytt til uttale og visse skilje i ord og uttrykksmåtar. Setningsbygnad og grammatikk er derimot i all hovudsak lik, slik at amerikansk meir er å forstå som ein dialekt enn eit eige språk. Såleis kom amerikansk for det meste til å ligge nærmare det offisielle engelske skriftspråket enn fleire engelske dialektar, t.d. cockney engelsk.

I første omgang vart fornorskingsarbeidet til Knud Knudsen avvist som altfor radikalt, men synspunkta hans kom derimot til å danne grunnlag for seinare språkreformer. Først i ettertid forstod ein kor original og stor ein språkreformator Knud Knudsen verkeleg var.

Alt frå tidleg på 1800-talet såg dei leiande i samtidene på språkspørsmålet som ei viktig politisk sak, men utifrå ulik synsstad. Den radikale fløya vurderte språksaka som ein del av demokratiseringsprosessen, ei folkesak, medan dei konservative meinte språkspørsmålet var ei elitesak. I det store politiske oppgjeret mellom dei konservative og radikale, lykkast det venstresida å gjere vedtak om at dei to språkformene, landsmål og riks-mål, skulle vere likestilte. Dette kallar vi det *språkleg likstillingsvedtaket* i

1884. I praksis betydde det at Noreg hadde to offisielle skriftmål, landsmål og riksmål, seinare kalla nynorsk og bokmål. I dei påfylgjande 100 åra har det vorte fatta viktige rettskrivings- og normeringsvedtak, ofte fylgd av debatt og strid.

Den norske språkstriden syner til fulle kor sterkt vi identifiserer oss med språket, og kor viktig språket er for den kulturen vi kallar vår og såleis er del av det einskilde menneske. Hjå oss er den interne språkstriden, som elles i verda, del av ein politisk maktkamp. Derimot må kampen for norsk språk i dag, i ei tid med globalisering og uniformering, med rette kunne nemnast som ein kamp for å bevare norsk kulturell eigenart i tillegg til den politiske maktkampen. Mykje tyder på at likesæla dominerer språksituasjonen i Noreg, ironisk nok med unntak av framstøyt mot sidemålet. Undersøkingar syner ei språkleg utvikling der nye ord og uttrykk vert tekne inn, først og fremst angloamerikanske, utan tilsynelatande vilje til å tillempe dei det heimlege språket. Også der det alt finst dekkjande ord og uttrykk, sklir slike moteord inn utan vidare motstand. Dette er eit trugsmål mot norsk kultur generelt, av di ei svekking av norsk skriftspråk inneber ei svekking av den norske kulturen generelt.

Minskar vi bruken av norsk språk, minskar vi oss som nasjon og kulturfolk. Med støtte frå Kulturdepartementet sette Norsk språkråd i 1990 i gang *Aksjon for språkleg miljøvern*. Språkrådet ynskte bl.a. å få i stand ordskifte om vår felles språkframtid. (...) Og nå må vi endelig kritisere oss med den forestillingen om at norsk er et fattig språk. Den som hører slikt, røper bare sin egen språklige fattigdom, siterer ei brosjyre Herbert Svenkerud, oversetjar og redaktor for ei stor engelsk-norsk ordbok. Aksjonen retta seg også mot uskikken med å sette engelske namn på varer, butikker o.l. i vårt språklige visuelle nærmiljø. Som motvekt mot engelskmanien i nemningar, delde Norsk språkråd ut diplom for godt navnevett til dei som hadde gode norske namn på butikkar. Tilsvarande forhold finst på mange område. Innan kvinnekulturen kan vi nemne den store rikdomen av matrettar, nemningar på råstoff og framstillingsmetodar.

Frå siste halvdel av 1800-talet la den offentlege språkpolitikken i Noreg vekt på ei tilnærming av dei to norske skriftspråka. Men etter normeringsvedtaka frå 1970-åra har det igjen vorte opna for bruk av konservative former, og inneber eit tilbakesteg for den hundreårs lange tilnærmlingslinja som hadde vorte førd. Samstundes har morsmålsundervisninga i

den obligatoriske skulen vorte nedvurdert. Noreg har lenge vore det nordiske landet som satsar minst på morsmålsopplæringa både i grunnskule og i vidaregåande skule. Språkforskaran og lærarane har åtvara mot desse forholda, og universiteta og høgskulane klagar over manglande norskunnskapar blant studentane. Om politikarane verkeleg gjer noko med denne situasjonen, er enno eit ope spørsmål, men frå utdanningsdepartementet har det i det minste kome verbale lovnader om å styrke og utvide norskopplæringa i skulen. Fleire skular har og kome godt i gong med nye undervisningsopplegg og pedagogiske tiltak. Dette gjeld og utviklingsprosjekt for å betre både realkunnskap og haldning til sidemålet. Såleis har t.d. eit opplegg ved Holmlia ungdomsskole i Oslo, der mellom anna nynorske lærebøker vert nytta i KRL-faget, gjeve gode resultat. Når evalueringane av dei ulike norskprosjekta ligg føre, vil ein venteleg kunne setje inn ressursar på rett måte og opne tilstrekkeleg rom for norskfaget, for slik å oppnå målsetjinga om auka interesse og forståing for norskfaget og styrke kompetansen i eigen språkkultur.

At Utdanningsdirektoratet hausten 2004 gav klarsignal for ei prøveordning med fritak for skriftleg sidemålsopplæring i fleire vidaregåande skular i Oslo, før dei ulike prosjekta er gjennomførde eller evalueringar ligg føre, gjev derimot därlege signal. Søknaden frå byrådet i Oslo om fritaket var frårådd både frå fagmiljø ved Universitetet i Oslo og Høgskolen i Oslo, og står i grell kontrast til utsegner og tilrådingar frå dei leiande språkforskaran våre og internasjonal forsking om tospråklegheit. Likeins hadde det frå fleire miljø kome protestskriv til Oslo byråd mot å søkje om skriftleg sidemålsfritak, bl.a. eit *Kultur-oppfrop for sidemål* med meir enn 3000 underskrifter. Nemnde skriv gav uttrykk for forsøket med å fjerne obligatorisk sidemål som eit direkte åtak på nynorsk, samstundes som det undergrev Oslo som hovudstad og Oslo som kulturbyp. Oppropet oppfordrar derimot Oslo til å sjå norsk tospråklegheit som ein kulturell ressurs, og på lik linje med andre europeiske hovudstader, verne og styrke det språklege og kulturelle mangfaldet sitt.

## **Kultur-opprop for sidemål**

I Oslo har byrådet gjort framlegg om at kommunen skal søkje om fritak for obligatorisk sidemål. Les meir om saka. Denne saka er langt frå avgjort. Tysdag 2. mars 2004 vart oppropet overlevert byråd Torger Ødegård under ei flott markering på Det Norske Teatret. Les om overleveringa her.

### **Ja til sidemål i Oslo**

Den norske språksituasjonen er ein kulturell ressurs. Difor går vi imot framlegget om at elevane i Oslo skal kunne velje seg vekk frå den eine delen av skriftkulturen. Vi ser på framlegget om å fjerne obligatorisk sidemålsopplæring som eit åtak på nynorsk. Sidemålsframlegget er dessutan med på å undergrave Oslo som hovudstad og Oslo som kulturbyp.

Vi oppmodar i staden Oslo om å gjere som mange andre europeiske hovudstader; dei vernar om og styrkjer det språklege og kulturelle mangfaldet. Sidemålsframlegget inneber vidare ei svekking av norskfaget. Elevane får ikkje meir kunnskap i norsk ved å kutte sidemålet - dei får mindre. Vi er for kvalitet i skulen, og difor helsar vi velkome forsøk som har som mål å styrkje den aktive opplæringa i både skriftmåla.

### **Underskrivarar av oppropet**

Dersom opninga for valfritt skrifteleg sidemål i den vidaregåande skulen i Oslo skulle få varige fylgjer, ville det vere eit trugsmål mot det språklege jamstellingsvedtaket frå 1884, og gjer at desse elvane seinare ikkje kan ha stillingar i statleg og offentleg verksemder der dei må svare på skriftlege førespurnader på både målføre (sjå Del I). Dette ville truleg ramme spesielt elevar med bokmål som hovudmål, av di det primært har vore miljø med nynorsk sidemål som har ivra for fristillinga. Vedtaket i Undervisningsdirektoratet som opnar for fritak frå skrifteleg sidemålsopplæring kan såleis få alvorlege fylgjer for einskildelevar med omsyn til seinare

studium og yrkesval, samstundes som det ville innebere eit fullstendig bort med hundreårs lang norsk kultur- og språkpolitikk. Sett på bakgrunn av at Stortinget berre tre månader i førevegen, i samband med handsamminga av St.meld. 30 (2004) *Kultur for læring*, hadde fatta vedtak om å oppretthalde obligatorisk skriftleg sidemålsundervisning i skulen, nærmast fritaket seg eit språk- og kulturpolitiske maktovergrep frå ei lita politikargruppe, kamuflert som eit prøveprosjekt. Den politiske læresetninga som høgropolitikaren Per Kristian Foss brukte i ein fjernsynsdebatt våren 2002, "Proveordninger er en måte å snikinnføre nye ting på", har knapt vore ukjend i denne saka.

Spørsmålet om å oppretthalde den norske tospråksituasjonen er ikkje berre språkpolitikk, men kulturpolitikk i vidaste forstand. Norsk språkhistorie dei siste 150 åra ber også i seg ei kulturhistorie nær knytt til demokrati. Språk er meir enn kommunikasjon, og det å oppretthalde dei to skriftspråka våre som allmennkunnskap, dvs. som obligatorisk undervisningsfag i skulen, inneber i dobbel forstand å take vare på noko av det beste i norsk kultur.

### *Samisk språk*

Først i siste halvdel av 1900-talet før det kan seiast at samane har fått opplæring i sitt eige språk. Sjølv om regelverket i norsk skule frå slutten av 1800-talet har fastsett at alle norske borgarar har rett til morsmålsopp-læring, har det innebore norskopplæring for den samiske befolkninga.

Den samiske språkhistoria avdekkar stygge overgrep frå storsamfunnet si side. Etter samemisjoneringa var avslutta, og norsk territorialrett i nordområdet var fastslegen på 1700-talet, har det vorte ført meir og mindre systematisk diskriminering av samisk kultur. Det kjem tydeleg fram gjennom storsamfunnet sine systematiske forsøk på å undertrykkje samisk språk. Administrasjon, forkynning, konfirmasjonsførebuing og seinare skuleundervisning foregjekk vanlegvis på dansk, seinare norsk. Periodewis var det pro-samiske språkholdningar, men lite tyder på at det var interesse for språket som låg bak. Truleg var det for å verte forstått og i frykt for at samane skulle falle attende til den samiske naturreligionen, dersom forkynninga og undervisninga vart driven på det framande språket, dansk.

Så seint som tida omkring 1900, ein klår anti-samisk periode, vart det gjort direkte forsøk på å fornorske samane gjennom språktvang. Berre norsktalande personar fekk rett til jord, og då under vilkår av å byte ut det eventuelle samiske familiennamnet med eit norsk namn. Mange samiske familiiar bytta då til –sen namn, t.d. Nilsen. Fylgjeleg finst det få samiske familiennamn i dag, som t.d. Hætta. Det finst også direkte oversette samiske etternamn, t.d. Dunfjell og Jernsletten.

Samebarna fekk undervisning på norsk, men ikkje nok med det; ungane hadde forbod mot å tale samisk også i fritida medan dei budde på internat. Mange samebarn budde på internat storparten av skuletida si. Spreidd busetnad i mange samiske område eller vinterbustad inne på fjellet for mange flyttsamar, gjorde at barna måtte flytte heimanfrå når dei kom opp i skulealder. Den dansk-norske statsmakta, etter 1814 norsk, gjorde seg skuld i eit alvorleg kulturelt og menneskeleg overgrep. Kyrkja var og med på dette overgrepet i dei anti-samiske periodane, gjennom norskspråkleg forkynning og konfirmasjonsforebuing. Ein biskopen for dei nordlegaste fylka føreslo også å nekte å vigse samiske brudepar dersom dei ikke kunne tale norsk. Elles er det verdt å hugse korleis dei intellektuelle evnene til samane kunne verte vurderte utifrå dansk eller norsk språkkunnskap.



*Samisk stabbur, njalla, i Beiarn, Nordland. Foto Edvard O. Forseth.*

Den harde anti-samiske politikken som har vorte førd i ulike periodar, kan truleg forklarast ut frå grensepolitiske forhold. Ei fordansking eller fornorsking av den samiske befolkninga vart vurdert som middel til å sikre norske interesser i nordområdet. I periodar med spente politiske forhold til grannelanda har nok skrustikka ovanfor den samiske kulturen vorte dreidd nokre ekstra omgongar. Men dette forklarar ikkje alt, og også i dag er det mykje å påpeike. Mellom anna er læreboksjasjonen langt frå tilfredsstillande. Men mykje positivt har og skjedd, t.d. opprettinga av samisk vidaregåande skule i Karasjok, at samisk språk vert bruka i musikk, teater o.l., eigne sendingar på samisk i NRK m.m.

Likevel må det understrekast at dette gjeld nordsamisk. Sørsamisk og dei andre samiske målformene har delvis vorte gløymde. Og avstanden mellom hovudsamiske målformer er så store at dei ikkje utan vidare er gjen- sidig forstålege. Mange samisktalande har litra glede av dei samiskspråk- lege sendingar i NRK fordi dei vanlegvis er på nordsamisk. Forholda i skulen er spesielt kritikkverdig i desse områda utifrå manglande lærebøker. Lærarsituasjonen er og eit problem i mange område av di det ikkje finst utdanna lærarar med kunnskapar i vedkomande samiske målform.

## NAMN

Namn er eit språkleg uttrykk til å identifisere geografiske lokalitetar, personar, dyr, o.l. Utifrå dette talar vi om stadnamn, personnamn, dyrenamn osv.

### *Stadnamn*

Stadnamn er eit språkleg uttrykk, men når uttrykket, nemninga, har vorte bruka over ei tid, slik at det har festa seg i folks medvit i tilknyting til eit visst geografisk område, kallar vi det eit stadnamn. Stadnamnlova frå 1990 definerer *stadnamn* som namn på eit geografisk punkt, linjer og område som kan kartfestast.

Stadnamna har kome til ved praktisk bruk. Det har vore behov for å setje namn på det fysiske miljøet for å identifisere større område eller punkt. Også i dag gjev vi nye namn til stader vi treng å vise til, slik som nye bystadsfelt, vegar og gater. Denne forma for namnegjeving skjer gjennom politiske vedtak i kommune- og bystyrer eter forslag frå den lokale namnenemnda. Framleis førekjem likevel den tradisjonelle naturlege stadnamnlaginga. Ei karakteriserande nemning på til dømes ein ettertrakta

badeplass i ved elva, kan fort innarbeide seg som allmenn nemning på staden og verte eit stadnamn. Stadnamna er uløyseleg knytte til kulturlandskapet, og gjev ofte opplysningar om tilgong til naturressursar og bruk på staden.

Også dei gamle stadnamna har vorte til ved at dei karakteriserer landskapet, syner til aktivitet på staden, minner om ei hending der e.l., sjølv om vi ikkje utan vidare kan lese det ut av namnet i dag. Namnet kan vere svært gammalt, og i mellomtida har språket endra seg slik at tydinga av ordet ikkje utan vidare er lett å forstå. Stadnamna vert overførde i munnleg form frå den eine generasjonen til den andre, ut frå funksjonen sin som namn på staden, ikkje for å karakterisere staden.

Nokre namn, først og fremst gardsnamn, har også vorte skriftfesta i mellomalderen i rettsdokument og jordbøker eller i ulike skattelister frå nylig tid. Skrivemåten kan ha variert mykje, særleg i hundreåret før og etter 1500 då skrivemåten var lite fast og dei norske namna vart delvis oversette til dansk, t.d. Haffue for Haug. Stadnamnsgransking krev stor innsikt i både norsk og dansk språkhistorie, dialekten i området og likeins lokal terregnjennskap.

Stadnamna er såleis ei kjelde til lokalhistoria og derfor viktige kulturminne. Av di stadnamna er ein utprega munnleg tradisjon, er det først og fremst brukarane av området som kjenner namna. Når bruksmåten av eit område vert endra, kan stadnamn verte overflødig og kome bort. Det gjeld spesielt ved store endringar i kulturlandskapet; utbygging av bustadfelt og huskrullar i tidlegare beitemark og skogsområde o.l., vegar, idretts- og leikeplassar, endra jordbruksdrift med samanslåing av jordteigar og planering. For å take vare på stadnamna og sikre kontakta med farne dagar kan ein skrift- og kartfeste stadnamna. Det same gjeld t.d. namna på gamle fiskemédi. Desse står i fare for å forsvinne på grunn av endra teknologi innan fiskerinæringa, og dermed andre metodar for å identifisere gode fiskestader. Dialektuttalen er viktig å få med, terregnkildring, lokale namneforklaringar, kartfesting m.m. Det er utarbeidd eigne metodar for innsamling av stadnamn.

Stadnamnsinstitutta ved universiteta våre og nokre distrikthøgskular driv systematisk stadnamnsinnsamling. Der kan ein organisasjon, kommune eller andre få god hjelp til å planleggje og drive innsamlingsarbeid.

Elles er kulturvernkontoret i fylkeskommunen, her som i alt anna kulturvernarbeid, ein naturleg instans å vende seg til når eit vernetiltak skal setjast i gong.

Men like viktig som nedskriving av stadnamna er det å arbeide for at stadnamna vert bruka vidare. Gamle stadnamn i område som har vorte nye bustadfelt, kan få sin renessanse ved å nyttast som namn på vegar, tomter, leikeplassar o.l. Dessverre har vi mange døme på at heile sett av oppkonstruerte namn. I mange byar og nye tettstader finn vi døme på at vegane i ein viss del tek for seg floraen, eit anna område ramsar opp norske tresortar, medan eit tredje område hentar fram dei store namna i norsk litteraturhistorie, t.d. Konvallvegen, Furugata, Tyttebærvegen, Hamsunvegen eller Collets gate. Sjølv om det kan vere praktisk for drosjesjåførar og postbod at heile bydelar har felles namnetypar, bryt det den kontakta med farne tider som gamle stadnamn kunne stå for.



*Den minste fjelltoppen på Landegode kallast Landegokjerringa. Fjelltoppen går inn i ei kjend segn om fjella på Norlandskysten. Ho var ei trollkjerring som budde på Landegode og var forlova med Sulitjelmakongen (høgste toppen i Sulitjelma), men vart forført av kvinnedåraren Vågakallen i Lofoten, og som ho fekk barn med. Han reiste frå henne for Lekamoya lengst nord i Trøndelag. På vegen sørover til henne vart han overraska av solrenninga og vart til stein. Fjellet Hestmannen ser ut som ein ryttar i fullt trav sørover på Helgelandskysten. Landegokjerringa sit att med barnet på fanget og ser lengtande utover leia etter han.*

*Segner som denne vart fortalte til førstereisgutar som hjelpt til å navigere langs leia utan sjøkart.  
Foto Turid Følling Eilertsen  
1997*

Ved gjenbruk av namn, knyter ein linjene mellom fortid og notid, dvs. driv praktisk vern av stadnamn. Det gjev namnevariasjon, samstundes som området fører vidare ein del av den lokale historia. Namna kan gjeve tankar om tidlegare utsjånad og verksemd, også etter store fysiske endringar. Men ved gjenbruk av gamle stadnamn, må vi vere like nøyne med skrivemåten. Feilskriving kan føre til direkte historieforgalsking, slik tilfellet er med t.d. hyttesentret på Skafsåheia i Telemark, *Hallbjørnsekken*. Det opphavlege namnet på staden er kombinasjonen av personnamnet *Hallbjørn* og *bekk* i landskapet; *Hallbjørnsbekken*. Då området vart bygd ut til hyttesenter i slutten av 1980-åra, vart feilskrivinga i økonomisk kartverket, *Hallbjørnsekken*, bruka som nemning. Såleis er dette eit godt døme på kor uheldig feilbruk av stadnamn er. Ikkje nok med at staden har fått feil namn og ut av det kan indikere ei anna historie, det er alt dikta opp feil historie:

Ein mann som heitte Hallbjørn skulle inn på heia med ein stor sekk. Men då han var komen eit stykkje innover Skafsåheia, var han så trøytt at han klara ikkje bere sekken lenger. Han måtte setje han frå seg. Staden der Hallbjørn tok av seg sekken, fekk seinare namnet Hallbjørnsekken.

Det finst mange døme på feil vegskilting. Eit feilskrive vegskilt er ei form for historieforgalsking. Som døme kan nemnast eit vegskilt i Valle i Setesdal, *Kvestad*. Dette er ei feilskriving for Kveste. Kveste er eit av dei relativt få gardsnamna våre som stadnamnsforskarane enno ikkje har klara å forklare enno. Kvestad er derimot atskilleg lettare både å forklare og tidfeste. Suffikset *-stad* syner til den store namnegruppa som kan tidfestast tolleg sikkert til vikingtida. *Kve-* meiner namnegranskaraner er avleidd av verbet å kve, dvs. ha husdyra i ei innhegning. Ved å bruke stadnamnet Kvestad på området, vert det fortalt at dette er ein gard frå 800-900-talet, og bygd på eit område som har vorte nytta til å halde husdyra samla i ei innhegning. Dette vert direkte historieforgalsking. Kanskje har Kveste-namnet røtene i ei helt anna tid, og området kan ha vore nytta til helt andre bruksformål. Seinare namnegransking ville kanskje kunne løyse namnetydingane, og då er det leitt om namnetradisjonen Kveste har kome ut av bruk.

Eit liknande tilfelle var det i Snefjord i Finnmark. Manglande kunnskap om stadnamn og lokale geografiske forhold gjorde at det i 1960-åra vart skilta med Snøfjord. Prefikset *Sne-* har ikkje samanheng med sno, men

med topografien. Fjorden ligg på snei i forhold til ein annan fjord. Snøfjord-namnet heldt likevel på å innarbeide seg også i daglegtalen, bl.a. av di radio og presse i mange samanhengar brukte det. Eit lokalt historiemeđvit gjorde at folk protesterte og fekk skifta ut skiltet. I dag står det Snekjord. Dessverre er ikkje alle lokalsamfunn like historisk vakne og medvitne. Såleis finn vi i dag døme på ein gard som lokalt vert omtala som Røttnes, men skrive Rotnes. Gardsnamnet går attende på ordet ”rotter”, slik uttalen syner, medan skrivemåten inneber historieforgjelsing ved å vise til anten ordet ”rot” eller ”kaos”.

Spesielt varsame bør ein vere i samiske område. Vi har mange tilfelle der samiske stadnamn har vorte forvridde og mistolka då dei vart skriftfesta eller vart tekne opp i norsk tale. Såleis kan vi nemne det store, internasjonalt kjende helleristningsfeltet i Alta, uttala og skilta som *Hjemmeluft*. Det samiske stadnamnet er *Jiebmaluokta*, som betyr ”ei bukt der selen kjem inn”. Det opphavlege namnet syner såleis direkte til naturhistoriske forhold, medan Hjemmeluft gjev merkelege assosiasjonar.

Hovudforma for skriving av stadnamn er uttalen på staden. Mange gonger kan det likevel vere vanskeleg å avgjere korleis eit namn skal skrivast. Det finst reglar for stadnamnsnormalisering, slik det er nedfelt i Lov om stadnamn av 1990. Lova fastset m.a. at det skal leggjast vekt på dialekten og den noverande uttalen. Stadnamna skal skrivast i samsvar med gjeldande rettskriving, medan ein kan skrive private namn som ein vil. Lova inneheld også reglar og forskrifter for sakshandsaming (sjå Del I).

### *Personnamn*

*Du eig det, andre brukar det*, lyder gåta om personnamnet. Eit personnamn er ei nemning knytt til ein person. Eigentleg omfattar omgrepene både førenamn, etternamn og ulike kallenamn (kjæle- og klengenamn). Tidlegare var det berre førenamnet og det namnet som viste til kven personen var dotter eller son av, som i prinsippet fylgte vedkomande livet ut. Namnet på garden der personen budde, var meir ei geografisk tilvising, nærmest ”ei adresse”. Gro, som var dotter til Tor, var Gro Torsdotter. Ho var og Gro på Midtgarden så lengje ho budde der. Dersom familien hennar flytta til garden Haug eller ho vart gardkjerring der, var ho framleis Gro Torsdotter, men ho var ikkje lenger Gro på Midtgarden, men Gro på Haug.



Dåpsbarnet Tiril Birgit 1. påskedag 2002. Tiril Birgit vart reira og døypt i ei tradisjonell dåpsdrakt fra Valle i Setesdal, Aust-Agder. Foto Ståle Killie 2002.

Bruk av etternamn eller slektsnamn slik vi kjenner det i dag, innarbeidde seg som namnetradisjon frå slutten av 1800-talet. I lang tid var det vanleg at heile familien skifta etternamn om dei flytta til ein annan gard. Når to gifte seg, var det vanlegvis den som kom til den nye staden, som skifta namn. Med den odelsretten Noreg hadde fram til 1964, då eldste ektefødde son hadde førsterett til å arve gardsbruket, var det oftast kvinna som flytta. Giftemål førde då også til namneskifte for henne. Men det fanst og odelsjenter, dvs. jenter som arva garden fordi der ikkje var gutter i barneflokken. Han som gifte seg med odelsjenta, skifta gjerne namn.

I byane og blant borgarstanden var det vanleg å få namn etter yrke. Ein handverkar fekk etternamn ut frå kva handverk han dreiv. Av di mange

handverkarar var innvandrarar, har vi fått mange utanlandske slektsnamn som syner til eit handverksyrke, t.d. Bull som er tysk og tyder slaktar, Schneider av skreddar, Böcker av bokkar, Schmidt av smed ofl.

Fleire stader i landet finn vi skikken med å bruke namnet til mannen framfor konenamnet. Såleis vart Ellen som budde på nybruket Nyeng og var gift med Sivert Knutsen, til dagleg kalla Sivert-Ellen. Anna budde i Småvik og vart Olhans-Anna fordi ho var gift med Ole Hansen. Liknande namneformer kjenner vi fra fleire stader i landet, men gjerne i motsett rekkefølgje og med eigedomspronomen mellom; Ingебjørg 'ass Åsmund, Martins Karen, Anna til Julius eller berre Anna Julius.

Vanlegvis beheld vi førenamnet heile livet. Etter at vi fekk dei nye namnereglane i slutten av 1900-talet, er det relativt enkelt å skifte namn, både førenamn og etternavn eller eitt av dei. Det er likevel relativt få som gjer seg bruk av denne retten. Dei fleste oppfattar namnet som ein del av seg, ein del av identiteten, og den skifter vi ikkje utan vidare, sjølv om lovverket tillet det.

Når eit barn skal få namn i dag, er det mange foreldre som på heller fritt grunnlag leitar fram eit namn dei likar. Men framleis nyttar mange seg av ein lokal namnetradisjon. Det gjeld først og fremst sjøve namnforma, dernest korleis namnet vert valt. Det er gjeve ut ei rekke bøker og rettleiingar til hjelp for foreldra når det vesle barnet skal få namn. I tillegg til sjøve namneoversikta gjev bøkene namnetyding og fortel kva namna kjem frå. Opp gjennom tida har vi fått tilsig av namnetilfang utanfrå, slik at i tillegg til stamma med norrøne namn, har det kome til namn med romersk, gresk, tysk og fransk opphav. I tida etter andre verdskrig, då kulturkontakta vår så einsidig har vore retta vestover, har vi fått inn ei mengd angloamerikanske namn. Ikkje minst har film, fjernsyn og vekepresse vore spreiarar av nye namneformer. Som ei av fylgjene av den store innvandringa frå fjernare himmelstrøk, har mange norske statsborgarar namn med t.d. asiatisk og afrikansk opphav.

I dag vert det ført statistikk over namnebruken, og jente- og gutenamna er tydeleg prega av motesvingingar. Ser vi på korleis ulike namn har vorte bruka før, synest det som om namngjevinga før i tida også var merkt av moten. Runeinnskrifter frå folkevandringstida, den eldste kjelda til per-

sonnamna våre, syner eit germansk namntilfang. Språkforskarane meiner at alt på den tida kunne nye namn lagast med grunnlag i delar av namnet, t.d. Bør- i ulike samansetningar. Nye namn kunne utviklast med eige namnemateriale. I tillegg har det etter kvart kome inn eit rikt namntilfang utanfrå. Såleis kom det til ei mengd nye namn med innføringa av kristendomen. Det førde mellom anna til at vi fekk mange latinske namn. Latinske namn vart tekne i bruk i den opphavlege forma, men kunne og tilpassast noko eller leve vidare ved sida av ei lokalt utvikla form. Laurentius er eit døme på eit bruk av latinsk namn, men det gav også den norske namneforma Lars. Elles fekk vi hebraiske namn som til dømes Johannes. Dette namnet finst i mange former, eksempelsvis vår eiga norske utforming Jon og Jo, den engelske John og den danske Jens.

I mellomalderen og hansatida, og likeins under framveksten av handverkarstanda, kom det inn mange tyske namn. Som døme kan vi nemne den tyske forma Klaus av det latinske Niklaus. Trass i alle desse påverknadene utanfrå har truleg om lag tre firedelar av namntilfanget ved utgangen av mellomalderen vore tradisjonelle nordiske namn. På 1600- og 1700-talet kom derimot ei omlegging i namnebruken. Prosentdelen av utanlandske namn steig kraftig, særleg i byane og blant embetsmennene. Dette var den tida embetsmannsveldet vokste fram, og kongen brukte mykje utlendingar i dei norske embete. Likeins var desse hundreåra glanstida for handverksmeistrar og -laug, og gjennom dei fekk vi mange nye kulturimpulsar frå kontinentet. Mange handverksmeistrar kom sørfrå med dei europeiske tradisjonane sine. Også dei handverkarane som lærde seg faget i Noreg, fekk i opplæringstida mykje kontakt med utlandet: For å verte handverksmeister måtte sveinen "vandre på faget" ei bestemt tid, dvs. reise utanlands som handverkssvein, gjerne i Tyskland. Vi veit at dei tok med seg mange kulturimpulsar frå kontinentet.

Frå dei siste to hundre åra har vi gode kjelder til namnestudium, folketeljingar med namngjeving og endå viktigare, kyrkjebökene. Kjeldene syner visse sviningar i namnemoten. Midten av 1800-talet med nasjonalromantikken og auka interesse for sagatida og bonestanda, var ei blømingstid for nordiske namnetypar. Det same gjeld tida omkring unionsoppløysinga i 1905. I dei siste tiåra har filmar og vekeblad vore med på å skape motebølgjer i namnebruken, men i denne tida har det og vore stor interesse for å bruke nordisk namnetilfang. På den andre sida har redusert barnefødslar avgrensa speleromet for namnebruk. Derimot har det

vorte mykje vanleg å nytte fleire namn. Kulturelle endringar og impulsar har gjeve klåre utslag i namnetradisjonen. Nokre personnamn har vore geografisk eller slektsmessig avgrensa.

Oppattkalling er ein del av namnetradisjonen. Så vidt vi kjenner til, har skikken vore etablert ved inngangen til historisk tid. Mange stader har det halde seg fram til våre dagar. Ordninga verka slik at foreldra måtte gjeve barnet namnet til ein slektning etter faste reglar. Dersom andre barn eller søsken var døde, skulle desse *namnast* eller *reisast* opp att. Reglane kunne variere noko frå tid til anna, og frå distrikt til distrikt. Oppattkallingsnamnet måtte somme stader vere heilt det same, medan det andre stader var nok å bruke den eine delen av eit samansett namn eller første bokstaven.

Det var ein utbreidd namneskikk i alle sosiale lag at første gutebarnet måtte kallast opp etter farfaren. I bondesamfunnet arva eldste sonen garden, og namnet skulle følgje garden. Den vidare rekjkjefølgja kan ha vore noko ulik, men vanlegvis var det også mora til faren som skulle kallast opp ved første jentebarnet. Deretter kom foreldra til mora, så nære slektingar, barn eller søsken som var døde.

Dette oppattkallingssystemet kunne vere så tradisjonsbunde at foreldra måtte fylge reglane sjølv om det kunne føre til ei noko merkeleg namnegjevingi ein familie. Søsken kunne ha same namnet, i tillegg til at bestemora eller bestefaren i huset, bar det namnet. Kor komplisert namnegjevinga kunne vere, syner eit tilfelle fra siste halvdel av 1800-talet. I ein søskenflokk på ti var det fire brør som heitte Olav, medan to systrar delte Signe-namnet og ei tredje heitte Sigrid. Alt pga. oppattkallinga: Olav var namnet til bestefaren både på faren og mora si side, dessutan hadde avdøde brør hatt det same namnet. Alle måtte kallast opp etter tur, sjølv om det vart fire Olav. For å skilje dei fra kvarandre, fekk dei alle tilnamn: Stor-Olav, Lisl`-Olav, Olav Borghildson og Klatren. Signe- og Sigrid-namna hadde tilsvarende årsak.

Frå kystdistrikta veit vi at det var så viktig å kalle opp att ein drukna far eller bror at det måtte skje sjølv om den nyfødde var ei jente. Derfor finn vi mange kvinnennamn som er avleidde av mannsnamn i kystdistrikta, t.d. Hansine av Hans, Olea av Olav ofl.

I dette strenge oppattkallingssystemet låg tanken om at det nye menneskebarnet gjennom namnet ville få visse eigenskapar frå den ein vart kalla opp etter. Dessutan vart den døde gjeven eit varig minne, levde på ein måte vidare. Derfor kunne ikkje berre éin unge få namnet og dermed vere kalla opp etter alle. Å ikkje verte oppattkalla i samsvar med dei lokale reglane var ei utsletting og vanæring av vedkomande. *Det var så kostbart å finne nye namn*, seier Hans E. Kinck i novella *Denne krakkjen* etter kvart som persongalleriet fyllest av kvinner og menn som alle heiter Gonhil og Taddak. Mot betre vitande gjev Hans E. Kinck namnetradisjonen ei skjemtesam forklåring.

Namnetradisjonane har endra seg mykje dei siste tiåra, og det finst mange årsaker til det. Eit så konkret forhold som at talet på barnefødslar har vorte svært redusert, får sjølvsagt følgjer for namneskikkane. Sjølv om det er heller sjeldan at tidlegare døde barn eller sysken skal kallast opp, vil ein tre-, to- eller eittbarnsfamilie umogleg kunne kalle opp etter tidlegare reglar. Eit foreldrepar vil framleis ha fire foreldre å take omsyn til. Nokre løyser floken ved å gjeve barnet fleire namn. Det finst og døme på dei som har gått lengre attende i slekta og henta fram att namnet til ei oldemor til dømes. Det vert meir nøytralt, samstundes som eit sentralt personnamn i familien vert halde i bruk. Etter namnelov fra 1979 arvar barna automatisk slektsnamnet til mora. Det gjer det og naturlig at førenamnet vert henta blant slektingane til mora først, om ein ynskjer å vidareføre systemet med at for førstefødde skal førenamn og etternavn fylgjast.

Å take vare på element frå namnetradisjonane er ein måte å gjeve einskildindividet ei konkret oppleving av kontinuitet, av å høyre til ein stad, ha røter. Men skal vi klare det, må denne forma for kulturvern innebere ei tilpassing til forholda i dag.

Vi har alt fått store omleggingar i namnegjevinga, og vi må rekne med at dei gamle namnetradisjonane berre delvis kan førast vidare. Det gjer at musealt vern, dvs. samle inn kunnskap om lokale namnetradisjonar for arkivformål, bør vere ei lokal oppgåve. Dei skriftlege kjeldene frå dei siste hundreåra, først og fremst kyrkjebökene, gjer at vi har lett tilgang til opplysningar om sjølve personnamna. Derimot gjev ikkje desse skriftlege kjeldene opplysning om korleis namnet vert eller har vorte uttala. Skil-

naden mellom standard skrivemåte og lokal uttale og namnebruk kan ha vore stor.

Frå ulike landsdelar kjenner vi uttaleforma Embert, medan det står Ingebrigt i kyrkjeboka. I Øvre-Setesdal har Haddvår vore rådande uttale, medan skriveforma er Hallvard, Taddeiv vert skrive Torleiv, Gunår for Gunnar, Åne for Arne. Frå Nordland kjenner vi uttaleforma Siri for Sigrid. Foreldra har meldt barna inn til dåp med den lokale uttaleforma, medan presten har teke seg til rette og skrive ei normalisert form.

I dag vil mange foreldre, og etter kvart barna sjølve, at uttalen skal vere i samsvar med ein standardisert skrivemåte. Det betyr at ein endrar uttalen etter ein normalisert skrivemåte i staden for å nytte ei skriftform i samsvar med den uttalen som er naturleg for dialekten. Det vil truleg føre til at ein interessant del av namnetradisjonen etter kvart vil kome bort. Og denne delen av namnematerialet har heller ikkje vorte skriftfesta. I slike tilfelle vil det vere spesielt viktig å få sikra dette materialet gjennom lydbandopptak. Alle sidene ved namnetradisjonen er viktig å få med, eventuelle oppattkallingsreglar, motiv for kvifor desse eventuelt har vorte brotne, kvar og på kva måte nye namn har kome til, eventuelle reaksjoner blant besteforeldra eller andre osv.

Namnetradisjonane er eit felt som er relativt lite utforska, og mange interessante spørsmål treng både lokal og riksomfattande gransking. Lokalsamfunna har ei oppgåve i å dokumentere namnetradisjonar i sitt område.

Innsamling av namnetradisjonar kan utvidast til å omfatte meir enn personnamn. Tenk på kor mange dyrenamn det finst. Medan tradisjonelle husdyrnamn frå primærnæringa held på å kome bort, har talet på kjæledyr vokse. Hesten har vorte eit fritids- og hobbydyr, og det karakteriseringe hestenamnet Svarten, Brunen, Blakken har mange erstatta med engelske namn. Bruk av tal og nummer på kyr, gjer at kunnamn som Dagros, Dronseli, Sylveli står i fare for å kome bort. Skal i det minste kunnskapen om eit mangslunge tilfang husdyrnamna sikrast, må innsamlingsarbeidet gjerast før generasjonen som er knytt til den eldre jordbruksforma er borte.

## MINNESTOFF

Når vi fortel om noko vi har opplevd sjølve, kallar vi det minnestoff. Forteljingane kan vere nært knytte til tradisjonsstoff, men vert fortalte i første person. Minnestoffet kan og vere henta ut frå kvardagslege forhold der forteljaren formidlar sjølvopplevde forhold til dømes frå skulen, frå krigen, arbeidsforhold eller opplevelingar i fest og sosialt samvær. På same måten som tradisjonsstoff kan verte endra medan forteljinga går frå ein person til ein annan, kan også minnestoffet verte endra frå den faktiske hendinga til det vert fortalt vidare. Årsaka til endringane i minnestoffet kan vere mishugs eller av di forteljaren ynskjer å dramatisere eller halde tilbake delar av hendinga.



*"Kristintreet"* på Østre Saltstein, Jomfruland. Forførarscena i filmen *"Kristin Lavransdatter"* vart spila inn under dette treet. Filminnspelinga kan vi definere som eit nyare ikkje-synleg kulturspor. Foto Sigríð Bø 2003.

## TRADISJONSSTOFF

Tradisjonsstoff kallar vi den delen av det munnlege stoffet som vi har *andrehands kjennskap* til. Det er kunnskap om personar, hendingar, forhold som andre har opplevd eller høyrt og så fortalt vidare. Vi seier at stoffet

er tradert. Emnet i tradisjonsstoffet kan vere mykje varierande, t.d. personopplysningar, skrømtehistorie, anekdotar, forteljing frå daglegdagse forhold eller kunnskapar om skikkar i tilknyting til høgtider. Folkedikting i vidaste forstand kjem inn under denne gruppa. Folkediktinga omfattar eventyr, segner, smådikting (gåter, hermer o.l.), balladar og viser, nyare tids historieforteljing, vitsar og skrømthistorier. Avisand eller SMS-vitsar kan vere nyskapande folkedikting.

Eit særkjenne ved tradisjonsstoffet er at det som oftast finst i mange variantar. Emnet, kernen i historia er den same, men detaljane i forteljinga eller visa kan vere tilpassa dei spesifikke lokale forholda og får nokre særtrekk eller avvik, dvs. står fram som ein variant. Dette gjeld store delar av eventyra våre, balladane, visetradisjonen og ulike småhistorier. Vandresegner og vandrehistorier har utgjort ei stor gruppe innanfor folkediktinga, og er velkjende også frå vår eiga tid. Det som karakteriserer vandresegner, er at dei gjev seg ut for å vere tid- og stadfest til eitt område, men så syner det seg at dei finst i tilnærma lik form mange andre stader:

*for å sleppe å vere soldat, hogg Knut på Storneset med vilje av seg høgre peikesinger.  
Han kunne ikkje skyte med givar då, og trudde han skulle få fritak for krigsteneste.  
Dette skulle vere omkring hundreårsskiftet, mange trudde det vart krig då Noreg ville  
ut av unionen med Sverige i 1905.*

Denne historie treffer vi att i tilnærma form frå andre stader i landet, eller i tilknyting til ein annan krig. Det å hogge av fingeren for å sleppe unna noko, kallar vi eit vandremotiv og forteljinga ei vandresegn. I Peer Gyt av Henrik Ibsen, vert Peer vitne til at ein gut høgg av seg fingeren for å sleppe militärteneste. Her har diktaren brukta det folkelege vandremotivet i det litterære arbeidet.

Eit døme på vandresegn frå nyare tid er dette kafémøtet:

*Ei eldre dame køyrd bil frå Oslo til Kristiansand. Ho var komen omrent halvvegs då ho kjende trond for å ta ein kaffipause. Ho stansa ved den første vegkroa langs E18. I tillegg til ein kopp kaffi og rundstykke, kjøpte ho ein Firklover mjølkesjokolade. Det var heller fullt i kaféen, men borte i ein krok var det eit ledig bord. Dama sette fra seg det ho hadde kjøpt, og gjekk ein snartur på toalettet. Tilbake i kaféen såg ho at ein mann hadde sett seg ved det same bordet. Til kvinnas store overraskning, og irritasjon, hadde mannen pakka opp Firkloveren og forsynte seg freidig. Kvinnen sa ikkje noko, men sette seg med eit avisande kroppsspråk og stram i maska, - tok ein slurk kaffi, braut demonstrativt fleire ruter av Firkloveren og åt. Slik vart dei to sitjande, fortarde rute etter rute av Firkloveren utan å seie eitt ord. Då siste rute av sjokoladen var borte, reiste mannen seg og gjekk, -*

*framleis utan eitt ord. Kvinnen var synleg irritert, men sa heller ikkje noko. Ho prøvde å roe seg ned, og gav seg god tid til å ete rundstykket og drikke kaffien før ho gjekk ut. Ved bilen opna ho veska for å ta opp bilnøklen, - og der, i veska, låg Firklovaren!*

Her er historia stadfest til ein stad mellom Oslo og Kristiansand. Men elles dukka historia opp i ulike delar av landet, men med ulik opplysning om kvar hendinga hadde gått føre seg. Ei avis formidla og historia som nyhende frå området, og mange lesarar let seg lure.



*Beiteski i Hauge loftet på Hedde, Valle i Setesdal. Truleg har utskjeringane opphavleg batt ein vernande funksjon, men vi kan ikkje lenger tolke og forstå han. No er utskjeringane rein dekorasjon. Foto Sigríð Bø 1984.*

## Kapittel 3

### HANLINGSBOREN TRADISJON

Handlingsboren tradisjon er eit samleomgrep om tradisjon som vert overførd og lært ved å sjå, høre og etterlikne ei handling eller gjeremål. Dersom vi legg vekt på læringsprosessen, kan vi med fordel kalle denne for ein "sjå-høyre-etterlikne"-tradisjon. Det som ofte karakteriserer denne tradisjonen er utøvarens behov for *kunnskap om* og *ferdigheit til* bruk av ein gjenstand eller handling uavhengig av gjenstand. Kunnskapane vert overførde ved at lærlingen ser og/eller hører kva som vert gjort, gjerne med kommentarar. Men først når lærlingen praktiserer lerdomen, kan ferdigheta tileignast fullt ut. Lærlingen må bruke augo (leggje merke til det som vert gjort), øyro (oppfatte lydar) og etterlikne (prøve). Tidlegare gjekk denne overføringa direkte frå meister til lærling. I dag spelar nyare teknologi ei vesentleg rolle i traderingsprosessen. Lydbandopptak, video o.a. kan brukast å lære etter.



*Snarefangst etter lokal tradisjon. Foto Gjermund Bø 1965.*

Folkekunsta står i ei særstilling her. Der er ulike meininger definisjonen av folkekunst. Vi skal nærme oss omgrepet ut frå eit historisk perspektiv.

Folkekunstområdet er omfattande. Der finn vi folkedikting, folkemusikk, folkedans, folkemål, folkedrakt, rose måling og mykje anna. Omgrep med prefikset folk- skriv seg frå den tyske romantiske rørsla som rådde på slutten av 1700-talet. Rørsla førde til ei sterk interesse for allmugen på landsbygda. Nasjonalromantikken, som hadde glanstida si hjå oss omkring 1850, vidareførde interessa for bondekulturen og la vekt på nasjonale særdrag og høg alder. I arbeidet for å bygge og legitimere den norske staten etter lausrivinga frå Danmark i 1814 og sjølvhevdinga i forhold til Sverige, hadde ein bruk for eigne kulturytringar. Vi kan seie at norsk tradisjon vart “oppdaga”. Eit omfattande arbeid kom i gong for å samle inn og dokumentere tradisjonen i ulike landsdelar. Arbeidet med innsamling av tradisjonen vart styrt av ei oppleving, ei sterk kjensle av dette var viktig; det store og ekte som var norsk, men som hadde vore under undertrykt, skulle legitimere også politisk sjølvråderett og fridom (sjå Del I).

Det var borgarskapet på 1800-talet, dvs. folk som stod utanfor tradisjonen sjølve som tok i bruk omgrepene folkekunst. Prefikset folke- vart sett for å markere skiljet mellom folkekunst og den lærde, akademiske kunsta.

Eit karakteristisk trekk ved folkekunsta er den store variantrikdomen, både innanfor materiell og ikkje-materiell folkekunst. Overføringa, træringa, gjekk frå person til person og gav rom for visse personlege utformingar, om det var folkedikting eller teppeveving. Tilhøyrarane og brukarane var kontrollgruppe, og sette grenser for den individuelle utforminga og sikra dermed kontinuiteten.

Konservator Marta Hoffmann seier at i Noreg kom folkekunst-omgrepet i bruk først i byrjinga av 1900-talet. Tyske fagmiljø hadde derimot alt i siste halvdel av 1800-talet reist debatten om omgripsdefinisjonen. Den austerrikske kunsthistorikaren Riegel hevda at folkekunsta var historisk bestemt, og uløyseleg knytt til naturalhushaldet. Folkekunstnaren var ikkje-faglærd og stod utanfor dei kulturelle sentra, dessutan var han sterkt tradisjonsbunden. Riegels syn har vorte vidarefort i tysk fagtradisjon. Det rådande synet i tysk folkekunstforskning har vore at folkekunsta er knytt i tid og rom og bunden til tradisjon og kontinuitet i innhald og form.

Eit tysk-språkleg og eit amerikansk fagmiljø har vore formande for dei to grunnsyna på folkekunsta: *Den tyske skulen* ser på folkekunst som eit

historisk avslutta fenomen, medan *den amerikanske skulen* hevdar at folkekunst ("folk art") finst til alle tider.

Dei to retningane har det til felles at dei hevdar at folkekunstnaren ikkje hører til i det leiande sosiale laget i samfunnet, og er utan formell utdanning. Men amerikansk fagmiljø nyttar omgrepet "folk art" om *autodidakt kunst, påvirket av moderne reklamekunst, popkunst og andre ytringsformer uten tilknytning til tradisjonell folkekunst*, seier Marta Hoffmann. Grensa for «folk art» meiner ho vert sett ved kommersiell massekunst. Den tyske forskaren Zippelius talar derimot om *folkeleg kunst* i staden for folkekunst, og lausrive frå bindinga til fortida. På den måten nærmar han seg noko det amerikanske synet om folkekunst som eit levande fenomen, og knyter folkeleg kunst til det som er allment utbreidd.

Hjå oss har folkekunst-omgrepet etter kvart vorte gjenstand for omfattande debattar også utanfor det akademiske miljøet. Velkjend er debatten innanfor treskjering, rose maleri og tekstilarbeid. Kurstilbod og auka fritid gjorde desse aktivitetane til fritidssyslar og nær sagt allemannseige. Produkta av denne hobbyverksemda kan ha klare lokale særdrag og kan ofte seiast å vere tradisjonsbundne. Men verksemda har andre aspekt som gjer at ho vanskeleg kan karakteriserast som folkekunst. Derimot fell ho godt inn i omgrepet folkeleg kunst.

Innanfor bunadbruken har vi hatt ein debatt om kva som er «rett og gale». Ofte er usemja grunna i misforståing og samanblanding av to ulike omgrep, *folkedrakt* og *bunad*. I daglegtalen nyttar vi ofte bunad som eit samlenamn, medan det kulturhistorisk sett er ein vesentleg skilnad. Omgrepet folkedrakt er meir avgrensa, og kan nyttast om lokale klededrakter som har levd i ubroten tradisjon. Bunad gjeld rekonstruerte klednader som på slutten av 1800-talet og på 1900-talet vart utforma etter eit grunnmønster, og som bygde på avlagde lokale folkedrakter eller meir og mindre på restar og fragment. Blant dei mange bunadene vi har i dag, er det berre nokre ganske få norske folkedrakter som har levd i ubroten tradisjon, før dei gjekk over til å vere reine festantrekk. I den samiske befolkninga er folkedraktene enno mykje bruka. Det er derfor upresist, og feil omgrepsbruk, å nytte bunad og folkedrakt som synonyme nemningar. Berre klednader som har levd i ubroten tradisjon kan kallast folkedrakt.

I den vidare drøftinga av den handlingsborne tradisjonen, vil vi dele han inn i fylgjande undergrupper:

Barneleik

Mattradisjonar

Handverkstradisjonar

Folkemusikk/folkedans

## BARNELEIK

Livsforma til barn kan nemnast som barnekultur. Samstundes som denne livsforma på mange måtar skil seg frå dei vaksne si, er barnekulturen ein del av verda til dei vaksne, dvs. barnekulturen er ein del av folkekulturen. Mykje av handlemåten til ungane speglar av dei vaksne sitt samfunn, men ungane omdiktar og omformar det til sitt miljø. Omgrepet barnekultur er av nyare dato, og fekk først og fremst gjennomslag ved den nye kulturpolitikken i 1970-åra. Ordet er dels forvirrande, slik det kjem fram i dei offentlege kulturmeldingane, og det kan derfor vere nyttig å gå nærmere inn på det.

I offentlege utgreiingar vert barnekultur oftast bruka om ein kultur som er laga for barn. Det er barnekultur produsert av vaksne, og i stor grad formidla av vaksne, t.d. barnetime, barnefjernsyn, barneplater, barnebøker, barneteater o.l. Barneeventyra er og ei form for vaksenlaga barnekultur. Dei vaksne har vore tradisjonsberarar og dei har formidla stoffet til barna i ei form som samsvarar med vaksne sine verdiar og moralsyn. Mesteparten av den vaksenproduserte barnekulturen i dag formidlar og allment aksepterte verdiar, anten det er gjennom song, litteratur e.a. Denne forma for barnekultur har prega kulturdebatten frå slutten av 1900-talet, etter at vi fekk ein offentleg kulturpolitikk frå midten av 1970-åra. Den barnekulturen som er laga av vaksne tenderer mot å vere ein "barnekultur på boks" og smaker av opplæring for eit samfunn der det å sitje stille framfor ein fjernsynsskjerm eller PC er viktig. Barnas eigen kultur er det beste middel mot ei slik utvikling.

### *Barnas eigen kultur*

Barnekulturen i tydinga barna sin kultur har eigne reglar, idear, normer og verdiar, til tider i motsetning til det allment aksepterte. Ikkje minst førekjem banning og tabuord hyppig. Forteljartradisjonen blant barn står sterkt, og det språklege utgjer ein vesentleg del i barneleiken. Elles er strukturert fysisk aktivitet vanleg, ofte i kombinasjon med tale og song.

Folklorist Åse Enerstvedt fører opp desse kjenneteikna ved barna sin eigen kulturen:

1. - barnekulturen eksisterer i småsamfunn
2. - barnesamfunnet har lokalkoloritt
3. - gruppa er homogen
4. - den einskilde vil ikkje isolerast frå gruppa
5. - barnekulturen er illitterær
6. - barnekulturen vil behalde tradisjonen uendra
7. - barnekulturen tek opp nye element<sup>1</sup>
8. – kunstuttrykka til barn er folkeleg, naiv og anonym

Barneleiken er ein vesentleg del av barnekulturen. Leiken er eit middel til sosialisering inn i det vaksne liv. Åse Enerstvedt seier at barna gjev kulturen sin eit heilt spesielt innhald, men måten å organisere seg på, er stort sett den same som blant dei vaksne. Undersøkingar syner at mykje av den levande barnetradisjonen ber i seg element frå lang, lang tid attende. Men på same måten som all anna folketradisjon, vert forhold i samtida vovne inn med at ting vert trekte frå og nye lagde til.



*Barn bind krans av kvitsymre med den eldre som lærmeister. Slik har denne tradisjonen vorte overførd i generasjonar. Foto Sigrid Bø 1980*

Nokre trekk ved barneleiken ser ut til å vere felles, t.d. utnyttinga av det fysiske nærmiljøet, språkleg aktivitet eller ulike former for rytmiske rørsler. Detaljane og utformingane kan derimot vere svært varierande i ulike distrikt og miljø, og kulturytringane får utforminga si i nært forhold til den kulturen dei hører heime i. Aktivitetane er kulturavhengig og ber i seg eit sosialiseringaspekt, innlæring av kunnskap og ferdighet for det vaksne liv. Barna vert sosialiserte inn i ulike arbeidsliv, og naturforholda og levesettet vil vere annleis i Lom enn på Smøla, også i våre dagar. For eit par generasjonar tilbake var ungane ein viktig del av arbeidsressursen. Når barna fekk den første arbeidsinnføringa i samveret med foreldra, kunne overgangen frå leik til arbeid vere glidande. Noko av det same kjenner vi til i dag når ungane t.d. er med og bakar. For barnet er baksten leik, men samstundes lærer barnet ei ferdighet som kjem til nytte seinare i livet.

Der er ei allmenn oppfatning at barn har eit naturleg behov for leik og fri utfalding, men fleire historikarar meiner at dette er eit nyare fenomen. I mellomalderen og langt fram i nyare tid skulle barna har vorte sett på som "små vaksne". Det vert m.a. synt til maleri av barn der kleda var næraast kopi av dei vaksne sine, og lite tilpassa det vi forbind med barneleik og aktivitet. Dette vert også sett i samanheng med folks holdning til barnearbeid, både innan primærnæringa og industrien. Historikaren Edvard Bull har synt korleis det statlege forbodet mot barnearbeid i industrien eigentleg fekk noko å seie i praksis først då industrien ikkje hadde bruk for barnearbeid lenger. I tiåra etter den 2. verdskrigen har barna i større og større grad vorte trekta ut av arbeidet i primærnæringa og. Pendelen har kanskje svinga alt for langt, og mange røyster har hevda synet om at ei viss arbeidsdeltaking er av det gode. I dag får likevel mange tidleg arbeidstrening gjennom løna småjobbar som t.d. avisbering og butikkjobbar ved sida av vanleg skulegong.

I dag har leiketøy for barn vorte ein storindustri. Foreldre, slektingar og vene kjøper årleg tekstillaga kosedyr, minikopiar av dyr og bilar i plastikk for millionar av kroner berre her til lands. Elles kjem nye spel stadig på marknaden, ikkje minst digitalbaserte. Desse leikene som er kytt til og utforma med hjelp av høgteknologi, har gjort mange barneaktivitetar til inneleikar. Eldre leikeformer har i mindre grad har vore knytt til spesial-laga gjenstandar, dvs. bruk av leiketøy. Sjølv om leiketøy er kjent frå den eldste historia vår, var barna sjølve og naturen rundt dei viktigaste ele-

menta i leiken. Kjøpte leikety har vorte ein storindustri i dag, medan leiketya tidlegare i all hovudsak vart laga lokalt i og av brukarmiljøet.

### *Munnleg tradisjon blant barn*

Dei første folkeminneinnsamlarane synte dessverre lita interesse for barnetradisjonen i den tidlege innsamlingsfasen. Det som kom med, var meir tilfeldige opptekningar, t.d. gjort av Molkte Moe og Knut Liestøl. Oftast sensurerte dei dessutan stoffet ved bl.a. å fjerne tabu- og bannord.

Egentleg var det ikkje sjølve barnetradisjonen som var interessant for innsamlaren på den tida, men det pedagogiske aspektet. Dei første systematiske innsamlingane av rim og regler og Barnesongar som presten Bernt Støylen og læraren Nora Kobberstad stod for, ber preg av det formålet i utval og presentasjonsform. Materialet må ha vorte omforma temmeleg mykje. Samlingane som vart gjevne ut, er stort sett frie for ord og uttrykk som kunne virke støytande på den tida. Dei moralske og oppbyggelege Barnesongane til Margreta Munthe hører og til denne genren.

Dei omfattande innsamlingane og undersökingane som er gjorde dei siste tiåra syner at barnetradisjonen er frodig, vågal og har til tider eit formål å sjokkere og gjere opprør. Denne samansette barnekulturen er å finne blant ungane sjølve, og tradert i eit heller lukka barnemiljø, som t.d. visa *To i en båt*. Denne visa finn vi blant både gutter og jenter frå 11-årsalderen, og er nærmest ei samleieoppskrift utan omskrivingar. Visa har tydelegvis vore svært populær, og folkloristen Åse Enerstvedt karakteriserer henne som den mest utbreidde visa i Norden. Likevel ser det ut til at visa vart skriftfesta av norske tradisjonsinnsamlarar først i 1970-åra.

Også seinare arbeid, t.d. samlinga *Barn i manns minne*, ber preg av sensur med omsyn til tabu- og bannord. Her er forteljarane eldre personar, og dei har gjerne sensurert stoffet sjølve, bevisst eller ubevisst. Barndomen skulle vere uskyldig og rein. Det er forbausande korleis folk i vaksen alder har gløymt eller fortrentg sin eigen barnetradisjon. Det gjeld spesielt den munnlege tradisjonen. Ei viktig årsak kan nettopp vere at innhaldet bryt med det vanleg aksepterte i vaksenverda. Forteljingane kan vere fulle av tabuord, ordspel, ap med vaksne og autoritetar o.l. Reimund Kvidland, professor i folkloristikk, har analysert innhaldet og forteljarkunsta blant barn, og meiner den munnlege tradisjonen er viktig for at barn kan tilegne seg språk, lære reglar og normer, frigjere seg frå autori-

tet og angst, utvikle gruppessolidaritet og lære seg sjølvhevdning. Samstundes har dei eit oppdragande aspekt i seg ved at ungane lærer å omgåast dette stoffet, korleis og når det kan brukast og ikkje.

Innsamling og dokumentering av det rike tradisjonsmaterialet blant barn er av stor verdi for det einskilde lokalsamfunnet og landet som heilskap. Dei særskilde forholda ved barnekulturen set og spesielle krav til innsamlingsmåten, bl.a. ved at arbeidet må gjerast blant ungane sjølve, gjerne under leik og aktivitet. Alle typar leik bør takast med, gjerne også konteksta, når og kvar. Språket må ikkje pyntast på, og både grove og tilsynelatande meiningslause ord og uttrykk skal med. Barna sin eigen kultur er nettopp alt dette, og det er utifrå den synsstaden stoffet bør sikrast. I visse høve kan det vere tilstrekkeleg med lydbandopptak, men vanlegvis er leiken så visuell at han vanskeleg kan dokumenterast utan bilete. Videoopptak kan med fordel nyttast.

Mykje av den strukturerte barneleiken er "sjå-høyre-etterlikne"-tradisjon, og vert sikra best gjennom aktiv bruk. Alt frå dei første barneåra lærer barnet seg aktivitetar ved å etterlikne, ikkje minst gjeld dette å etterlikne større barn, t.d. å hoppe strikk. I den første lerefasen står mindre barn med uvanleg tolsemd og held strikken, time etter time, medan dei større ungane hoppar. Gjennom den passive deltakinga tileigner dei seg først kunnskap ved å sjå og høyre når det vert hoppa rett og feil, deretter er tida moden til å prøve seg og gå inn i leiken som utøvar ved å etterlikne.

Barneleikane vert gjerne spreidde og innlærde gjennom slik demonstrasjon og etteraping, ofte med minimal språkleg forklaring. Men vidareføring av tradisjon er avhengig av større ungar i miljøet som kan syne ferdigheta og formidle henne til dei mindre barna. Også den munnlege tradisjonen spreist tidast gjennom større barn. Barn er så ivrige til å etterlikne større barn at dei byrjar fortelje vitsar før dei forstår innhaldet.

Det ser og ut til at barn har eit grunnleggjande behov for leik i samvær med andre barn for å kunne tilegne seg sosial ferdigheit. I dag er det ei velkjend sak at barn som veks opp utan tilgang til leikekameratar, kan få sosiale problem den dagen dei byrjar på skulen. Noverande familie- og buforhold gjer og at mange ungar manglar leikekameratar i nærmiljøet. Andre stader manglar trygge leikemiljø. Aktivitetstrongen til barna har vorte utnytta kommersielt og er gjort til ein storindustri. Effektfulle me-

todar er tekne i bruk for å skape behov, og reklamen klarar å utnytte det därlege samvitet småbarnsforeldra har over knapp samverstid. Det eine leiketøyet flottare og dyrare enn det andre vert kjøpt i beste meinung for at barnet skal kunne utfalde og utvikle seg. I tillegg til auka omsetnad av leiketøy, er det truleg verknadsfull opplæring til eit framtidig vakse forbrukarliv. Frå tidleg barneår lærer vi å fornye og skifte ut det vi har. Ein slik "bruk-og-kast"-mentalitet sikrar industrien marknad for vareproduksjonen.

Som all kultur, treng barnekulturen armlag og vokstervilkår om han skal kunne utfalde seg og leve vidare. Barnas eigen kultur treng talsrepresentantar når barnepolitikken skal utformast. Det gjeld og ved planlegging av dei fysiske nærmiljøa slik at barnevenlege nærmiljø kjem i fokus. I tillegg til trygge leikemiljø, treng barna stimulerande og varierte miljø som utfordrar kreativitet og mangfald i leiken. Når nye bustadfelt, barnehagar, barneskular o.l. skal utformast, må det takast omsyn til barna og leikebehovet deira. Det er ikkje nok å setje av ei slette til fotballspel og gjerde inn ein leikeplass med ymse klatre- og huskestativ, langt fleire moment må takast med. Erfaringane har synt at miljø med einsarta aldersgruppe fører til därlege leikemiljø, det same skjer om nærmiljøet vert for stort og uoversiktleg. Større barn trengst for å overføre kunnskap og ferdighet til dei mindre, og motsatt trengst små barn for at dei store ungane lærer seg å take omsyn og omgåast andre menneskje.

Nyare undersøkingar har spesielt avdekkat mangelen på attraktive utemiljø for ungar i aldersgruppa 12-15 år. Mange arkitektar og arealplanleggjarar har erfare korleis tilrettelagde område kan verte liggjande unytta, medan ein fjellskrent, bakkeskråning eller parkeringsplass synest meir interessant og formålstenleg. Visesongaren Odd Børretzen, som voks opp i Oslo i mellomkrigsåra, seier at barn leika i dei områda som byplanleggjarane hadde gløymt. Foreldre og utbyggjarar bør sikre område for den frie leiken, og stille krav til utnyttinga av tomteområde og nærmiljø.

Ved utforming av barnehagar og leikemiljø for dei minste kan tre og steinar med fordel takast vare på. Det er ein klar fordel om barnehageområdet kan tilby meir enn det menneskeskapte som huskestativ, klatrestativ, vippefjøl eller kva det måtte vere. Altfor få lokalpolitikarar og planleggjarar evner eller synest å ha fantasi til å finne fram til og å utnytte spanande tomter til barnehagar som gjev variasjon. Det same gjeld å ut-

nytte naturleg lende og vegetasjon som del av leikemiljøet. Barnehagen er vanlegvis eit kjærkome tilbod for både barn og foreldre. Barna får høve til leik og samvær med andre barn, under tilsyn av vaksne. På den andre sida er det leitt korleis mange barnehagar, anten det er i by eller bygd, har vorte reinska for naturleg ulendt terreng og vokster. Førsteamanuensis Ingunn Fjørtoft dokumenterte i doktoravhandlinga si fri leik blant barn i naturlege leikemiljø med tre og steinar, fjellsrentar og ulendt terreng, gjev dei beste vilkåra for fysisk utvikling.

Barnekulturen, som all anna kultur, treng armslag og vokstervilkår om han skal kunne utfalde seg og leve vidare. Ofte er det ikkje pengar, men omtanken og fantasien som skal til for å leggje forholda til rette for gode og stimulerande leikemiljø, miljø som gjev rom for utfordringar i leik og aktivitet. Den frie leiken betyr mykje for psykisk helse og trivsel.

Barna treng sitt eige miljø og sin eigen kultur for å kunne tilpasse seg samfunnet, dvs. vekse inn i det vaksne samfunn. Dersom barna mister moglegheita til å uttrykkje seg gjennom leik, vil barnekulturen verte skadelidande som igjen kan gjeve uheldige fylgjer for sosialiseringssprosessen. Ein kulturforskar med solid forankring i studium av barnekulturen seier at vi har bruk for den frie leiken og det frie samæret ungane har seg i mellom når dei er ute og leikar. Truleg er haldningane til rett og galt, evna til å tilpasse seg, så vel som å hevde seg, nettopp lærde i barnesamfunnet gjennom ulike leikeformer. Såleis gjev leiken og lærdomen frå barndomen ein kulturballast som kanskje får avgjerande betydning for korleis vi klarar oss som vaksne.

## MATTRADISJONAR

I kokeboka si frå slutten av 1800-talet skriv forfattaren Hanna Winsnes at *Man tager, hvad man have*. Hanna Winsnes var nok betre vant enn dei fleste, men elles har det vore det prinsippet nordmenn før oss måtte halde seg til når det gjaldt kosthaldet. I Noreg, som i andre land, har vi utvikla ein mattradisjon ut frå kva råstoff som lokalmiljøet sjølv produserte. I før-industriell tid trekte derfor lokale naturforhold opp rammene for den lokale matkulturen. Av di Noreg strekkjer seg over mange breiddegrader, finst det store klimatiske skilje hjå oss. Likeins er det skilje mellom innland og kystdistrikt, flatlandsbygd og fjell- og dalbygd. Etter kvart som dei moderne byane voks fram, fekk vi endå eit skilje mellom by og landsbygd. Variasjonane i natur- og næringsforhold har gjeve stor

breidde i mattradisjonane i dei ulike landsdelane. I mange tilfelle finst lokale særtrekk frå bygd til bygd



*Tradisjonell fastelavn med bollar, pynta ris og fiolette ljós. Foto Jan A. Holtet 1967.*

Tilgongen på dei grunnleggjande matproduktta; kjøt, fisk, mjølk og korn har vore ulik i dei einskilde landsdelane og bygdelaga, skiljet har og gått mellom ulike sosiale grupper. Desse forholda har vore med og forma det lokale kosthaldet. Men sjølv om naturalhushald og sjølvberging var det dominerande økonomiske systemet til langt ut i førre hundreåret, kom fleire distrikt til å få ei viss spesialisering. Sentrale jordbruksbygder vart storprodusentar av korn, medan mange kystdistrikta hadde fisk som det viktigaste produktet. Ulike former for varebyte har vore vanleg, men kosthaldet kom likevel til å bere sterkt preg av det matproduktet som var mest tilgjengeleg lokalt. Fjell- og dalbygder hadde gjerne ei meir allsidig og samansett næring, og var i større grad sjølvforsynte, sjølv om det også der var behov for varer utanfrå.

Vi må og hugse at i mange tilfelle var den lokale mattradisjonen basert på einsidig næringstilgang. Velkjent er flyttsamane si utnytting av reinen til det meste, både til mat, klede og reiskapar. Langt på veg finn vi tilsvarende forhold i ei rekke fjellbygder. Det kan vere tilstrekkeleg å nemne at for mange familiar var jakt, spesielt reinsdyrkjaka, det som skaffa dagleg føde i fjellbygdene Rauland og Bykle til langt ut på 1900-talet. For

mange kystsamfunn, ikkje minst ytre øysamfunn i Nord-Noreg, kan samtal med eldre folk avdekke eit kosthald der fisk inngjekk i dei fleste av dagens måltider.

### *Forrådshushald*

Noreg ligg langt mot nord, og årstidene er markerte og vinterhalvåret langt Ein sår og haustar ein gong i året, og den eine årsproduksjonen eller sesongutbyttet måtte halde til neste års produkt kunne hentast inn. Åkerbruk, fedrift og fiske fylgjer ein fast årssyklus og har vore sesongbente næringar. Dette betydde at utbyttet måtte vere tilstrekkeleg til minst eit års forbruk, og produkta måtte bearbeidast og konserverast slik at dei heldt seg i denne tida. Med samtidas kjende konserveringsmetodar kravde hushaldningane planlegging på lang sikt. Med nokre unntak, først og fremst kystsamfunn som kunne ha tilgang på bortimot dagleg fersk fisk, har mattradisjonane våre vore prega av dette forrådshushaldet.

Det vart vanlegvis slakta ein gong i året, i oktober/november. *Gormanadr*, som betyr slaktemånen var den gamalnorske nemninga på november månad. Forrådshushaldet innebar at kjøtet måtte konserverast godt for at det skulle halde seg godt heile året. Før hermetiseringsmetoden og djupfrysaren kom, var det i hovudsak tre måtar å konservere kjøt: turking, salting og eventuelt røyking. Fenalåret og spekesinka er delvis ei blanding av desse metodane. Salting og turking av kjøt er ein gammal konserveringsmåte over heile landet. Fenalåret og spekesinka har hatt sin renesanse i nyare tid, og igjen vorte gjestebodskost hjå dei fleste av oss.

Ofte vert det halde fram at norsk mat er lite spanande, og fell därleg ut i samanlikning med andre nasjonar. Eit slikt standpunkt *kan* vere rett, men det kan og vere uttrykk for manglande kjennskap til norsk mat. Norsk mat er mykje meir enn svinesteik, kjøtkaker og lapskaus. På landsbasis er variasjonsrikdomen stor både når det gjeld råvare og tradisjon i tillaging. Store utmarksområde med vilt i tillegg til husdyrhaldet har gjennom generasjonar gjeve oss eit stort utval i kjøt. Den lange kyststripa, elvar og innsjøar har gjort oss til ein fiskenasjon. Trass i avgrensa tilgang på dyrkbar jord, har vi likevel kunne halde oppe eit relativt høgt dyrehald pga. dei store beiteområda utmarka har representert. Mjølk og mjølkeprodukt har derfor utgjort ein vesentleg del av kosthaldet, særleg sommartid. Korn har i hundrevis av år vore viktig del av maten, sjølv om på langt nær alle har vore sjølvforsynte og har importert. Med utgangspunkt i

naturgrunnlaget i det einskilde lokalsamfunnet, har lokale mattradisjonar forma seg. Fylgjeleg har matskikkane innan visse område vorte ulike, i andre har mattradisjonen i hovudsak vorte felles for heile landet. Flatbrødet er eit godt døme på korleis ein mattradisjon har mange positive element i seg og er vel tilpassa sitt miljø.

Flatbrød har spila ein sentral rolle i norsk mattradisjon så langt vi kjenner historia, spesielt etter ar bekkekverna kom og bøndene kunne male store kvantum mjøl. Vi har mange lokale variantar av flatbrødet, både når det gjeld ingrediensane og tillaginga, men i hovudsak er det likt og har vore ein viktig del av kosthaldet i nord og sør, i innland og ute ved kysten. Flatbrødet har mange bruksmåtar, og kan nyttast som hovudrett, men også til og ved sida av varmrettar og anna turmat. Sett i ein historisk samanheng, då folk skulle utrustast til lange opphold utanfor heimen, t.d. Lofotfiske, skogsarbeid, jakt, førsanking i utmarka o.l., var dette veleigna mat. Det er lett å frakte og held lenge god kvalitet. Omnsbrød og anna gjærbakst er derimot lite eigna til oppbevaring.

Flatbrødet fell også godt inn i den totale samanhengen ved eit forrådhushald. Vi haustar korn ein gong i året, og kvaliteten på korn som mjølprodukt held høg kvalitet over lang tid. Er kornet derimot male til mjøl, fell kvaliteten mykje raskare. Kornet vart malt på lokale kverner til langt ut på 1900-talet, drivne av vasskraft. Og med dei klimatiske forholda hjå oss, to årlege nedbørsperiodar, låg forholda godt til rette for maling av kornet to gonger i året, dvs. under haust- og vårlaumen. Dermed kunne ein male halvdelen av kornet om hausten, den andre delen på våren. Nymale mjøl kunne nyttast til flatbrødbaking to gonger i året, og som flatbrød kunne igjen mjølmaten halde seg over lengre tid. Såleis kunne kvaliteten på dette mjølproduktet sikrast god kvalitet året rundt. Ikkje er det å undrast at flatbrødet spila så stor ein rolle i norsk kosthald.

Slik kunne vi gått frå matprodukt til matprodukt og sett korleis tradisjonnell mat var tilpassa sitt miljø. Og det er mykje velsmakande å hente i lokale mattradisjonar. Har du smaka rett tilreidd vestlandsk pinnekjøt eller ribbe med kålstappe, baill med sprøsteikt flesk, kompe frå Sørlandet, vilt tilreidd med ulike urter, erte- og grynsuppe frå ulike delar av landet, ulike fiskerettar som torsketunge, lutefisk eller boknafisk? Dersom vi går over tilmatrettar av mjølk, ville lista mest ikkje take ende med lokale spesialitetar. Langt på veg ville det same gjelde om vi tok for oss lefse og

liknande gjestebodsmat. Likevel har vi ikkje nemnd grauten, eit viktig matslag, sett i norsk mathistorie. Lokale variantar er talrike, og mange stader var graut den typiske kvardagsmatten, gjerne fleire gonger om dagen. Men graut kunne også lagast som gjestebodskost, spørsmålet var kva råvare ein nytta. Rømmegraut saman med spekemat og flatbrod har i generasjonar vore gjestebodskost dei fleste stader i landet.

Vi ville vorte fattigare som kulturnasjonen våre hadde gått tapt. Rett nok er det mange sider ved fortidas kosthald som vi skal vere glad over at høyrrer farne tider til. Dagleg kamp for føda var ein realitet for mange, og for visse sosiale grupper var maten både klein og utilstrekkeleg, til tider for dei fleste. Slik kan vi med fordel nøye oss med å dokumentere som kulturhistoriske opplysningar, men matriktar med høg næringsverdi og bygd på lokalt produsert råvare, og som dessutan er godt tilpassa smaksorgana våre, bør vi take vare på. Lokale mattradisjonar er ikkje noko som gjeld spesielle område, men både by og bygd i heile landet. Såleis hadde medlemsbladet for bustadbyggelaget USBL i Oslo, *USBL-nytt*, ein artikkel om emnet hausten 2002. Her vert også miljøvernoperspektivet fokusert, slik Irene Sundelius m.a. skreiv:

*Moderne matvaner er en stadig større miljobelastning. (...) men Miljøheimevernet anbefaler å gå på jakt etter ja-mat som er bedre for både kropp og klode]. Lokal mat er ja-mat først og fremst fordi lokal mat er kortreist mat. Maten vår transportereres over stadig større avstander både internt i Noreg og i form av internasjonal handel. Denne transporten krever mye drivstoff og produserer store utslipp av CO<sub>2</sub>. I tillegg må mat, som skal transportereres over lange avstander, behandles med store mengder sproytemidler og radioaktiv stråling for å øke holdbarheten. Over 50 % av miljobelastningen som Oslos innbyggere påfører kloden, kommer nettopp fra mat fordi vi i svært liten grad kjøper lokal mat i horudstaden (...) Norske mattradisjonar er ja-mat. Mattradisjonene våre gjenspeiler naturforholdene i vår egen del av verden og tar ofte utgangspunkt i naturens eget spiskammer. Naturen har mye å by på. Det vokser og gror rundt oss overalt. Alle kan høste av bær, sopp, urter, skalldyr, fisk og vilt. Sanking, fangst og fiske er viktige tradisjoner som gir god ressursutnyttelse, sunn mat og utrolige smaksopplevelser.*

Det gjev og ei spesiell oppleveling av kontinuitet og samanheng å vite at det vi et, har vorte nytta i generasjonar og er tilpassa dei stadeigne natur- og kulturforholda. Teodora Fitzgibbon seier i boka *Irish Traditional Food* at sikring av mattradisjonen har vore viktig for henne fordi ho er over-

tydd om at den beste maten for eit land, er den som har vorte kontinuerleg bruka og testa i årtider, og såleis brukar dei beste produkta i landet m.a. gjennom klimatilpassing.

Vi kan og stille spørsmål om kor djupt mattradisjonane går, om det er noko meir enn del av kulturen. Innan naturmedisinien har det vorte hevdat at den menneskelege organismen over generasjonar tilpassar seg den maten. Ein person som har slektsrøtene sine i t.d. i kystmiljø der produkt frå havet har vore ein vesentleg del av kosthaldet i generasjonar, har opparbeidd eit naturleg behov for fisk i større grad enn innlandsmennesket. Noko av den same tanken gav den svenske biologen Linné uttrykk for alt på 1700-talet. Han hevda at det kjøthaldige kosthaldet til samane i Lappland var medverkande faktorar til at dei var små, magre og lette, medan den skånske bonden med all kornmaten hadde vorte stor, sterkt, sein og tung.

Kor sterkt mennesket er knytt til mattradisjonane sine ser vi tydeleg i dag blant innvandrarar frå fjerne himmelstrokk. I dei fleste tilfelle finn dei seg raskt til rette med å skifte kledevanar, likeins å tileigne seg det nye språket. Derimot heng dei gjerne ved matskikkane. Dette fenomenet gjentek seg, uavhengig av kvar i verda ein kjem. Som turist og ved kortvarige opphold i eit anna land med andre matskikk, vil det vere spanande og lærerikt å ete den lokale maten. Det gjev ei spesiell form for kontakt og innsikt i ein framand kultur. Ved lengre opphold har vi derimot ein tendens til å prøve å få tak i mat vi er vane med. Maten og matskikkane er nært knytt til menneska og kulturen deira.

Mattradisjonen omfattar også det sosiale aspektet ved maten, dvs. det å samlast rundt matbordet og ete i fellesskap. Tidspunkta for måltida var nøye fastsette, og var langt meir hyppige enn matvanane i dag. Seks måltider dagleg var hovudnorma. Men då må vi hugse at dagen kunne ta til i 4-5 tida om morgonen og varde til 9 tida om kvelden, og hardt kroppsarbeid anten det var i industrien eller primærnæringane.

Plasseringa rundt matbordet var også regelbunde. Bordenden har vore høgsetet og plassen for hovudpersonen i huset, dvs. mannen, husbonden i bondemiljø, familiefaren i arbeidar- og borgarmiljø. Resten av medlemene hadde og faste plassar, gjerne rangert etter status. Husmora synest å ha hatt sessen sin i bordenden vis a vis høgsetet, noko som truleg had-

de samanheng med at det var plassen nærest åren og dermed kokestaden. I borgarfamiliar førekom et mykje at dei mindre barna måtte stå ved bordet under måltidet. I sametelta veit vi og at kvar hadde sin faste plass, og med lågare status dess nærrare ein kom til topninga. Husmora hadde plassen sin innerst i teltet, ved sida av lagerplassen bak eldstaden. Bl.a. utifrå denne plasseringa har det vorte trekt slutningane om at samekvinna hadde høg status i samfunnet.

Teknologi og kommunikasjon har vore med å endre vilkåra for mattradisjonar. I den industrialiserte verda har matvanane vorte mykje endra. Folks sosiale og geografiske mobilitet har gjort at lokale matskikkjar har vorte spreidde på ein ny måte, men står og i fare for å verte gløynde. Likevel er mattradisjonane så vesentleg ein del av kulturen at det vil vere mykje å finne av lokale matrettar om vi berre undersøkjer.

Matlaging har tradisjonelt hørt til kvinnas arbeidsfelt. Dokumentasjon av mattradisjonane er spesielt viktig for å skaffe kunnskap om kvinnekulturen. I mange lokalsamfunn har også lag eller einskildpersonar, gjerne bondekvinne- eller husmorlag, gjort ein stor verneinnsats ved å samle inn lokale mattradisjonar. Fleire stader i landet har desse innsamlingane vorte gjorde allment tilgjengelege i bokform.

Bruk og vidareføring av mattradisjonane våre er ein viktig del av det funksjonelle kulturvernet. Ulike kurs i flatbrød- eller lefsebaking har og vore medverkande til at mange har teke slike lokale matskikkjar opp att. Skulekjøkken, husmorskular og organisasjonane som driv vaksenopplæring har eit spanande felt her. Så godt som kvart lokalsamfunn har sine spesialitetar. Her har vi mykje å hente til glede for oss sjølv, men også for å kunne tilby reisande bokstavleg tala ein smakebit av kulturen. Erfaringsmessig set turistar stor pris på å få servert lokal mat.

Meisterkokken Arne Brimi i Lom har gjennom skrifter og praktisk bruk synt kva ressursar som ligg i dette. Arbeidet hans for lokale mattradisjonar har og resultert i prosjekt som det er verdt å gjere nærrare greie for, *Matforum Ottadal as.*, skipa i 2003. Utgangspunktet for prosjektet var *Brimiprosjektet*, initiert av Arne Brimi og starta opp hausten 2000, eit samarbeidsprosjekt i Ottadalen med kommunane Lom, Skjåk og Vågå om lokal verdiskaping knytt til kultur, reiseliv og landbruk. Brimiprosjektet var blant dei første som fekk tilskot frå *Verdiskapingsprogrammet for mat*. All

aktivitet baserer seg på matfilosofien til Arne Brimi, og som har fått namnet *Naturens Kjøkken*. Dagleg leiar i Matforum Ottadal, Torunn Kjøk, opplyser at visjonen er at *Ottadalen skal bli for Norge det Toscana er for Italia*. Eit sentralt stikkord i prosjektet har vore *stuttreist mat*. Elles har dei lagt vekt på samarbeid, tenke heilskap og langsiktig så vel som å få folk til å vere stolte av eigen region og eigne produkt. Målet er å få gardbrukarane og andre til å ta tak i eigne ressursar og fordele det lokalt, utvikle mat med sær preg med utgangspunkt i eigne tradisjonar og råvarer, og påverke serveringsstadene til å bruke meir ”stuttreist mat” i matomsetjinga si.

Prosjektet i Ottadalen har sett i gong tiltak for å heve kompetansen i primær- og reiselivsnæringa, bygge nettverk regionalt og nasjonalt, og hjelpe folk med idear og tankar om nye produkt med basis i lokale råvarer. Konkurransefortrinna deira vert påpeikte i forhold til einskildpersonar og kommunane for å bruke dei i produktutvikling, marknadsføring og sal og tenester frå Ottadalen.

I dag finn vi matprosjekt med tilnærma målsetjingar i ulike landsdelar, bl.a. i Lofoten. Ved Høgskolen i Telemark finst det eit eige studium med tradisjonsmat som kjernefag. Mykje har såleis skjedd på området dei siste åra, men hotell og serveringsstader kan truleg gjere endå meir bruk av lokale råvarer og matrettar, til glede og nytte både for forbrukar og produsent, og ikkje minst naturmiljøet. Truleg ville også trivselen blant gamle og sjuke også auke dersom eldre- og sjukeheimsinstitusjonane brukar meir mat som bebuarane er vande med.

## HANDVERKSTRADISJONAR

Vern av handsverkstradisjonar er nært knytt til det materielle kulturvernet (sjå Del II). Vi seier at kunnskapar og ferdighet om bruk av materiale og reiskap kan nemnast for ikkje-materielle kulturminne, medan produktet er materielle kulturminne. Handverksprodukt kan definerast som materiale forma til eit produkt for hand, og underforstått med verkty og maskinar som reiskap.

Vidareføring av handverkstradisjonane er først og fremst funksjonelt vern av ikkje-materiell kulturtradisjon, men indirekte er det også heilt grunnleggjande for funksjonelt og musealt kulturminnevern. Gamle handverksfag trengst om vi skal kunne vedlikehalde, reparere og rehabilitera gjenstandar og bygningar. Den årlege byggeverksemda utgjer berre

1,5 - 2 % av den totale bygningsmassen. Det betyr at ca. 98 % av bygningsmassen finst alt og er mangfaldig i bruk av materiale og konstruksjonar, frå tider som spenner over fleire hundre år. Bygningar det knyter seg antikvarisk, arkitektonisk og kulturell interesse til, må bevarast om vi framleis skal kalle oss ein kulturnasjon.

Bygningane må vedlikehaldast dersom den bygningstekniske standarden skal oppretthaldast, og til det trengst det handverksmessige kunnskap. Industrien kan aldri erstatte handverksfaga i denne samanhengen. Vedlikehald er viktig ut frå ein kulturhistorisk synsstad, men og ut frå eit nasjonaløkonomisk perspektiv. Omtrent halvparten av realverdien i samfunnet er bunde til bygningar. Dette er ein verdi som generasjonen vår har ansvar for at vert førd vidare til framtidige generasjonar utan redusert verdi. Dersom vi ikkje vedlikeheld denne verdien, betyr det at vi forbrukar formuen til etterkomarane våre og såleis frårøvar dei for rettmessig arv.

Vern av handwerkstradisjonane har derfor eit mangesidig føremål: det er ein verdi i seg sjølv å vidareføre handwerkstradisjonane som sentrale delar av kulturarven, og ein føresetnad for å kunne drive musealt og funksjonelt kulturminnevern, men også grunnleggjande for vidareføring og utvikling av nye kulturprodukt.

I det før-industrielle samfunnet med lita yrkesspesialisering, sjølvberging og naturalhushald som det berande økonomiske system, var mange av handverkskunnskapane allemannseige både innan manns- og kvinnearbeid. Likevel var det mange handverk profesjonar, først og fremst byane med handverksmeistarar innan laugsvesenet. Alt frå 1400 og 1500-talet er laugsvesenet kjent hjå oss. Gjennom handverksprivilegia fekk lauga i byane monopol til å drive handverk. Berre dei handverka som var heilt nødvendige og som bøndene ikkje klara sjølve, var tilletne på landsbygda, t.d. smed, hjulmakar, skomakar og nokre fleire. I praksis kom likevel ei rekke handverksfag til å verte utøvde på bygdene. Dei som dreiv handverk på bygdene, hørde gjerne til lågare sosiale lag og dreiv handverket som tilleggsnærings til tradisjonelt jordbruk, fiske, skogbruk, gruve drift o.l.

Vi kallar desse utøvarane for *bygdehandverkarar* i motsetnad til *handverksmeistarane* i byane. Bygdehandverkarane var for det meste sjølvlærde eller hadde kunnskapane frå andre bygdehandverkar. Dei mangla den

lange og solide opplæringa som handverksmeistarane i byane hadde fått i faget innan lauget sitt. Lærlingtid, svennetid og avlagt meisterprøve var inngangsbillett til handverksmeister og lauget heilt fram til opphevinga av handverksprivilegia i 1830- og 60-åra. Avhengig av kva handverk ein gav seg i kast med, var læretida fram til meisterbrev 5-7 år.

I dag har vi også ei ordning med læretid som lærling og svenneprøve før ein kan kalle seg fagutdanna innan mange yrke. Dette skriv seg frå eit lovvedtak i 1890-åra og som skulle sikre kvalitet innan handverka. Det var ein reaksjon på dei därlege handverksprodukta som kom etter at handverksprivilegia og laugsvesenet var oppheva ved midten av 1800-talet.

Industriframveksten på slutten av 1800- og 1900-talet resulterte i at fabrikkane kila seg inn og overtok mykje av marknaden. Handverket har likevel vore i stand til å leve ved sida av, men ofte i konkurranse med masseproduserte varer. Nokre handverksfag har på det nærmeste vorte overflødige og trengde vekk, andre har fått ein ny status i samfunnet og overlevd som husflidsfag. Andre igjen har behalde ein solid plass i samfunnet, men med minska verkefelt. Dette gjeld t.d. bygningsfaget.

I 1950- og 60-åra fekk masseproduksjonen gjennomslag innan bygningsfaget. Med prefabrikkerte bygningsdelar var handverkaren likevel nødvendig, men tendensen har vore ei utvikling på industriens premissar. Bygningshandverkaren fekk reduserte arbeidsoppgåver, og fylgjene er fare for manglende kunnskapar om sider ved bygningsfaget. Med ei vektlegging på nybygg med prefabrikkerte bygningsdelar, mistar vi handverkarar som beherskar vedlikehald og reparasjon av hus med ulikt materiale og konstruksjon. Dette er eit alvorleg trugsmål mot den eksisterande bygningsmassen. Ukyndig reparasjon og feil materialbruk kan vere til større skade enn gagn (sjå Del II).

### *Tiltak for sikring av handverkstradisjonar*

I dag er det allmenn oppfatning at handverkstradisjonane må sikrast parallelt med vern av produkta, dvs. dei materielle kulturminna, som er ein føresetnad for ei trygging av kompetansen for praktisk kulturminnevern. I 1985 sette Kyrkje- og undervisningsdepartementet ned ei arbeidsgruppe som bl.a. skulle *Vurdere behov og muligheter for å bevare og gjenreise gamle håndverksfag*. I utgreiinga, NOU 1986:15 Dokumentasjon, vern, vidarefør-

ing og etterreising av gamle handverk”, vert hovudvekta lagt på det siste aspektet. Arbeidsgruppa påpeika korleis vidareføring og attreising av handverksfaga er ein viktig del av materielt vernearbeid, og at det trengst ei systematisk og målretta opplæring for å sikre rekruttering til handverksfaga

Også frå museumshald kom behovet for handverkskompetansen til uttrykk, formulert slik av Jon Birger Østby: for meg synes det derfor at den eneste metoden som virkelig kan bevare et håndverk med den nødvendige bredde av kunnskap som hører med, er å følge opp med opplæring av en ny generasjon håndverkere, og disse håndverkerne må sikres et forsvarlig inntektsnivå. Utdanningsinstitusjonar på vidaregåande og høgskulenivå har i løpet av dei siste tiåra kome med gode tilbod innan ei rekke handverksfag, og arbeidsmarknaden innan fleire fagområde synest svært god.

Hittil har vi helst tala om handverkskompetanse for vedlikehald. Men også for handverkstradisjonane er det behov for musealt vern i form av dokumentasjon for arkivformål. Her gjer mange av forskingsinstitusjonane, universitet og høgskular, og musea eit verdifullt arbeid gjennom innsamling og dokumentasjon av gjenstandar, reiskap og teknikkar. Spesielt kan tre- fire institusjonar som har arbeidd spesielt med dokumentasjon av handverkstradisjonar nemnast: De Sandvigske Samlinger på Lillehammer, De Heibergske Samlinger i Kaupanger, Norsk Folkemuseum i Oslo og Riksantikvaren.

Dokumentasjon av handverkstradisjonar er eit svært omfattande arbeid. I tillegg til gjenstandsmaterialet som hører med, skal kunnskapane sikrast. Statens Filmsentral har utretta mykje ved å filme ulike handverk. Etter at videoteknikken kom i allment bruk, har mange andre institusjonar gjort verdifulle opptak, også privatpersonar. Venteleg får vi såleis dokumentert og sikra kunnskapane til mange lokale variantar av handverktradisjonane. Innan handverk, som innan all folkekunst, er variasjonsbreidda nettopp eit av kjenneteikna. Vedlikehald av lokale variantar vert viktig ved opplæring og vidareføring av handverksfaga for å unngå uniformering og forflating av tradisjonen. Dette vart aktualisert i det opplæringa i handverksfag gjekk over til å verte ei skule- og kursopplæring i staden for den tidlegare tradisjonsoverføringa innan eit lokalmiljø.

*Håndverksregisteret* ved De Sandvigske Samlinger i Lillehammer har ei spesiell oppgåve i å kartlegge lokale handverk og handverkarar. Eit landsomfattande register er laga over personar som kan ulike handverksfaga. Registeret kjem til stor nytte for institusjonar og privatpersonar som ynskjer kvalifisert arbeidskraft til vøling og rehabilitering av bygningar og gjenstandar. Likeins tener registeret som liste over kvalifiserte lærekrefter til opplæring og vidareføring av faget, samstundes som det er ei oversikt over potensielle informantar ved dokumentasjon av handverkstradisjonar.

## FOLKEMUSIKK OG FOLKEDANS

Omgrepet folkemusikk kom inn i språket vårt under nasjonalromantikken, eigentleg ei nemning nytta av dei som stod utanfor tradisjonen sjølv, dvs. av borgarskapet. Formålet med nemninga var å karakterisere kulturformer blant det breie lag av folket på landsbygda. Folkemusikken omfattar både den vokale og instrumentale musikken. Frå gamalt var dei fleste folkemusikkinstrumenta heimelaga, gjerne av materiale som fanst i miljøet.

På 1800-talet kom det inn nye musikkformer, ikkje minst med at trekkspellet vart introdusert i store delar av landet. Omtent samstundes kom dei nye motedansane, vals, reinlender mfl. Desse vart populære i store område av landet, og heldt på å fortrengje dei gamle bygdedansane, gangar, springar, rull, halling ofl. På slutten av hundreåret, ei tid med generell stor vekst innan friviljuge organisasjonar, fekk vi dei to viktige organisasjonane til vern og vidareføring av musikkformene og danseformene, Noregs Ungdomslag og Landslaget for spelemenn. Desse organisasjonane kom til å arbeide ut frå svært ulike retningsliner, og har til tider stått i eit visst motsetningsforhold.

Noregs Ungdomslag (NU) hadde nær tilknyting til folkehøgskulemiljøet og den frilyndte ungdomskulturen, og folkevisedansen som eit av kjerneområda. Folkevisene var framleis levande tradisjon i delar av landet, og det omfattande innsamlingsarbeidet til Olea Cröger/Landstad, Linde-mann, Sophus Bugge mfl. hadde sikra landet ein rik folkevisetradisjon. Då innsamlingsarbeidet skaut fart, var derimot dans til folkevisene ute av bruk, om han i det heile har funnest her. Mange folkeviser syner derimot til dans, t.d. omkvedet i heilagvisa Olav og Kari: - *Tro meg ikkje for nære!*" og "*På vollen dansar mi jomfru*. Mange tolka dette som prov på ein norsk dansetradisjon tilsvarande det bl.a. Færøyane har. Hulda Garborg og

Klara Semb arbeidde for å finne attende til denne tradisjonen. Med bakgrunn i studiar av færøysk folkevisedansar og opphold på Færøyane, vendte dei tilbake til Noreg og det frilyndte ungdomslagsmiljøet og introduserte folkevisedansar, dvs. færøysk dansetradisjon vart tilpassa det heimleg folkevisestoffet. Den folkevisedansen som Noregs Ungdomslag har praktisert i over hundre år, er såleis ein rekonstruksjon etter færøysk dansetradisjon. Denne opplæringstradisjonen har og prega NUs vidareføring av folkevisedansen.

Landslaget for spelemenn (LfS) har lagt vekt på å vidareføre levande, lokal eldre musikk og dans. Kva som ligg i den formuleringa, har det vore ei usemje om. Ein del av medlemene i laget tolka formålsparagrafen slik at også runddansen og tilhøyrande musikktradisjonar, dvs. gamaldansen og gamaldansmusikken, skulle vere med i LfS sitt arbeidsområde. Andre medlemer ville avgrense LfS sitt arbeidsansvar til bygdedansen og eldre musikkinstrument (fele, hardingfele, munnharpe, fløyte, lur ol.). Etter mykje diskusjon og dels konflikt, vann den første tolkinga fram.

Sjølv om dei fleste vart verande medlemer i LfS, førde denne usemja til at dei som representerte den meir restriktive lina, skipinga av ein tredje organisasjon for folkemusikk og -dans, Norsk Folkemusikkklag for spel og dans. Dette laget som vart skipa i slutten av 1980-åra, har vidareføring av bygdedansen og den eldre lokale folkemusikken, både instrumental og vokal, som arbeidsprogram. Men mange av dei som meldte seg inn i det nye laget, er også medlemer i LfS. . Frå 2004 delar sentraladministrasjonen for dei to laga kontorlokale i Kirkegata i Oslo Formelt og grovt sett kan ein seie at usemja i spelemannsmiljøet medførde ei utviding av arbeidsfeltet til LfS, samstundes som ein ny folkemusikkorganisasjon kom til

Folkemusikk og folkedans er eit klassisk eksempel på ein tradisjon der overføringa/læringa skjer ut frå "høyre-sjå-etterlikne"-metoden. Her vil eleven måtte bruke augo (bogestrok og fingling), øyro (melodien) og prøve (spile). Framleis går opplæringa i slåttespel for ein stor del utan noter, dvs. etter gehør. Det som karakteriserer traderingsprosesen i folkemusikk og - dans er at meisteren syner, eleven ser og hører på, og prøver så sjølv. I all opplæring er det av grunnleggjande å take vare på og vidareføre dei lokale formene i spel og dans.



*Jentespringar* frå Telemark. I dei seinare åra har yngre dansarar teke opp att den gamle tradisjonen med jentegangar og –springar, ikkje berre som oppvisingsdans, men også til konkurranse på lokale og nasjonale kappleikar. Foto Paul Besso 2004.

I dei seinare åra har fleire musikkasar innan jazz og popmusikk gjort bruk av folkemusikk. Dette er uttrykk for ei auka interesse for folkemusikk, og har resultert i nye og interessante musikkproduksjonar. Likevel må det understrekast at dette er bruk av folkemusikkelement i jazz og pop, ikkje nyskaping innan folkemusikk. Her kan suksessen til popgruppa *Gåte* nemnast, og ikkje minst Odd Nordstogas *Grisen står og hyler* frå CD-produksjon *Luring* i 2004.

## Kapittel 4

### SOSIALE INSTITUSJONAR OG FRIVILJUGE ORGANISASJONAR

Med sosiale institusjonar meiner vi uformelle samarbeids- og samversformer som har vorte institusjonaliserte. Institusjonaliserte samarbeids- og samversformene fungerer etter faste former og reglar bygd på sedvane, dvs. utan skrivne lover eller vedtekter, eit vesentleg kjenneteikn ved dei friviljuge organisasjonane. Kor langt attende i tid dei uformelle sosiale institusjonane har eksistert hjå oss, veit vi ikkje, men omgrep i tilknyting til desse, er dokumenterte attende til 1500-talet. Truleg har dei funnest lenge før. Dei har også vore vel tilpassa samfunnsforhold med natrullahald og lita yrkesspesialisering, og i det heile liten tilgong til pengar. Også i tidlegare tider ville ein familie eller eit gardsbruk stå overfor store arbeidsoppgåver som den einskilde familien eller gardssamfunnet ikkje makta å utføre åleine. Den nærmaste krinsen måtte stille opp for å hjelpe. I neste omgang hadde andre trøng om tilsvarande hjelp. For å løyse slike praktiske oppgåver, og likeins ivaretake den sosiale funksjonen, vart det utforma ei rekke institusjonaliserte samarbeids- og samversformer, bygd på det geografiske nærmiljøet.

Frå midten av 1800-talet voks dei friviljuge organisasjonane fram, formaliserte samanslutningar der medlemene har felles interesser som dei arbeider for gjennom organisasjonen. Nemninga "friviljuge" viser til det andre hovudskiljet forhold mellom uformelle sosiale institusjonar og friviljuge organisasjonar. Medan ein automatisk var medlem i ein uformell sosial institusjon berre ved å bu innan gjeldande geografiske området, må ein sjølv aktivt melde seg inn, og vanlegvis betale årleg avgift, for å kome inn som medlem i ein friviljug organisasjon, dvs. medlemsskap er friviljug og ein må sjølv ta initiativ til å melde seg inn, dvs. organisere seg.



*Friviljuge organisasjonar må vere oppfinnsame for å skaffe pengar til drifta.*  
*Teikning Geir Helgen.*

I løpet av dei siste ca.150 åra har dei formelle samanslutningane vokse seg talrike både i tal og medlemsskap. Vi seier at det moderne Noreg er eit utprega ”organisasjonssamfunn”. Dei fleste som bur i Noreg vil i løpet av livet sitt ha hatt medlemsskap i ei rekke organisasjonar, anten det er for å arbeide for eiga interesse og aktivitet, t.d. idrettslag eller songkor. Andre organisasjonar arbeider primært for andre, dvs. ideelle og humanitære organisasjonar som t.d. naturvernforbund eller ATTAC. Dei friviljuge organisasjonane har langt på veg teke over den oppgåva som dei uformelle samarbeids- og samversformene hadde. Samarbeidsformene kom delvis ut av bruk ved overgangen til pengehushald og yrkesspesialisering, og dermed hove til å kjøpe tenester og varer. Men dei gamle institusjonane kom til å leve parallelt med dei nye, delvis i uendra, delvis i endra form. Enno kan vi finne rester av desse, men i mange tilfelle endra både formelt og reelt.



*Skidag for barn i burettslag i Nittedal. Over alt er felles arrangement miljøskapande.*  
Foto Jan A. Holtet 1970.

Dei før-industrielle sosiale institusjonane delar vi inn i to grupper. Båe har i seg element av arbeid og samvær, men vi grupperer dei etter hovudfunksjonen:

Samarbeidsformer

Samversformer

#### INSTITUSJONALISERTE SAMARBEIDSFORMER

Det økonomiske systemet i før-industriell tid medførde liten tilgang på kontantar. Derfor løyste dei problemet ved hjelp av samarbeid når dei trong meir arbeidshjelp. Det var først og fremst grannelaget, dei som budde næraast, som ytte hjelp. Denne hjelpa var ei form for gjensidig sikring, den som trong hjelp, fekk det, men vedkomande var og forplikta til å stille opp når andre trong hjelp. Det kunne medføre store problem om ein ikkje stilte oppfor andre når dei trong hjelp, vedkomande risikerte då å falle utanfor fellesskapet og stå åleine den dagen han sjølv trong hjelp.

I dag kjenner vi godt ei form for samarbeid under nemninga dugnad. Det kan vere alle former for praktisk arbeid som deltakarane sjølve har nytte

av, alt frå bygging eller vedlikehald av leikeplassen i nærmiljøet, klubbhus eller vårarbeid i sameige og burettslag. Tidlegare var dei ulike arbeidsoppgåvene meir mangfaldige og verksemda meir nyansert i nemning og form. Arbeidet kunne vere til nytte for alle, andre gonger berre den eine husstanden. Det var tale om ei gjensidig hjelp, formalisert ut frå kva og korleis gjenyting var forventa: grannehjelp utan tanke på gjenyting og grannehjelp med tanke på gjenyting. Utifra dette kan i dele desse samarbeidsformene inn i fire grupper:

Bytesarbeid  
Grannehjelp  
Fellesarbeid  
Dugnad

#### Bytesarbeid

Ein del arbeidsoppgåver var av ein slik art at ikkje kven som helst kunne utføre det t.d. smidearbeid. Då bytta ein arbeid med den smidekyndige, mot at vedkomande fekk utført eit spesialarbeid den andre kunne eller ei anna form for gjenyting i arbeid. Eit arbeid vart bytta med eit anna. Bytesarbeid var svært vanleg blant kvinnene. I nokre høve var det byte av spesialarbeid, t.d. å sy klede mot å bake flatbrød. Ofte bytte dei og om å gjere arbeidet hjå kvarandre, t.d. ved flatbrødbaking. Bytesarbeidet inneholdt eit sosialt aspekt, og gjorde såleis eit stort og einsformig arbeid lettare. I dag kunne vi truleg med fordel ha gjort oss nytte av det same prinsippet, t.d. i samband med husvask. Fellesskap gjev arbeidsglede.

#### Grannehjelp

